

NORSK FILMINSTITUTT

ÅRSRAPPORT 2011



NORSK FILMINSTITUTT

Norsk filminstitutt (NFI) er staten sitt forvaltningsorgan for filmpolitikk og rådgivar i filmpolitiske spørsmål.

NFI vart etablert 1. april 2008. NFI blir leidd av direktør og eit styre med ti representantar. NFI forvaltar tilskottsordningar regulerte i Forskrift om tilskott til audiovisuelle produksjonar av 7. september 2009. I tillegg forvaltar instituttet tilskott til utvikling og støtte til filmkulturelle tiltak.

Alt talmateriale i denne rapporten som vedkjem kinobesøk eller billettinntekter for 2011, er basert på mellombels oppgåver frå Film & Kino. Endelege tal ligg ikkje føre idet rapporten blir gjort ferdig. Film & Kino melder at dei ventar berre mindre avvik mellom førebels og endelege statistiske oppgåver for 2011.

DEI FILMPOLITISKE MÅLA

Dei neste kapitla vil gjere greie for korleis Norsk filminstitutt står i forhold til dei filmpolitiske målsetjingane i *St.prp. nr. 1 (2010-2011)*, kap. 334, og tildelingsbrevet for 2011.

Hovudmålet er eit mangfald av film- og tv-produksjonar som er baserte på norsk språk, kultur og samfunnsforhold, som er kjende for høg kvalitet, kunstnarisk dristigheit og nyskaping, og som utfordrar og når eit stort publikum i Noreg og internasjonalt.

Hovudmålet skal nåast gjennom desse delmåla: (1) STYRKET PRODUKSJON | (2) SOLID PUBLIKUMSOPPSLUTNING | (3) KVALITET OG MANGFALD | (4) FILMKULTUR FOR ALLE.

Under kvart delmål er resultatmåla merkte i oransje farge og ramme. Under kvart resultatmål vil det følgje ein tekst om status for målsetjingane i blå ramme.

Årsrapport 2011 Norsk filminstitutt

Ansvarleg redaktør: Mette Tharaldsen

Redaksjon, statistikk og analyse: Guro Lindebjerg, Anette Fjellvang, Nils Klevjer Aas

i	Styrets årsmelding 2011	5
ii	Analyse 2011: Filmåret – eit overblikk	8
	DELMÅL 1 STYRKT PRODUKSJON	14
1	Styrkt produksjon: resultatmål 1A	15
1.1	Tiltak for å nå målet om 25 langfilmar	16
1.2	Tilskottsordningar	19
1.2.1	Samandrag søknader og tilskott: tabellar og figurar	20
1.2.2	Tilskott fordelte etter tilskottsordning og type	23
1.2.3	Pakkefinansiering	26
1.2.4	Manuskriptutvikling	27
2	Styrkt produksjon: resultatmål 1B	28
2.1	Tiltak for å nå målet om styrkte produksjonsmiljø og auka talentutvikling	29
2.2	Talentutvikling	30
2.3	MEDIA-programmet: Kurs og kompetansebygging	32
3	Styrkt produksjon: resultatmål 1C	33
3.1	Tiltak for å nå målet om ein økonomisk solid bransje	34
3.2	Eigenkapital	35
	DELMÅL 2 SOLID PUBLIKUMSOPPSLUTNING	36
4	Solid publikumsoppslutning: resultatmål 2A	37
4.1	Tiltak for å nå målet om 3 millionar besøkjande og 25 % marknadsdel på norske filmar ..	38
4.2	Besøktal, marknadsdel og billettinntekt	39
4.3	Kinobesøk og marknadsdel i tal	43
5	Solid publikumsoppslutning: resultatmål 2B	44
5.1	Tiltak for å nå målet om 15 % marknadsdel for norsk dvd og klikkefilm	45
5.2	Norske kinofilmar som klikkefilm	45
5.3	Norske kinofilmar på dvd	46
6	Solid publikumsoppslutning: resultatmål 2C	48
6.1	Tiltak for å nå målet om å auke eksporten av norske audiovisuelle produksjonar	49
6.2	Eksport av norsk film og tv-drama	52
	DELMÅL 3 KVALITET OG MANGFALD	54
7	Kvalitet og mangfald: resultatmål 3A	55
7.1	Tiltak for å nå målet om mangfald i uttrykksform, produksjonskostnad og målgrupper	56
7.2	Sjanger og målgrupper	57
7.3	Produksjonskostnad	58
7.4	Sterke filmmiljø	62
8	Kvalitet og mangfald: resultatmål 3B	65

8.1	Tiltak for å nå målet om 40 % kvinner i nøkkelposisjonar	66
8.2	Kvinnedeltaking i premierefilmur.....	67
8.3	Kvinneprosent i søknader og tilskott.....	68
9	Kvalitet og mangfald: resultatmål 3C.....	70
9.1	Tiltak for å nå målet om at norske produksjonar skal konkurrere om internasjonale prisar.....	71
9.2	Festivaldeltaking og prisar i tal.....	72
9.3	Prioriterte internasjonale festivalar.....	73
	DELMÅL 4 FILMKULTUR FOR ALLE.....	76
10	Filmkultur for alle: resultatmål 4A.....	77
10.1	Tiltak for å nå målet om å sikre og gjere den norske filmarven tilgjengeleg	78
10.2	Utgivingar	79
10.3	Klikkefilm.....	80
11	Filmkultur for alle: resultatmål 4B.....	81
11.1	Tiltak for å nå målet om eit breitt filmtilbod i fjernsyn, bibliotek og digitale kinoar	82
11.2	Filmkulturelle tiltak.....	83
11.3	Cinematoka.....	85
11.4	Det digitale cinemateket.....	88
11.5	Filmuseet og utstillingar	89
11.6	Norske spelefilmur viste på fjernsyn i Noreg.....	90
12	Filmkultur for alle: resultatmål 4C	95
12.1	Tiltak for å nå målet om ein sterk posisjon blant barn og unge.....	96
13	Rekneskap for 2011 med forklaring på avvik.....	98
14	Andre krav til årsrapporten 2011.....	102
14.1	Uinndrivelege fordringar og avskrivning av tap	102
14.2	Etiske retningslinjer og etisk bevisstgjerung.....	103
14.3	Risikoanalyse.....	104
14.4	Integrering/inkludering av personar med innvandrarbakgrunn.....	106
14.5	Inkluderande arbeidsliv.....	106
14.6	Varslingsrutinar	106
14.7	Brukarundersøkingar.....	106
14.8	Miljøarbeid.....	107
14.9	Likestilling.....	108
15	Kjelde.....	109
16	Vedlegg.....	110

i Styrets årsmelding 2011

Året 2011 vart eit rekordår for norsk kinofilm. Det vart selt 2 855 000 billetter til norsk film på norske kinoar, slik at marknadsdelen vart heile 24,5 %. Dette er det høgaste vi nokon gong har registrert. Samtidig opplevde vi også ei svært positiv mottaking i utlandet, både på festivalar og blant publikum.

Styret i NFI ser dette som eit ledd i ei positiv utvikling som har gått over tid, og der bransjen no ligg på eit langt høgare nivå enn for berre ti år sidan. NFI er statens rådgivar på det filmpolitiske området og har ansvaret for å forvalte den statlege filmpolitikken slik at bransjen skal kunne nå dei filmpolitiske måla. Det overordna målet for verksemda i NFI er å bidra til å styrkje den audiovisuelle kulturen i Noreg, både i bransjen og blant publikum.

Dei langsiktige måla på området vart fastsette i Stortingsmelding nr. 22, 2006–2007, filmmeldinga. Dei viktigaste verkemidla er forvaltninga av tilskott til selskap og enkeltpersonar. I 2011 har NFI gjort tildelingar av totalt kr 381 361 000 over fond på post 50, og i tillegg kr 10 000 000 over post 51. Løyvinga på post 78 var på kr 4 250 000, fordelt på stipend og filmkulturelle tiltak.

Det har vore lagt vekt på effektiv drift av verksemda, og kostnadene er innanfor den tildelte budsjettamma. Som varsla i budsjettsøknad og etter andre tertial fekk vi også i år ein svikt i inntekter på totalt kr 1 383 169. Svikten er knytt til reduserte inntekter frå sal av dvd samanlikna med inntektsmålet og speglar ei langsiktig utvikling. For 2011 har vi greidd å kompensere noko av dette gjennom auka utleige av kinosalane. For framtida vil det neppe vere like aktuelt, fordi fleire av leigetakarane no anten har sett opp eige lokale eller funne andre løysingar.

Særlege satsingar i 2011

Styrkt produksjon

I Kulturløftet II er det eit mål at Noreg skal bli leiande i Norden på film, fjernsynsdrama og dokumentar. Det har derfor vore ei målsetjing å få større variasjon i budsjetta til filmane, slik at vi skal kunne realisere enkelte meir påkosta filmar. Det vart gitt tilskott til 15 kinofilmar i 2011, tre etter marknadsvurdering, ein i form av pakkefinansiering og ni fiksjonsfilmar og to dokumentarfilmar etter kunstnarleg vurdering. Tre filmar er særskilt retta inn mot barn og unge, ei målgruppe som har vore prioritert i tilskottsgivinga. Det er eit stort spenn i produksjonsbudsjetta, der marknadsfilmane er blant dei dyraste. Budsjetta varierer frå 8,2 til 39 millionar kroner.

Vi ser at den internasjonale finanskrisa også påverkar norsk filmbransje. Dei dyraste filmane er ofte avhengige av internasjonal finansiering, og dette har blitt vesentleg vanskelegare å få på plass. Enkelte filmar har derfor blitt utsette inntil vidare. Dette er ei vesentleg utfordring for dei aller dyraste filmane og gjer at det kan bli færre av dei ein periode framover.

Det er gledeleg å merke seg at det i 2011 vart gitt fleire tilskott til dokumentarfilm med internasjonalt potensial. Vi vurderer dette som eit resultat av ei langsiktig utvikling der vi har fått fleire stabile produksjonsselskap fordelte på heile landet, og vi ser ein klar profesjonalisering på området.

Det vart også gitt tilskott til sju tv-dramaseriar, tre av dei for barn. Tilskotta frå NFI skal bidra til å heve kvaliteten utover det tv-selskapa sjølve kan finansiere. Kunstnarlege ambisjonar og originalitet har derfor vore viktige kriterium for desse tilskotta.

Solid publikumsoppslutning

Norsk film hadde stor suksess internasjonalt i 2011, også hos publikum. Til dømes har *Hodejegerne* selt over 200 000 billetter berre i Danmark, og *Trolljegeren* opna på toppen av listene for dvd-sal i Storbritannia. Saman med *Sykt lykkelig* vart alle tre selde til over 50 land. Også norsk sjangerfilm har vist seg å selje svært godt i mange land.

Norske filmar var representerte i konkurranse på dei fleste sentrale filmfestivalane. NFI har støtta internasjonal lansering av norsk film og tv-drama med over 4,5 millionar kroner, meir enn nokon gong tidlegare. Dette speglar den aukande interessa ikkje berre frå utlandet for norsk film, men også frå norsk filmmiljø for utlandsmarknaden. For å styrkje norske audiovisuelle produksjonar i utlandet har vi for første gong gitt tilskott til internasjonal lansering av tv-drama, og det er opna for pakkefinansiert tilskott til internasjonal lansering av dokumentarfilm.

Det vart gitt tilskott til samproduksjon av seks filmar. Fire av dei har svensk hovudprodusent, ein har finsk, og ein dokumentarfilm har hovudprodusent frå USA. Vi ser at fleire selskap har utvikla langsiktige samarbeid og derfor gjerne kjem tilbake fleire gonger. Dette er etter vårt syn ein viktig suksessfaktor for at arbeidet skal bli vellukka.

I løpet av 2011 har NFI arbeidd medvite for å styrkje det internasjonale arbeidet innan fleire delar av verksemda og lagt vekt på dette i kurstillbodet retta inn mot den norske bransjen. Det er arbeidd med ein samla internasjonal strategi som vil bli vedteken våren 2012.

Kvalitet og mangfald

NFI har også i 2011 hatt eit godt samarbeid med dei regionale filmtiltaka. Østnorsk, Vestnorsk, Midtnorsk og Filmkraft var alle på eit internt program i regi av NFI. Dette er eit tilbod alle sentra får. Samarbeidet har elles hatt mest vekt på områda rådgiving og barn og unge.

På oppdrag av Kulturdepartementet utarbeidde NFI ein tiltaksplan for auka likestilling i filmbransjen. Det er etter dette sett i verk fleire tiltak for å realisere målsetjinga om 40 % kvinner i nøkkelfunksjonar. Det er oppretta mentorprogram i regi av bransjeforeiningane, med støtte frå NFI. NFI har også kommunisert tydeleg at vi i alle program nyttar moderat kvotering der det er mogleg, og har mål om at alle større stipend skal fordelast likt mellom kjønna så sant det er mogleg.

Det er svært gledeleg å registrere at vi for tilskott etter kunstnarleg vurdering nådde målet om 40 % kvinner i nøkkelfunksjonar. For marknadsfilmen var talet berre 22 %, men talet vart likevel 36 % for tildelingar til spelefilm. Dette er det høgaste vi nokon gong har oppnådd og er gledeleg nær målsetjinga.

For kortfilm og dokumentarfilm har vi sett ein nedgang i talet på kvinnelege søkjarar, som blir spegla i ein svak nedgang også i tildelingar (tildelingar dokumentar 32 %, tildelingar kortfilm 42 %). NFI vil følgje utviklinga tett også på dette området.

Filmkultur for alle

Det er eit mål at film skal ha ein sterk posisjon blant barn og unge, og NFI har særleg ansvar for tiltak som styrkjer eigenaktiviteten.

Da dvoted vart lagt ned, tok NFI initiativ til at teknologien vart gjord tilgjengeleg for vidare bruk. I samarbeid med Mediefabrikken i Akershus vart det utvikla eit nettilbod i regi av regionale filmtiltak, og portalen vart opna i slutten av april. Ved utgangen av året var det berre sju fylke som ikkje er dekte. Tilbodet til unge i desse fylka blir dekt av Amandus og vil truleg komme i regi av Sørnorsk og Viken i løpet av 2012. Totalt har det vore over 37 000 besøk, og det er oppretta nærare 800 profilar på eit halvt år, med ein snittalder på 17 år og ei god geografisk fordeling.

NFI pliktar også å leggje til rette for Filmens Hus som eit senter for film, kunnskap og formidling og utvikle nye og eksisterande tilbod for barn gjennom skole og barnehage. Det har i 2011 vore ein god vekst i aktiviteten retta mot barn og unge på Filmens Hus. Over 4800 besøkte Barnas Cinematek, og

over 2800 var på museumsbesøk eller besøk gjennom den kulturelle skolesekken. Også aktivitetsskolen og barnehagebesøk var populære tilbud, og ca. 800 elevar frå vidaregåande skole har delteke i foredrag og framsyningar.

I samband med opninga av Norsk film 100 år i Filmgalleriet 1. desember kunne NFI for første gong presentere ei utstilling i full digital versjon, og vi har no lagt til rette for at det vil bli den framtidige hovudregelen.

Andre prioriteringar

NFI har utarbeidd framlegg til retningsliner for det nyoppretta Sørfond og ventar no på at det skal bli godkjent av Utanriksdepartementet.

Utsiktene framover

Mange av dei filmpolitiske måla frå Veiviseren vart nådde eller nær nådde i 2011. Sjølv om vi ventar ein nedgang både i premieretal og i besøkstal i 2012, ser vi på det som ein naturleg variasjon, og norsk film er no etablert på eit langt høgare nivå enn tidlegare.

Grunnlaget for dagens mål vart lagt i 2005, og det er derfor naturleg at ein ser på nye målsetjingar for filmpolitikken frametter.

Ved innføringa av etterhandstilskottet var det stilt spørsmål ved kor store delar av dei statlege midlane som skal tildelast utan vurdering. Vi såg eit høgt tal på produksjonar utan førehandstilskott i 2011, men dei fleste av desse produksjonane kvalifiserte likevel ikkje for etterhandstilskott, fordi dei ikkje nådde minimumssalet på 10 000 billetter. Likevel gjekk heile 11,9 % av fondsmidlane til filmar som berre får etterhandstilskott. I tillegg kjem den delen dei hentar ut av lanseringstilskottet.

Det er ikkje eit problem i seg sjølv at det kan lagast film utan offentlege førehandsmidlar, tvert imot må ein sjå dette som eit viktig rom for å sikre dynamikk og nytenking også i den kommersielle delen av filmfeltet. Men ein må heile tida vurdere det automatiske etterhandstilskottet ut frå den langsiktige utviklinga av bransjen. Berre ved å ta omsyn til både publikumstal, kvalitet og profesjonalitet kan ein halde oppe den tilliten som er etablert mellom norsk film og norsk publikum.

NFI må arbeide med strategiar for å etablere også gode kvalitative styringsmål og sjå på korleis ein kan arbeide for å styrkje den kunstnarleg ambisiøse filmen. På same tid som ein held fast ved dei resultatane som er oppnådde, og byggjer vidare på dei, må ein finne rom for å utfordre det etablerte. Programmet "Nye veier til langfilm" er eit steg på denne vegen.

På sikt vil det også bli naudsynt å sjå på dei ulike distribusjonsplattformene og korleis dei i større grad kan bli behandla ut frå same prinsipp. Kinoen vil i overskodesleg framtid vere den viktigaste plattformen for formidling av spelefilm, men ein må vere open for at også andre formidlingsformer kan nå ut til eit stort publikum.

Det er vidare ei målsetjing at det samla audiovisuelle uttrykket speglar det mangfaldet av erfaringar som finst i Noreg, ikkje berre ut frå geografi og kjønn, men også ut frå etnisk, sosial, språkleg eller religiøs bakgrunn. Målet er at publikum skal møte film som er relevant for erfaringane deira der dei sjølve ønskjer å møte han.

Med den styrken og sjølvtiliten norsk filmbransje har med seg, har vi dei beste føresetnader til å ta norsk filmkultur enda eit steg vidare.

ii Analyse 2011: Filmåret – eit overblikk

Norsk kinofilm – ”et av de mest brukte kulturtilbud i Norge”

Opplysningane som NFI har samla til denne årsrapporten, gir solid støtte til den innleiande påstanden i filmmeldinga frå 2007: ”Film er et av vår tids viktigste kulturuttrykk ... Vurdert i forhold til publikumsoppslutningen er film et av de mest brukte kulturtilbud i Norge” (*St.mld. nr. 22 (2006–2007) ”Veiviseren”, s. 7*).

Statistisk sentralbyrås kulturundersøking 2010 viser for eksempel at mens 70 % av befolkninga hadde vore på kino dei siste 12 månadene, var tilsvarande tal for teater, musikal og revy 53 %, idrettsarrangement 56 % og konsertar 62 %.

SSBs statistikk tek ikkje omsyn til nasjonalitet eller geografisk opphav til verka som blir framførte. NFI har i denne rapporten etterspora forbruket av norsk kinofilm spesielt og har dokumentert eller sannsynleggjort at norsk kinofilm vart sett av minst 17 millionar personar i Noreg i 2011. ”Besøket” fordeler seg som vist i tabellen nedanfor.

ii | a Tilskodarar til norske kinofilmar 2011 etter visingsform

”Vindauge”/visingsform	Tal på tilskodarar
Kinoframsyingar	2 854 000
Video/dvd-påsyn*	3 420 000
Klikkefilm	Ikkje tilgjengeleg
Visingar på betal-TV	Ikkje tilgjengeleg
Visingar på fri-TV	10 686 000
Visingar i ”tilknytte tenester”	Ikkje tilgjengeleg
Visingar via ”trådlause tenester”	Ikkje tilgjengeleg
*Berekna	

Inndelinga i visingsformer følgjer bransjestandarden (di Piazza and Olausson 2007:2.0; sjå også *Ekspertundersøkinga 2009*, s. 16). ”Fri-TV” omfattar, grovt sett, allmennkringkastarar (lisens- eller reklamefinansierte ”gratiskanalar”). ”Tilknytte tenester” står for mindre utbreidde visingsformer – på hotell, i militærforlegningar og fengsel, på fly og skip osv. ”Trådlause tenester” siktar til handhalden forbrukarelektronikk som berbare datamaskiner, lesebrett og mobiltelefonar.

Som det går fram av tabellen, finst det ikkje presise og pålitelege oppgåver over forbruket av norsk kinofilm innanfor ei rekkje visingsformer; berre kinoframsyingar og fri-TV-visingar lét seg dokumentere presist. Overslaget på 17 millionar tilskodarar til norske kinofilmar i 2011 må derfor takast som eit konservativt estimat; det er rimeleg å tru at det reelle talet på tilskodarar til / brukarar av norske kinofilmar ligg høgare.

2011 vart nær eit historisk rekordår for norsk film, med 2 853 621 besøk på dei norske kinofilmane. Berre i 1975,¹ det berømmelege ”Flåklypa-året”, og i 1974, det store komedieåret,² var besøket på norske filmar nominelt høgare, høvesvis 3 810 314 og 2 982 347 besøk.


¹ For ordens skyld: Offisiell statistikk over besøket på norske filmar vart først innført i 1967.

² *Den siste Fleksnes, Bør Børson jr., Olsenbanden møter Kongen og Knekten* – og musikkspela *Ungen og Knudsen og Ludvigsen*, forutan ytterlegare seks filmar, eit uvanleg høgt produksjonsvolum på 1970-talet.

Marknadsdelen til norske filmar sette ein reell rekord med 24,5 % i 2011. Aldri sidan slutten av den andre verdskrigen (Film & Kino Årbok 1975:4) har norske filmar teke ein så stor del av den samla kinomarknaden i Noreg. Sjølv i 1975 var den norske marknadsdelen på "berre" 20,7 %, i 1974 17,0 %.³

Også samanlikna med dei nordiske nabolanda våre og med land det er naturleg å samanlikne oss med i Europa, styrkte norsk film stillinga si i heimemarknaden i 2011 (sjå punkt 4.4).

ii | b Besøksutvikling og marknadsdelar, norske filmar 2002-2011



Kjelde: NFI/Film & Kino

2011 markerte også ein ny rekord i talet på nye norske filmar. 33 norske kinofilm hadde premiere. Ein av desse filmene kan NFI likevel, av reint formelle grunnar, ikkje rekne som "norsk kinofilm" etter Forskriftene⁴. I tillegg vart fire filmar med meir regionalt tilsnitt og utan ordinær kinodistribusjon presenterte på kino.

I dei følgjande avsnitta trekkjer NFI fram og drøftar nokre tendensar i filmåret 2011 som ikkje elles er analyserte i rapporten.

"Nobody knows"⁵

Med det sterke fokuset som har vore på kvantitative storleikar - og kanskje særleg på besøkstal - som suksesskriterium for norsk film, kan 2011 også gå inn i historia som eit eksempel på kor villeiande det kan vere å bli ført ut i talfikseringens freistingar. Allereie før påske hadde ei (nesten) samla norsk presse varsla at 2011 ville bli eit katastrofeår for norsk film⁶ - trass i at det samla

³ Årsaka er, naturlegvis, at det samla kinobesøket låg 30-35 prosent høgare midt på 1970-talet (17-18 mill.). I dette perspektivet står det norske besøket i 2011 på snau 2,9 millionar fram som desto meir imponerende.

⁴ Det dreier seg om *Det akutte mennesket*, som opprinneleg fekk tilskott som fjernsynsdokumentar, men som likevel fekk omfattande visning på kino. I det følgjande vil NFI difor rekne 33 kinopremierar på norske filmar i 2011 i statistikktabellar og liknande., men halde *Det akutte mennesket* utanfor analyser og vurderingar av måloppnåing.


⁵ Caves (2000) nyttar det berømte sitatet som samleord for usikkerheitsfaktorane i filmbransjen. Uttrykket stammar frå manusforfattaren Allan Goldman og lyder i sin heilskap: "With all due respect, nobody [in the film business] knows anything." Det står i boka hans "Adventures in the Screen Trade" (1983).

⁶ Tilsvarande profetiar vart sette fram også i 2010, sjå bl.a. http://m.nrk.no/m/artikkel.jsp?art_id=17293210 (publisert 16.9.2010).

besøket på norske filmar i 1. kvartal 2011 faktisk låg 70 000 høgare enn i 2010.⁷ Årsaka til spekulasjonane var truleg at året vart innleidd med ei rekkje svakt besøkte filmar – og av at både presse og bransje speida etter dei første signala på korleis dei nye reglane for filmstøtte ville slå ut.

Overtolkinga av tidlege tendensar kan tene som ei nyttig påminning om at filmbransjen er særdeles syklisk. Sentrale indikatorar som besøk og billettinntekt svingar til dels dramatisk frå år til år. Eit tilbakeblikk på kinobesøket i Noreg dei siste 30 åra illustrerer kor flyktig denne indikatoren er.

ii | c Besøk, norske filmar 1980–2010



Kjelde: Aas 2011:47

Historisk sett utgjør kinobesøket som norske filmar har oppnådd i perioden 2008–2011, eit unntak. Med eit nokså stabilt besøk på rundt 2,6 millionar i åra 2008–2010, og med ei (foreløpig?) toppnotering med nær 2,9 millionar besøk i 2011, skil den relative stabiliteten på eit høgt nivå dei siste fire åra seg markant frå "normalsituasjonen", som var sterkt svingande besøkstal frå år til år dei føregåande 25–30 åra.

⁷ Kompensert for besøksoverhenget frå førre års haust- og julepremierar låg besøket på norske filmar i 1. kvartal 2011 12,6 prosent under besøket på same tid i 2010.

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Besøk, norske filmar	897105	2377747	1778171	1380381	1928263	1778681	2656517	2613502	2564402	2853620
Resultat sml. m. året før	-51,9 %	165,0 %	-25,2 %	-22,4 %	39,7 %	-7,8 %	49,4 %	-1,6 %	-1,9 %	11,3 %
Marknadsdel (besøk)	7,5 %	18,2 %	14,9 %	12,2 %	16,1 %	16,4 %	22,4 %	20,6 %	23,3 %	24,5 %

Kjelde: Film & Kino/NFI

"Volum, volum, volum ..."⁸

Dei nye forskriftene for tilskott til audiovisuelle produksjonar, som tok til å gjelde 1. januar 2010, var venta å føre til ein auke i talet på nye kinofilm. Årsaka var først og fremst etterhandsstøtta, som avløyste ordninga med billetstøtte som hadde eksistert sidan 1955. Etterhandsstøtta er basert på at staten matchar produsentens inntekter frå ein kinofilm, krone for krone, frå alle "utnyttingsvindauge" gjennom tre år etter premieren.⁹

Det kan neppe herske tvil om at den venta effekten av omlegginga av tilskottsordninga kom. Ei rekkje norske filmprodusentar valde i 2010–2011 å setje i gang prosjekt som i hovudsak var baserte på å skulle dekkje kostnadene gjennom etterhandstilskott. Ein endeleg analyse av kor vellukka denne strategien har vore, ligg ikkje føre, og det vil vere prematurt å prøve å gjere ein slik analyse før endelege inntektsresultat for dei tre åra etter premieren ligg føre.

Trekrafta til lokomotiva

Biletet av norsk filmsuksess i 2011 må likevel nyanserast noko. Best besøkt av dei norske filmene i 2011 var *Hodejegerne*, med 557 086 tilskodarar. *Hodejegerne* åleine stod dermed for 19,5 % av det samla besøket på norske filmar i fjor. Filmen markerte seg dermed som eit "lokomotiv", ein film som åleine trekkjer kinobesøket merkbar oppover. Samtidig skreiv den seg inn på "norsk films adelskalender" over filmar med besøk på over 500 000.¹⁰

Sju filmar hadde meir enn 100 000 besøk i 2011 – *Hodejegerne*, *Knerten i knipe* (313 359), *Blåfjell 2 – Jakten på det magiske horn* (272 719), *Jørgen + Anne = sant* (170 994), *Kong Curling* (169 526), *Få meg på, for faen!* (113 240) og *Varg Veum – I mørket er alle ulver grå* (100 240). Desse sju filmene stod for 59,5 % av besøket på norske filmar.

Tabellen nedanfor viser likevel at lokomotivfilmene betydde vesentleg meir for det samla besøket på norske filmar gjennom alle dei tre føregåande åra. I desse åra nærma ein seg ei 80/20-spreiing (paretofordeling¹¹). Når filmar med eit besøk på over 100 000 står for ein mindre prosentdel av det samla besøket i 2011, må det bety at dei andre filmene (besøk under 100 000) har kompensert for lokomotiveffekten.

⁸ NFIs styreleiar Kristenn Einarsson på innspelkonferansen under Tromsø Internasjonale Filmfestival 17.1.2012 om strategien i "Filmreform 2001" for å auke besøket på norske filmar.

⁹ Med visse krav og avgrensingar, bl.a. krav om minimum 10 000 besøk og ei maksimumsgrense på 7 millionar kroner i samla etterhandstilskott, jf. forskrifta § 2-5, 2-6 og 2-7, og 2-8. Etterhandstilskott for barnefilm har høgare tilskottsprosent og maksimaltak.

¹⁰ Berre tre andre filmar frå 2000-talet har plassert seg på lista – *Max Manus* (2008 – 1 162 820 besøk), *Elling* (2001 – 776 360 besøk) og *Heftig og begeistret* (2001 – 556 810 besøk).

¹¹ Paretofordeling er rekna som et symptom på det uvisse og uføreseielege i filmbransjen (sjå bl.a. Caves 2000:167, Finney 2010:15 og Vogel 2011:144 ff).

ii | e Besøksdel av totalen, filmar med over 100 000 besøk, 2007-2011

	2007	2008	2009	2010	2011	Samla
Besøk 100-200 000	3	7	3	6	4	3 157 662
Besøk 200-300 000	2	2	0	3	1	2 148 339
Besøk 300-400 000	0	1	3	0	1	1 359 303
Besøk 400-500 000*	0	1	0	1	0	807 234
Besøk >500 000*	0	0	1	0	1	1 316 349
Samla besøk filmar >100 000	911 509	2 291 767	1 866 486	2 021 846	1 697 279	8 788 887
Samla besøk norske filmar	1 778 681	2 656 517	2 613 502	2 564 403	2 853 621	12 466 724
Prosentdel 100 000+-filmar	51,2	86,3	71,4	78,8	59,5	70,5

* Inkluderer besøk *Max Manus* med 403 557 i 2008 og 759 263 i 2009

Men som tabell ii | f viser, ligg snittbesøket på norske fiksjonsfilmar i 2011 betydeleg lågare enn nokon av dei føregåande seks åra – faktisk 33,7 % lågare enn året med høgast snittbesøk (2008) og 24,1 % under snittet for dei føregåande åra. NFI har tidlegare (Årsrapport 2009) påvist at eit snittbesøk på 120 000 er nødvendig for å oppnå dei filmpolitiske måla, gitt det produksjonsvolumet som er føreset.

ii | f Besøk, norske fiksjonsfilmar 2005-2011

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Besøk norske fiksjonsfilmar*	1 157 483	2 051 411	1 596 605	2 571 982	2 522 540	2 421 272	2 511 368
Talet på fiksjonsfilmar	12	17	14	19	19	22	28
Snittbesøk, fiksjon pr. år	96 457	120 671	114 043	135 367	132 765	110 058	89 692

* Besøk *Max Manus* fordelt med 403 577 i 2008 og 759 263 i 2009



Når besøket på norske filmar i 2011 likevel tangerer det filmpolitiske målet om 3 millionar besøk, må dette sjåast som ein indikasjon på at produksjonsvolumet kompenserer for ei lågare publikumsoppslutning om enkeltfilm.

I motsetning til dei to føregåande åra er bidraget frå barnefilmene til å trekkje opp besøket på norske filmar mindre markant i 2011. Heller ikkje på ti-på-topp-lista over besøket på alle filmar i 2011 figurerer barnefilmene like høgt som tidlegare: *Knerten i knipe* (313 359 besøk) plasserte seg på 5. plass, mens *Blåfjell 2 - Jakten på det mystiske hornet* (272 719 besøk) enda på 8. plass.

Sesongvariasjonar

Dei tidlege dommedagsprofetiane i pressa om det norske kinobesøket, både i 2009 og 2010, kan lesast ut av figuren nedanfor til høgre. Begge år har besøkstala på norske kinofilmfalle jamt og trutt gjennom vinter- og vårmånadene,¹² inntil dei har nådd nær nullnivå på sommaren. Det blir i bransjedebatten gjerne hevda at årsaka ligg i motviljen hos norske filmprodusentar og filmdistributørar mot å lansere filmar mellom påske og slutten av fellesferien – fordi det norske kinopublikummet sviktar i den perioden.

¹² I begge åra har mykje av besøket i dei første 6-8 vekene av det nye året vore borte oppe av sterke "julefilm", som har halde seg i distribusjon over årsskiftet.



Kjelde: Film & Kino

Denne årsaksforklaringa møter motstand i talas tale, noko grafikken for besøket dei siste to åra illustrerer. Som det går fram av figuren til venstre, har totalbesøket vore stabilt eller auka frå april til mai, falle noko av på forsommaren, for så å stige – til dels betydeleg – gjennom juni, juli og august.

Heller ikkje kan lanseringsvolumet ha noko å bety for det svakare besøket i første halvår. I 2010 hadde 10 av 23 kinofilmar premiere i første halvår. I 2011 hadde faktisk hovudtyngda, 18 av 33 kinofilmar, premiere før 1. juli. I tillegg kjem altså effekten av "overhenget" av besøk på dei seine premierane i fjor.

Det er derfor rimeleg å tru at det er mangelen på eigna norskprodusert film – den dominerande amerikansk "sommarfilmen" er av det lettare underhaldningsslaget – heller enn publikumspreferansane som styrer besøksutviklinga. Dette blir styrkt av at det i 2010 ikkje var nokon premierar på nye kinofilmar frå slutten av mars til midten av august. I 2011 var dette biletet noko endra, idet to forsøk på å utnytte den "stille perioden" må noterast: *Hjelp, vi er russ!* (lansert 15. april, 30 310 besøk) og *Hjelp, vi er i filmbransjen!* (lansert 22. juli, 41 437 besøk). Men også i 2011 var det ein vedvarande sommarpause og tre månader utan nokon ny norsk film, frå slutten av april til slutten av juli.

Norsk film reddar kinobesøket

Etter oppgåver frå Film & Kino gjekk det samla besøket på norske kinoar opp med 5,7 % frå 2010 til 2011. Men veksten i besøket på norske filmar frå 2010 til 2011 låg på 11,7 % og var dermed over dobbelt så sterk som veksten i kinomarknaden totalt.

Trekkjer vi besøket på norske filmar ut av totalbesøket på 11,7 millionar, ville det samla norske kinobesøket falle til 8,8 millionar i 2011, langt under den magiske 10-millionargrensa. Denne grensa har vore kryssa berre éin gong, i 1992, og den gongen var besøket på norske filmar 815 000 (av totalt 9,6 millionar). Dette talet er interessant, sidan det viser at besøket på utanlandske filmar i 2011 faktisk var nær identisk med besøket for to tiår sidan. Sett litt på spissen kan ein derfor hevde at heile framgangen i kinobesøket sidan den gongen kan tilskrivast suksessen til norske filmar på norske kinoar, overfor eit norsk publikum.

Men framgangen for norske filmar i heimemarknaden har sin parallell i mange andre land i Europa: Endringane i den europeiske kinomarknaden er først og fremst karakterisert av at nasjonale filmar "trekkjer lokalt publikum på ein måte ein berre kunne drøyme om på 1990-talet" (Finney 2010:19).

DELMÅL 1
STYRKT PRODUKSJON

1 Styrkt produksjon: resultatmål 1A

Gjennomsnittleg minst 25 langfilmer i året, av dette fem dokumentarar og fem barne- og ungdomsfilmer.

Målet er ikkje nådd for talet på kinodokumentarar (4), men overopnådd for barne- og ungdomsfilmer (8) og samla produksjon av kinofilm (33) i 2011.

Det høge talet på kinofilmar i 2011 må sjåast på bakgrunn av at nær halvparten av filmene er produserte utan førehandstilskott. Av dei resterande er hovuddelen (13 filmer) produserte etter konsulentvurdering og berre fire etter marknadsvurdering.

NFI ventar at talet på kinofilmar frametter ikkje vil halde seg på det same høge nivået som i 2011.

1.1 Tiltak for å nå målet om 25 langfilmer


I 2011 har det vore premieresett 33 kinofilmar. Av desse filmene er 16 produserte utan førehandstilskott, 4 er produserte med førehandstilskott etter marknadsvurdering, mens 13 filmar er produserte med førehandstilskott etter kunstnarleg vurdering. Fire av filmene er dokumentarfilm. Fem filmar er retta inn mot barn, og tre filmar er retta inn mot ungdom (eigna for ungdom under 15 år). Av dei totalt åtte filmene retta inn mot barn- og ungdom er fire produserte utan førehandstilskott, to er produserte med tilskott etter marknadsvurdering, og to er produserte med tilskott etter kunstnarleg vurdering.

I 2011 er det gitt førehandstilskott til produksjon av totalt 15 kinofilmar. Av dei er tre tildelte tilskott etter marknadsvurdering, ni etter konsulentvurdering, éin film gjennom pakkefinansiert produksjon, og dessutan kjem to kinodokumentarar. Fem filmar, av dei ein kinodokumentar, er retta inn mot barn og ungdom. NFI er i tillegg gjort kjent med 14 lange fiksjonsfilmar som er produserte utan førehandstilskott i 2011. Ikkje alle filmene som har fått produksjonstilskott i 2011, vil bli premieresette i 2012. Det kjem av lang produksjonstid (animasjonar), utsett oppstart og problem med finansiering for enkelte av prosjekta. Talet på premierar i 2012 er stipulert til 25 filmar, inkludert dokumentarar.

NFI har i 2011 gitt produksjonstilskott til tre filmar etter marknadsvurdering. Dette kan vere litt lågt med tanke på å skape grunnlag for ein høg marknadsdel i dei kommande åra. Det er først og fremst to årsaker til dette: I 2011 var det budsjettert med ca. 14 millionar kroner mindre i førehandstilskott til marknadsvurderte filmar enn i 2010. Midlane var i staden prioriterte til etterhandstilskott. I tillegg hadde produksjonane som søkte (og fekk) førehandstilskott etter marknadsvurdering, relativt høge budsjett, og det vart tildelt eit høgt nominelt tilskott per prosjekt.

I prioriteringa av filmar som søker om tilskott etter marknadsvurdering, blir det først og fremst lagt vekt på publikumspotensialet. NFI ser at det ofte er ein samanheng mellom det estimerte publikumspotensialet og budsjetttramma for filmen. Filmar med høgt potensial har ofte eit høgt budsjett for å kunne tilfredsstille kravet frå eit breitt publikum om kvalitet og oppleving.

Tre av premierefilmene retta inn mot barn har fått tilskott etter kunstnarleg vurdering, mens to av filmene har fått tilskott etter marknadsvurdering. Filmene som fekk tilskott etter marknadsvurdering, må reknast som litt breiare familiefilmar. Når det gjeld filmar for den aller yngste målgruppa (5 til 8 år), er tendensen at målgruppa ikkje er stor nok til at filmene er blitt prioriterte etter marknadsvurdering. Det var derfor behov for å prioritere filmar for denne målgruppa særskilt i konsulentordninga 2011. To barnefilmar fekk tilskott etter kunstnarleg vurdering. Begge filmene hadde ein høg prosentdel privat investering, og dei søkte midlane utgjorde ca. 28 % av budsjettet. Dette er lågare enn normalt. Film retta inn mot barn har gunstigare vilkår for etterhandstilskott enn annan film, men det er likevel få produsentar som utarbeider nye prosjekt for denne målgruppa.



Filmar som får tilskott etter kunstnarleg vurdering, skal – etter konsulentens vurdering – ha potensial til å nå ein særleg kvalitet, utvikle eit kunstnarleg talent og/eller blir anerkjende for kunstnarleg dristigheit og originalitet.

I 2011 vart det gitt tilskott til fem prosjekt med ei budsjett på over 28 millionar kroner. Dette er filmar som har finansieringsplanar med ein høg prosentdel internasjonale midlar, både gjennom samproduksjon, førehandssal og internasjonale fond. Slik finansiering tek tid, og den økonomiske krisa i Europa har gjort finansieringa vanskelegare. NFI har derfor gitt prioriterte prosjekt ei tidleg melding om tilskottsintensjonar, inntil ni månader før eit formelt vedtak. Eit prosjekt med høgt budsjett fekk i 2011 annullert vedtak fordi den internasjonale finansieringa ikkje kom på plass som planlagt.

Det er generelt ein tendens at prosjekta kjem tidlegare og tidlegare inn til NFI i forhold til produksjonsstart, og at dei har behov for lang tid frå vår avgjerd til produksjonsstart.

Publikumspotensialet skal ikkje vere avgjerande ved kunstnarleg vurdering. Det betyr ikkje at forholdet til publikum er likegyldig, eller at det er forventa at konsulentvurderte filmar har lågt besøk. NFI krev at produsentane har eit klart bilete av målgruppa for den enkelte filmen og gjennomfører lansering, distribusjon og sal i samsvar med det.

Pakkefinansiert produksjon av kinofilm blir rekna innanfor konsulentordninga, ettersom ordninga blant anna baserer prioriteringane sine på ein kunstnarleg vurdering og ikkje ei marknadsvurdering. Også i desse prosjekta er tendensen høge budsjett, internasjonal finansiering og høgt kunstnarleg ambisjonsnivå med langt forarbeid.

Pakkefinansiert produksjon legg beslag på ca. 30 % av midlane til prosjekt etter kunstnarleg vurdering. Dette svarer til midlane til éin konsulent. Det vil innanfor konsulentordninga vere igjen midlar til 6-7 normalt budsjetterte kinofilmar. I 2011 har NFI hatt to langfilmkonsulentar. Dette er like mange som i Sverige og Finland og éin mindre enn i Danmark.

Føresetnaden om at det skal vere fleire dører inn til filmproduksjon, er like fullt godt teken vare på. I tillegg til at eit prosjekt blir vurdert av to konsulentar, kan det vurderast av både eit panel for pakkefinansiert produksjon og eit panel for marknadsvurdert produksjon, i tillegg til at det er mogleg å få etterhandstilskott.

To konsulentar og ordninga med pakkefinansiert produksjon sikrar til saman at dei midlane som er til rådvelde for kinofilm etter kunstnarleg vurdering, blir brukte på ein måte som bidrar til filmar som blir anerkjende for høg kvalitet, kunstnarleg dristigheit og nyskaping.

I marknadsordninga får NFI søknader om tilskott til prosjekt som har store marknadsmessige ambisjonar på eit nasjonalt nivå. I og med at vurdering og prioritering hovudsakleg blir gjort på bakgrunn av publikumspotensialet, ligg ambisjonen som regel over 200 000-250 000 besøk. Filmane har vel gjennomarbeidde marknadsstrategiar og står fram som "eventfilmar" av høg standard. Produksjons- og marknadsbudsjettet er som regel høgt. Finansieringa er primært nasjonalt fundert og må vere stadfesta på søknadstidspunktet. Prosjekta er anten breitt opplagde familiefilmar eller tydeleg definerte sjangerfilmar. Produsentar som kan underbygge publikumsestimatet sitt med tidlegare resultat for ein liknande film ("romartalsfilmar"), har ofte ein fordel i marknadsordninga.

I 2011 er det gitt tilskott til tre filmar etter marknadsvurdering. Prosjekta er vurderte i to søknadsrundar av eit panel der lanseringsdirektør frå NFI og to eksterne medlemmer med stor erfaring frå marknadsorienterte filmar er med.

I 2011 har vi auka både den nominelle og den prosentuelle delen tilskott til dokumentarfilmprosjekt, med ei målsetjing om å styrkje kvaliteten og ikkje minst få styrkt føresetnadene til produksjonsselskapa for eit høgt ambisjonsnivå. NFI meiner det innanfor dagens ordning bør stimulerast til å gjennomføre ambisiøse enkeltstående dokumentarfilmproduksjonar med eit høgt budsjett – utan at prosjektet må definierast som dokumentarfilm på kino. Publikumspotensialet skal

ikkje vere avgjerande ved vurderinga, men NFI har likevel kravd at marknadsstrategien til produsentane viser eit klart bilete av målgruppe, lansering og distribusjon for prosjektet, og at sal blir gjennomført i samsvar med det.

Utviklinga viser at det er tildelt meir midlar til fleire prosjekt, mens terskelen for produksjonstilskott er høgna. Sjølv om midlane til dokumentarfilm auka med rundt 5 millionar frå 2010 til 2011, har NFI ikkje auka talet på tilskott til produksjon.

Prosjekt med internasjonale ambisjonar har blitt oppfordra til å søkje MEDIA-tilskott for å vise eit internasjonalt potensial. Det har ført til ein stor auke i norske dokumentarfilmar med tilskott frå MEDIA.

NFI opplever ein generell tendens til at internasjonale festivalar viser ei auka interesse for å ta inn norske produksjonar i viktige finansieringsforum.

Det er gjennom fjernsynsdrama at norsk dramatikk møter sitt største publikum. Med sjåartal opp mot ein million er det også tydeleg at det norske publikummet ønskjer norsk fjernsynsdrama. Både NRK og dei private tv-kanalane har meldt at dei vil halde oppe satsinga på norsk fjernsynsdrama.

Fleire produksjonsselskap gjer no satsingar mot både film og tv, og det er blitt naturleg for både regissørar og manusforfattarar å bevege seg mellom dei to formata. Tv-kanalar, institutt og faglege organisasjonar har eit godt og konstruktivt samarbeid om felles utvikling av den norske dramaproduksjonen. Det bidrar til eit sterkare audiovisuelt miljø som er viktig både for kinofilmen og for fjernsynsdramaet.

NFIs tilskott til eksternt produserte seriar er eit supplement til den eigne satsinga i norske tv-kanalar. Målsetjinga er å stimulere til at det blir produsert fjernsynsdrama av ein kunstnarleg og produksjonsmessig kvalitet utover det tv-kanalane sjølve kan forventast å finansiere. Men NFIs tilskott er også svært viktig for å styrkje posisjonen til den uavhengige produsenten ved forhandlingar om rettar og fordeling av inntekter.

NFI har i tilskottsordninga for fjernsynsdrama prioritert dramaseriar som – ut frå det normale programtilbodet til tv-kanalane og vurderinga til konsulenten – er tydelege satsingar på kunstnarleg og produksjonsmessig kvalitet. Det er vidare prioritert prosjekt som har stor grad av originalitet, og der den kunstnarlege risikoen i prosjektet er høgare enn det tv-kanalane normalt vågar å gå inn på. Ved vurderinga om tilskott til produksjon er det også lagt vekt på intensjonane tv-selskapet har med prosjektet. Sju seriar har fått produksjonstilskott, tre av dei er retta inn mot barn.

1.2 Tilskottsordningar

I det følgjande kapittelet presenterer vi talet på søknader NFI har behandla i 2011. Talet på tilskott blir presentert etter format, type og tilskottsordning. NFI opererer med formata kinofilm, kortfilm, dokumentarfilm (ikkje for kino), fjernsynsseriar fiksjon og interaktive produksjonar. Vidare gir NFI følgjande typar tilskott: utvikling, produksjon, lansering utland, lansering Noreg og etterhandstilskott.

NFIs tilskottsordningar er knytte til dei ulike formata og typane tilskott. I 2011 tildelte NFI tilskott gjennom følgjande tilskottsordningar:

Tilskottsordningar utvikling, produksjon og etterhandstilskott	Utvikling	Produksjon
Tilskott etter kunstnarleg vurdering	Ja	Ja
Tilskott etter marknadsvurdering	Nei	Ja
Etterhandstilskott til kinofilm som har fått førehandstilskott	Nei	Nei
Etterhandstilskott til kinofilm som ikkje har fått førehandstilskott	Nei	Nei
Tilskott til pakkefinansiert utvikling av kinofilm	Ja	Nei
Tilskott til pakkefinansiert produksjon av kinofilm	Nei	Ja
Tilskott til samproduksjon (norsk minoritet)	Nei	Ja
Tilskott til kortfilm	Ja	Ja
Nye vegar til korte filmar	Ja	Ja
Tilskott til dokumentarfilm som ikkje er kinofilm	Ja	Ja
Nye vegar til dokumentarfilm	Ja	Ja
Tilskott til pakkefinansiert utvikling av dokumentarfilm	Ja	Nei
Tilskott til dokumentar fjernsynsserie	Ja	Ja
Tilskott til fjernsynsserie (fiksjon)	Ja	Ja
Tilskott til utvikling av interaktive produksjonar	Ja	Nei

Tilskottsordningar lansering

Tilskott til lansering av kinofilm i Noreg

Tilskott til lansering av audiovisuelle produksjonar i utlandet

Tilskott til lansering av interaktive produksjonar i Noreg

Tilskott til lansering av kinofilm med utanlandsk hovudprodusent

Andre tilskottsordningar og stipendordningar

Manuskriptutvikling

VIP-stipend

Stipend til utlandet

Filmrekrutteringsstipend

Filmkulturelle tiltak

For meir informasjon om NFIs tilskottsordningar sjå www.nfi.no.

1.2.1 Samandrag søknader og tilskott: tabellar og figurar

Totalt har NFI tildelt 395 tilskott på til saman kr 407 434 841 i 2011. Sjå følgjande tabellar og figurar med oversikt over søknader og tilskott fordelte etter format, tilskottsordning og type.


1.2.1 | a Søknader: fordelte etter format

	2009		2010		2011	
	Søknader	Tilskott	Søknader	Tilskott	Søknader	Tilskott
Kinofilm	251	153	250	162	268	187
Kortfilm	114	46	110	55	125	49
Dokumentarfilm (ikkje for kino)	330	77	246	92	267	104
Fjernsynsseriar fiksjon	42	33	28	18	41	31
Interaktive produksjonar	75	18	69	22	71	24
<i>Totalt</i>	<i>812</i>	<i>327</i>	<i>703</i>	<i>349</i>	<i>772</i>	<i>395</i>


1.2.1 | b Tilskott: fordelte etter format

	2009		2010		2011	
	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott
Kinofilm	157	289 257 091	162	293 091 261	187	307 461 611
Kortfilm	46	22 662 305	55	21 737 670	49	19 773 835
Dokumentarfilm (ikkje for kino)	83	24 401 524	92	25 505 757	104	38 712 614
Fjernsynsseriar fiksjon	33	16 436 135	18	16 953 151	31	29 341 781
Interaktive produksjonar	18	10 600 000	22	12 830 000	24	12 145 000
<i>Totalt</i>	<i>337</i>	<i>363 357 055</i>	<i>349</i>	<i>370 117 839</i>	<i>395</i>	<i>407 434 841</i>

TILSKOTT ETTER FORMAT



TAL PÅ SØKNADER OM TILSKOTT



1.2.1 | c Tilskott: fordelte etter tilskottsordning (inkluderer alle typer tilskott)

Tilskottsordning	Tilskott	Tal	Gjennomsnitt
Kinofilm konsulentvurdert	141 034 548	103	1 369 267
Kinofilm marknadsvurdert	84 967 442	23	3 694 236
Kinofilm utan førehandstilskott	46 835 074	16	2 927 192
Kinofilm dokumentar	7 376 389	21	351 256
Kinofilm samproduksjon	11 073 590	10	1 107 359
Kinofilm pakkefinansiering utvikling	1 674 568	11	152 233
Kinofilm pakkefinansiering produksjon	14 500 000	3	4 833 333
Kortfilm	10 523 835	38	276 943
Nye vegar til korte filmar	9 250 000	11	840 909
Dokumentarfilm enkeltstående	24 544 614	65	377 609
Dokumentarfilm seriar	4 565 000	6	760 833
Nye vegar til dokumentarfilm	4 938 000	9	548 666
Dokumentarfilm pakkefinans. utvikling	3 665 000	20	183 250
Dokumentarfilm pakkefinans. lansering	1 000 000	4	250 000
Fjernsynsseriar fiksjon	29 341 781	31	946 509
Interaktive produksjonar	12 145 000	24	506 041
<i>Totalt</i>	<i>407 434 841</i>	<i>395</i>	<i>1 031 480</i>


1.2.1 | d Andre tilskott

Tilskottsordning	Tilskott	Tal	Gjennomsnitt
Manuskriptutvikling	6 530 000	101	64 653
VIP-stipend	1 400 000	7	200 000
Kunstnarleg fordjuping	750 000	1	750 000
Stipend til utlandet	993 926	135	7 362
Filmrekrutteringsstipend	200 000	4	50 000
Filmkulturelle tiltak	2 680 000	27	99 259
Totalt	12 553 926	275	45 650

1.2.1 | e Tilskott: fordelte etter type

Type	Tilskott	Tal	Gjennomsnitt
Utvikling	38 114 288	176	216 558
Produksjon	205 094 323	81	2 532 028
Etterhandstilskott	118 552 408	46	2 577 226
Lansering Noreg	40 929 796	38	1 077 099
Lansering utland	4 744 026	54	87 852
Totalt	407 434 841	395	1 031 480

TILSKOTT ETTER TYPE



1.2.2 Tilskott fordelte etter tilskottsordning og type

Følgjande tabellar presenterer ei detaljert oversikt over tilskott etter tilskottsordning og type.

1.2.2 | a Kinofilm konsulentvurdert (kunstnarleg vurdert)

	Utvikling		Produksjon		Lansering Noreg		Lansering utland	
	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal
Totalt 2011	7 370 500	41	70 163 000	9	22 500 000	19	2 092 080	17

1.2.2 | b Kinofilm marknadsvurdert

	Produksjon		Lansering Noreg		Lansering utland	
	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal
Totalt 2011	39 558 323	3	6 000 000	3	643 636	4

1.2.2 | c Kinofilm pakkefinansiert produksjon (sjå og eiga kapittel 1.2.3)

	Produksjon	
	Tilskott	Tal
Totalt 2011	14 500 000	2

1.2.2 | d Kinofilmar utan førehandstilskott

	Lansering Noreg		Lansering utland	
	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal
Totalt 2011	7 720 000	7	0	0

1.2.2 | e Kinodokumentar

	Utvikling		Produksjon		Lansering Noreg		Lansering utland	
	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal
Totalt 2011	2 645 000	9	2 100 000	2	1 944 796	3	57 300	3


1.2.2 | f Kinofilm samproduksjon (norsk minoritet)

	Produksjon		Lansering Noreg		Lansering utland	
	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal
Totalt 2011	9 340 000	6	600 000	1	0	0


1.2.2 | g Etterhandstilskott til kinofilm

	Konsulent	Marknad	Dokumentar	Samprod.	Filmar utan førehandstilskott
Totalt 2011	38 908 968	38 765 483	629 293	1 133 590	39 115 074

KINOFILM PRODUKSJONSTILSKOTT



KINOFILM ETTERHANDSTILSKOTT



1.2.2 | h Kortfilm og Nye vegar til korte filmar

	Utvikling		Produksjon		Lansering Noreg		Lansering utland	
	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal
Kortfilm	715 000	10	9 445 000	16	20 000	1	343 835	11
Nye vegar til korte filmar	630 000	6	8 620 000	5	0	0	0	0
<i>Kortfilm totalt 2011</i>	<i>1 345 000</i>	<i>16</i>	<i>18 065 000</i>	<i>21</i>	<i>20 000</i>	<i>1</i>	<i>345 835</i>	<i>11</i>

1.2.2 | i Dokumentarfilm enkeltstående, dokumentarseiar og Nye vegar til dokumentarfilm

	Utvikling		Produksjon		Lansering Noreg		Lansering utland	
	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal
Dokumentarfilm enkeltstående	6 872 000	34	17 215 000	20	0	0	457 614	11
Dokumentarseiar	150 000	1	4 415 000	5	0	0	0	0
Nye vegar til dokumentarfilm	500 000	3	4 438 000	6	0	0	0	0
<i>Dokumentarfilm totalt 2011</i>	<i>7 522 000</i>	<i>38</i>	<i>26 068 000</i>	<i>31</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>457 614</i>	<i>11</i>

1.2.2 | j Fjernsynsserie fiksjon

	Utvikling		Produksjon		Lansering Noreg		Lansering utland	
	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal
Totalt 2011	3 392 220	20	25 800 000	7	0	0	149 561	4

1.2.2 | k Interaktive produksjonar

	Utvikling		Lansering Noreg	
	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal
Totalt 2011	10 000 000	20	2 145 000	4

1.2.3 Pakkefinansiering

Produsentstøtteordninga som har vore aktiv frå 2002, vart 1. januar 2010 erstatta av pakkefinansiering. I pakkefinansieringsordninga blir tilskottet tildelt produksjonsselskapet gjennom ein rammekontrakt. Rammekontrakten er ikkje bunden til eit spesielt prosjekt, men er ein totalsum som kan fordelast mellom ulike prosjekt. Når rammekontrakten er innvilga, kan produksjonsselskapet søkje om å utløyse tilskott til eitt eller fleire ulike prosjekt. Sjå tabellane nedanfor for ei oversikt over dei ulike typane pakkefinansiering, pakkefinansieringskontraktar innvilga i 2011 og tilskott utløyste i 2011. Tilskottet må ikkje utløysast same år som kontrakten blir inngått.

1.2.3 | a Tilskottsordningar for pakkefinansiering

Namn / type kontrakt	Sjanger/format	Type
Pakkefinansiert utvikling kinofilm	Kinofilm fiksjon	Utvikling
Pakkefinansiert produksjon kinofilm	Kinofilm fiksjon	Utvikling og produksjon
Pakkefinansiert utvikling dokumentarfilm	Dokumentarfilm (ikkje for kino)	Utvikling
Pakkefinansiert lansering utland dokumentarfilm	Dokumentarfilm (ikkje for kino)	Lansering utland

1.2.3 | b Pakkefinansieringskontraktar inngåtte i 2011

Namn / type kontrakt	Produksjonsselskap	Kontrakt/ramme
Pakkefinansiert utvikling kinofilm	Friland produksjon	500 000
Pakkefinansiert utvikling kinofilm	Filmbin	500 000
Pakkefinansiert produksjon kinofilm	Motlys (regi: Joachim Trier)	2 kinofilmar
Pakkefinansiert utvikling dokumentarfilm	Sant&Usant og Mediamente	750 000
Pakkefinansiert utvikling dokumentarfilm	Medieoperatørene	750 000
Pakkefinansiert utvikling dokumentarfilm	Piraya	750 000
Pakkefinansiert utvikling dokumentarfilm	Fenris film	750 000
Pakkefinansiert utvikling dokumentarfilm	Flimmer film	750 000
Pakkefinansiert lansering utland dokumentarfilm	Fenris film	250 000
Pakkefinansiert lansering utland dokumentarfilm	Medieoperatørene	250 000
Pakkefinansiert lansering utland dokumentarfilm	Piraya film	250 000
Pakkefinansiert lansering utland dokumentarfilm	Skofteland film	250 000

1.2.3 | c Utløyst tilskott per tilskottsordning for pakkefinansiering

Namn / type kontrakt	Utløyst totalt 2011	
	Tilskott	Tal
Pakkefinansiert utvikling kinofilm	1 674 568	11
Pakkefinansiert produksjon kinofilm	14 500 000	2
Pakkefinansiert utvikling dokumentarfilm	3 665 000	20
Pakkefinansiert lansering utland dokumentarfilm	1 000 000	4

1.2.4 Manuskriptutvikling

Formålet med manuskriptutviklingsordninga er å stimulere til utvikling av manuskript av høg kunstnarleg og profesjonell kvalitet. Ordninga skal bidra til kontinuitet og produktivitet i manuskriptarbeidet og sikre eit breitt og mangfaldig repertoargrunnlag for alle målgrupper. Manuskriptutviklingsordninga kan gi tilskott til utvikling av alle typar langfilmmanus, både fiksjon og dokumentar, tv-drama og interaktive produksjonar. Ordninga rettar seg inn mot forfattarar som ikkje har inngått forpliktande samarbeid med ein produsent. Det kan bli gitt tilskott gjennom heile utviklingsprosessen fram mot revidert førsteutkast av manuskript. Tilskotta blir gitt i ratar, og søknader blir behandla løpande.

Eitt prosjekt får gjerne fleire tildelingar, derfor blir talet på prosjekt lågare enn talet på tildelingar.

1.2.4 | a Manuskriptutvikling

	Tilskott	Tal på tildelingar	Tal på prosjekt
Totalt 2011	6 530 000	101	71

2 Styrkt produksjon: resultatmål 1B

Eit sterkt produksjonsmiljø, med auka talentutvikling, profesjonalitet og kontinuitet i produksjonen.

NFI observerer at det har utkrystallisert seg ei gruppe selskap som er i stand til å utvikle solide filmprosjekt og å halde kontinuitet i filmproduksjon over tid. Selskapa har knytt til seg fleire produsentar, ofte "i spann med" erfarne regissørar. Også pakkefinansiert produksjon understøttar denne utviklinga, som gjeld for både dokumentarfilm og fiksjonsfilm.

Samtidig inneber utviklinga at nålauget for debutantar er blitt trongare.

2.1 Tiltak for å nå målet om styrkte produksjonsmiljø og auka talentutvikling

Det har vore mange debutantar dei siste åra. I åra 2002 til 2009 har 100 filmregissørar produsert éin film. Ei av målsetjingane for NFI og bransjen har vore å bidra til ein større kontinuitet hos produksjonsselskap og filmskaparar.

Ei aukande mengd velutvikla prosjekt i konsulentordninga, større krav til besøkstal i marknadsordninga og fleire erfarne regissørar som ønskjer å produsere meir film, gjer no at det blir eit trongare nålauge for debutantar. I 2011 debuterte tre regissørar med kinofilm i dei 13 fiksjonsfilmproduksjonane som fekk tilskott etter kunstnarleg eller marknadsmessig vurdering.

NFI ser også at produksjonane no er samla rundt nokre selskap, og at desse selskapa har knytt til seg fleire produsentar. Det tyder på at produksjonsmiljøa er blitt tydelegare og sterkare. Dei 13 fiksjonsfilmene som vart tildelte førehandstilskott i 2011, er produserte av åtte selskap. Tre av selskapa produserer to eller fleire filmar. Det var ingen debuterande produsentar som fekk førehandstilskott i 2011.

I 2011 vart det gjennomført ein filmproduksjon innanfor ramma av pakkefinansiert produksjon, 4 ½ med regissør Sara Johnsen. I tillegg vart det gjort vedtak om ytterlegare ein pakke til Motlys med regissør Joachim Trier. Formålet med ordninga er å styrkje evna i produksjonsføretaka til langsiktig kunstnarleg satsing på utvikling og produksjon av filmprosjekt. Vidare er formålet å bidra til langsiktig samarbeid mellom produksjonsføretak og filmskaparar. I tillegg til tilskotta gjennom pakkefinansiert produksjon vart det tildelt to tilskott til pakkefinansiert utvikling.

NFI meiner at det også innan dokumentarfilm er i ferd med å utvikle seg nokre tydelege og sterke selskap som kan produsere fleire prosjekt parallelt. Av 20 produksjonstilskott til enkeltstående dokumentarfilm er det berre to selskap som har fått tilskott for første gong. To selskap er tildelte tilskott til to filmar. I tillegg fekk fem selskap tilskott til pakkefinansiert utvikling av dokumentarfilm.

Det er i 2011 tildelt utviklingstilskott til 18¹³ interaktive produksjonar. To selskap har fått tilskott til meir enn eitt prosjekt. Det er ein tendens til at fleire av utviklingsprosjekta blir ferdigstilte enn tidlegare. Det tyder på at bransjen er blitt meir profesjonell både i val av prosjekt og i gjennomføringsevne.

Kurs- og utviklingsdelen i NFI vart i 2011 relansert under namnet NFI:LAB. Det vart fokusert på fire område: 1. Tiltak (kurs/seminar/konvent) som utviklar og styrkjer det profesjonelle nettverket i bransjen. 2. Tiltak som bidrar til å styrkje føresetnader for betra kjønnsbalanse i produksjonen. 3. Tiltak som styrkjer kompetanse og forståing for moglegheiter og utfordringar i samband med "den digitale revolusjonen". 4. Tiltak som styrkjer kompetansen og ambisjonen til å utvikle og produsere nye fjernsynsdrama.

Det er i 2011 gitt forfattartilskott til utvikling av 71 manuskript. Det representerer ca. 20 % av søkjarmassen. Ei overvekt av tilskottsmottakarane er kvinner. Det er i tillegg tildelt sju Vekst i prosjekt-stipend (VIP-stipend) til regissørar. Sjå punkt 1.2.3 for meir informasjon.

¹³ Tabell 1.2.2 | j viser 20 tilskott til interaktive produksjonar. Differansen kjem av at to av dei 18 prosjekta har fått to tilskott.

2.2 Talentutvikling

Hausten 2011 fekk kurseininga ved NFI nytt namn, NFI:LAB. Saman med namneendringa låg eit ønske om å utvide verksemda frå å jobbe med kurs, kompetanse og nettverk til også å bidra til auka inspirasjon, utfordring og utforsking. Eit laboratorium er ein stad der det både blir utvikla og utveksla kunnskap på høgt nivå, og det er nettopp det NFI:LAB skal bidra til.

Gjennom kurs, meisterklassar, seminar og stipend skal NFI:LAB bidra til å skape eit sterkt produksjonsmiljø med auka talentutvikling, profesjonalitet og kontinuitet i alle delar av produksjonen.

2.2 | a VIP-stipend

Mottakar	Tilskott
Anne Sewitsky	200 000
Arild Frølich	200 000
Eva Sørhaug	200 000
Ole Giæver	200 000
Jannicke Systad Jacobsen	200 000
Gunnar Vikene	200 000
Jens Lien	200 000

2.2 | b Andre stipend

Namn / type stipend	Stipend tildelt 2011	
	Tilskott	Tal
Stipend til kurs i utlandet	993 926	135
Filmrekrutteringsstipend	200 000	4
Kunstnarleg fordjuping (avvikla i 2011)	750 000	1
<i>Andre stipend totalt</i>	<i>1 943 926</i>	<i>140</i>

2.2 | c Tal på kurs, seminar og meisterklassar, berre NFI

	Tal på kurs, seminar og meisterklassar	Tal på deltakarar
Totalt 2011	27	1431

2.2 | d Tal på kurs, seminar og meisterklassar, NFI og samarbeid med andre

	Tal på kurs, seminar og meisterklassar							
	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Totalt 2011	21	29	40	41	30	37	45	27

2.2 | e Namn på arrangerte kurs, seminar og meisterklassar

Kurs, seminar og meisterklassar 2011	Deltakarar
Etter Trolljegeren	153
Spelseminar under by:Larm 2011	50
Heildagsseminar om digital distribusjon med Thomas Mai	17
Bransjedagen DOK under EURODOK	190
Til Forum Del 1	14
Nye vegar til dokumentar-samling	20
Digital storytelling	195
Digital storytelling workshop	12
Beyond Structure - ein verkstad med David S. Freeman	12
Imago	138
Til Forum Del II	14
Randy Thom - Lyd som forteljing	60
Masterclass - Randy Thom	17
Nye forteljeformer - nye forteljarstrategiar. Ein meisterklasse med Frans Baunsgaard	11
Nye vegar til korte filmar - samling	18
Piloten og Plakaten - korleis nå fram til publikum, seminar med Jesper Osmund og Thomas Robsahm	11
Treff ditt publikum dag 1, 2 og 3 - seminar som filmlansering	147
TV-seriens dramaturgi del 1	8
Transmedial Storytelling - ein verkstad, regissør Hanna Sköld og speldesigar Karin Ryding	5
Transmedia som ein sinnstilstand - meisterklasse med Michel Reilhac	16
VOD-underlege nye verd - Korleis tene pengar på streaming?	120
Lansering utland - seminar om utlansering	40
TV-seriens dramaturgi - del 2	4
Ein verkstadserie i tre delar med Frans Baunsgaard	
Mildred Pierce - (re)making a classic	44
Seminar med Todd Haynes og Christine Vachon	
Meisterklasse med Todd Haynes	15
Digital Production Challenge	55
Nye Vegar Kort + Dok (samling)	45
<i>Totalt</i>	<i>1 431</i>

2.3 MEDIA-programmet: Kurs og kompetansebygging

Hovudformålet i MEDIA-programmet er å bidra til auka kvalitet, høgare kompetanse og styrkt samarbeid blant profesjonelle i den europeiske audiovisuelle bransjen, og til auka kvalitet, betre finansiering og breiare distribusjon av europeiske verk i og utanfor Europa. For den norske bransjen fungerer MEDIA-programmet som ein viktig internasjonaliseringsfaktor.

MEDIA tilbyr eit mangfald innan kurs/workshop og marknader/co-finansieringsfora som spelar ei vesentleg rolle for internasjonalisering og nettverksbygging for den norske film-, fjernsyns- og spelbransjen. MEDIA sentralt utgav i 2011 to katalogar: Training & Networks 2011 og Markets & Networks 2011 - begge marknadsførte gjennom MEDIA Desk Norges nettside www.mediadesk.no.

I 2011 deltok norske produsentar og manusforfattarar på følgjande MEDIA-workshops: European Crossover Labs 2011, Mega Plus Master, DocXchange, Save our Scripts, Cartoon Master Finance, Sources 2, Documentary Campus Masterschool, Production Value, Rights Clearance og Digital Production Challenge.

I 2011 deltok norske produsentar, regissørar og manusforfattarar på følgjande marknader/co-finansieringsfora delfinansierte av MEDIA: New Nordic Films (Haugesund), Cartoon Movie, Docs in Thessaloniki, Marknaden i Annecy, Marknaden i Berlin, Marknaden i Cannes, Meet Market, Sheffield Docs, Nordisk Forum, Malmö, MediMed, Stiges og IDFA Forum (Amsterdam).

Den norske film- og kinobransjen fekk 20 millionar kroner frå MEDIA-programmet i 2011: 20 norske film- og fjernsynsprosjekt fekk utviklingstilskott, tv broadcasting og/eller i2i, fire norske filmar fekk tilskott til kinolansering i 10-14 europeiske land, seks norske kinodistributørar fekk tilskott til lansering av 16 europeiske filmar på norske kinoar, fire norske kinoar med europeisk programprofil fekk tilskott gjennom Europa Cinemas, og eitt norsk prosjekt - New Nordic Films - fekk tilskott frå MEDIA Promotion.

3 Styrkt produksjon: resultatmål 1C

Ein økonomisk solid bransje gjennom effektive og målretta tilskottsordningar, auka private investeringar og marknadsinntekter.

Det er ikkje etablert nokon systematisk metodikk for å berekne eller evaluere soliditeten i norsk filmbransje. Ei undersøking som vart gjennomført i 2011, vil truleg kunne gi nokre indikasjonar om soliditet blant norske dokumentarfilmprodusentar.

Førehandstilskott til konsulentvurderte filmar har gått noko ned sidan 2010 (til 45 %), mens tilskotta til marknadsvurderte filmar har auka (til 45 %). Private investeringar heldt fram med å auke i forhold til totalalkylane og nådde 58,4 % i 2011.

Når heile 16 av årets kinofilmar er produserte utan førehandstilskott, styrkjer det målet om auka private investeringar. Men dei svake besøks- og billettinntektsresultata for mange av desse filmane gjer det vanskelegare å nå måla om ein økonomisk solid bransje, auka marknadsinntekter og eit sterkt produksjonsmiljø.

3.1 Tiltak for å nå målet om ein økonomisk solid bransje

Det vart i 2011 tildelt ca. 133 millionar kroner i førehandstilskott til kinofilm. Totalt budsjett for desse filmane er 298,6 millionar. Snittbudsjettet for alle filmane er 22,2 millionar kroner. NFIs del av budsjettet som førehandstilskott var 45 % (10 millionar kroner). Dette er lågare enn i 2010 (56 %).

Tala frå 2010 indikerer at det gjennomsnittlege etterhandstilskottet er ca. 5 millionar kroner. Samanstilt med tala frå 2011 utgjør NFIs del av budsjettet dermed ca. 15 millionar kroner, eller ca.68 %.

Det har vore eit mål å auke NFIs prosentuelle førehandstilskottsdel av budsjettet innanfor konsulentordninga. Innanfor konsulentvurderte filmar varierte førehandstilskottet mellom 28 % og 67 % av budsjettet. Filmane med lågast del er barnefilm. Desse filmane har eit godt kommersielt potensial, og ordninga med auka etterhandstilskott for barnefilm gjer det mindre risikofyllt med ein høg prosentdel privat kapital. Filmar med eit lågt estimert publikumspotensial har ein høg prosentdel førehandstilskott frå NFI. Den nominelle delen varierer mellom 4 og 15,3 millionar kroner, med eit gjennomsnitt på 9 millionar. Gjennomsnittsbudsjettet er 20 millionar kroner. Dette er omtrent på same nivå som i 2010.

Gjennomsnittsbudsjettet for filmar med tilskott etter marknadsvurdering held fram med å auke. I 2009 var det ca. 18,6 millionar kroner, i 2010 23,3 millionar (eksklusive *Kon-Tiki*), mens det i 2011 er 29,6 millionar kroner. NFIs del av budsjettet var 45 %, noko som er ein auke frå 2010 (39 %). Den nominelle delen var i snitt 13,1 millionar kroner, noko som også er ein auke frå 2010 (10,9 millionar kroner).

Det er estimert at det totale etterhandstilskottet for filmar i 2011 til slutt vil bli på rundt 150 millionar kroner. Fordi etterhandstilskottet er kopla til produsentens inntekter, inneber dette at dei 33 premieresette filmane i 2011 vil gi brutto inntekter for produsentane på minst 150 millionar kroner.

Vi har i 2011 starta arbeidet med ei undersøking av dokumentarfilmproduksjon i Noreg, med utgangspunkt i dokumentarfilm produsert i 2009. Arbeidet vil leggjast fram i ein eigen rapport i løpet av 2012.

Gjennomsnittleg tilskott til produksjonstilskott for dokumentarfilm er auka frå ca. 0,6 millionar kroner i 2010 til ca. 1,08 millionar i 2011. NFIs del av budsjettet er i 2011 over 50 % på ein enkeltstående dokumentar.

3.2 Eigenkapital¹⁴

Privatkapitalen som blir investert i norsk filmproduksjon, utgjør eit mål på risikoviljen i bransjen og på trua investorane har på økonomisk avkastning frå filmproduksjon. Eit uttrykt mål for norsk filmpolitikk er å styrkje "private investeringar ... [og] markedsinntekter" i norsk filmproduksjon. Ein målestokk for dette er graden av private investeringar i produksjonane. Tabellen nedanfor viser private investeringar i prosent av budsjettet for norske filmproduksjonar i perioden 2006–2011.

3.2 | a Private investeringar i norske kinofilmar 2006–2011, i % av samla produksjonsbudsjett

	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Private investeringar	48,1 %	51,6 %	50,2 %	46,6 %	53,4 %	58,4 %

Tidlegare kartleggingar¹⁵ og tabellen ovanfor viser at innsatsen av privat kapital i norsk filmproduksjon har stige frå ein tredel av samla budsjett i 2002 til godt over halvparten av budsjetta dei seinare åra.

Svingingar i prosentsatsen frå det eine året til det andre er å vente, bl.a. som følgje av talet på filmar med særleg høgt budsjett. I slike filmar vil innslaget av privatinvestering vanlegvis vere høgare enn gjennomsnittet. Som det går fram av tabell 7.3 | b (sjå kapittel 7), hadde fire av kinofilmane frå 2011 eit budsjett på over 30 millionar kroner. I 2010 var det åtte filmar med budsjett over denne grensa. Når privat investering i norske kinofilmar likevel har stige med 5 prosentpoeng frå 2010 til 2011, tyder det på at den private investeringsdelen er skyvd i vêret av det betydelege talet på filmar produserte utan førehandstilskott.

Utviklinga i omfanget av private investeringar tyder på at den private kapitalinnsatsen har etablert seg på eit nivå i overkant av 50 %. Dette nivået må seiast å vere tilfredsstillande, bl.a. sett i forhold til dei europeiske konkurransereglane på feltet,¹⁶ som fastset eit generelt maksimumsnivå for statsstøtte til filmproduksjon på 50 %. Det er ikkje gjennomført nokon analyse av samansetjinga av dei private investeringane. Men mykje tyder på at størsteparten kjem frå kjelder i bransjen, bl.a. i form av minimumsgarantiar frå distributør og stabs- og leverandørkredittar, og dessutan frå forsal av visingsrettar og produsentens eigen kapitalinnsats.

3.3 Auka marknadsinntekter

Det er ikkje etablert analyseparametrar for å måle utviklinga av marknadsinntekter. NFI arbeider no med å utvikle dette og vil truleg rapportere på dette punktet i årsrapporten for 2012.

¹⁴ Omgrepet "eigenkapital" har historisk vore knytt til investeringane til produsenten, ev. kombinert med andre bransjeaktørar, i filmproduksjon. Omgrepet har dessutan vore nært knytt til billettstøtta. Etter som finansiering av norsk filmproduksjon har utvikla seg gjennom dei siste 15–20 åra til også å omfatte fleire og større investeringar frå aktørar utanfor bransjen, og etter at billettstøtta vart erstatta av etterhandsstøtta f.o.m. 2010, er det meir presist og korrekt å snakke om "private investeringar". Denne rapporten nyttar derfor heretter omgrepet "private investeringar", ev. "privat investeringskapital", i tydinga kapitaltilførsel til filmproduksjon som ikkje kjem frå offentlege (eller overnasjonale) kjelder.

¹⁵ Ei oversikt over "eigenfinansiering" for perioden 2002–2006 finst i tabell 3.13., s. 36, i *Veiviseren*.

¹⁶ Com (2001) 534 final, <http://eur-lex.europa.eu/LexUriServ/LexUriServ.do?uri=CELEX:52001DC0534:EIN:NOT>. Men EFTAs overvåkingsorgan ESA har fastsett 75 prosent statsstøtte som maksimumssats for norske filmar, fordi norske filmar er rekna å ha lågt marknadspotensial og å møte språkbarrierar.

DELMÅL 2
SOLID PUBLIKUMSOPPSLUTNING

4 Solid publikumsoppslutning: resultatmål 2A

Minst 3 millionar besøkande på norske filmar, tilsvarande 25 prosent av kinomarknaden.

Med 2,9 millionar besøk på norske kinofilmar og ein marknadsdel på 24,5 % er målet (nesten) nådd.

Begge resultat representerer rekordnoteringar på 35-årsbasis. NFI ventar at besøk og marknadsdel kan komme til å fluktuere i kommande år. Samtidig peikar NFI på at frå og med 2008 har besøket på norske kinofilmar stabilt lege over 2,6 millionar og marknadsdelen over 20 %.

I nordisk samanheng er dei norske resultatata på høgd med Danmark og Sverige. Resultata i Noreg ligg vesentleg høgare enn i andre samanliknbare land i Europa.

4.1 Tiltak for å nå målet om 3 millionar besøkjande og 25 % marknadsdel på norske filmar

NFI tek i bruk to tiltak for å stimulere kinobesøket på norske filmar: lanseringstilskott, arrangement for presse og eigne visingsfora.

I 2011 tildelte NFI lanseringstilskott til 32 norske kinofilmar i Noreg, av dei tre kinodokumentarar og ein minoritetssamproduksjon. I tillegg har ein kortfilm som vart vist på kino, fått lanseringstilskott i 2011. Til saman er det blitt tildelt 38 millionar kroner i lanseringstilskott til norske kinofilmar. Tilskotta har variert frå 20 000 til 2 000 000 kroner. NFI har i 2011 innført ei separat og skjønsmessig vurdering av tilskottsnivået for kvart enkelt prosjekt ut frå søknaden om lanseringstilskott. Formålet er at lanseringskampanjane i større grad skal tilpassast marknadspotensialet til den enkelte filmen. Tiltaket skal i tillegg sikre ei meir effektiv utnytting av tilskottsmidlane.

I 2011 starta arbeidet med ei målretta evaluering av alle lanseringstilskott. Funna skal systematiserast og delast med bransjen med ei målsetjing om å auke lanseringskompetansen hos norske produsentar. Tiltaka skal koordinerast av ein lanseringskonsulent.

Kvart år arrangerer NFI Filmhausten og Filmvåren, der sesongens kinofilmar blir presenterte for presse og bransje. Dette er eit tiltak for å styrkje merkevara norsk film, og dessutan å auke merksemda rundt norske kinofilmar.

NFI har vidareført Blått Lerret på Parkteateret i Oslo med sju arrangement i 2011. Her har NFI presentert eit utval av dei norske kinofilmene for publikum, bransje og presse, i tillegg til norske kort- og dokumentarfilmar og tv-seriar. Arrangementa er blitt filma og publiserte på www.nfi.no og www.blaattlerret.no.

Som eit ledd i å auke merksemda rundt norske kinofilmar har NFI delteke i arbeidet med den nasjonale norske filmkåringa Amanda, Noregs nominasjon til Oscar og Nordisk råds filmpris.

NFI har også halde fram med å utvikle visingskonseptet Råfilm. Råfilm starta opp hausten 2010 og er Cinematekets satsing på dokumentarfilm. Ambisjonen med arrangementet og visingane er at dette skal vere eit levende forum der bransje og publikum kan møtast til filmvising og diskusjon. Råfilm blir arrangert kvar andre månad.

4.2 Besøkstal, marknadssdel og billettinntekt

Målet i filmmeldinga er å nå ein marknadssdel på 25 % for norsk film på kinomarknaden. Med ei rekordnotering på 24,5 % i 2011 ligg besøksresultatet berre 0,5 prosentpoeng under målalet. I nominelle tal mangla det berre snautt 60 000 besøk på at norske filmar skulle nå målet om ein 25 % marknadssdel i 2011.

4.2 | a Norske kinofilm premierar med ordinær kinodistribusjon 2011

Tittel	Produksjonsselskap	Regi	Premiere	Besøk ¹⁷
Tomme Tønner 2	Tappeluft Pictures	Leon Bashir, Sebastian Daléin	07.01.	59 792
Mørke sjeler	Addict films	César Ducasse, Mathieu Peteul	14.01.	1 824
Varg Veum - Svarte får	Cinemiso	Stephan Apelgren	21.01.	55 910
Jeg reiser alene	Motlys	Stian Kristiansen	11.02.	72 943
Gunnar Goes God*	Agitator	Gunnar Hall Jensen	11.02.	3 495
Gråtass får en ny venn	Fantasi-Fabrikken	Trond Jacobsen	18.02.	80 211
Fjellet	4 ½	Ole Giæver	25.02.	4 262
Jørgen + Anne = Sant	Cinenord Kidstory	Anne Sewitsky	25.02.	165 872
Mennesker i solen	Maipo	Per-Olav Sørensen	04.03.	11 613
Konger av Oslo*	Alert film	Elsa Kvamme	11.03.	5 084
Pax	Paradox Rettigheter	Annette Sjursen	18.03.	3 500
Amors baller	SF NORGE	Kristoffer Metcalfe	25.03.	63 999
Exteriors	Fredrik Fiction	Patrick Syversen, Marie	25.03.	928
Umeå4ever	Snurr film	Geir Greni	01.04.	6 370
Varg Veum - Dødens drabanter	Cinemiso	Stephan Apelgren	08.04.	52 881
Hjelp, vi er russ	Tappeluft Productions	Kenneth Olaf Hjellum	15.04.	30 310
Rødt hjerte	Filmhuset	Halkawt Mustafa	29.04.	3 206
Hjelp, vi er i filmbransjen	Tappeluft Pictures	Nini Bull Robsahm, Patrik	22.07.	41 407
Bambieeffekten	Feil Film	Øystein Stene	29.07.	2 690
Få meg på for faen	Motlys	Jannicke Systad Jacobsen	19.08.	110 574
Hodejegerne	Friland/Yellow Bird	Morten Tyldum	26.08.	471 805
Til siste hinder	Filimo film/Atomfilm	Anders Øvergaard	26.08.	26 761
Oslo, 31. august	Motlys	Joachim Trier	31.08.	49 675
Pushwagner*	Indie Film	Even Benestad	02.09.	9 574
Sønner av Norge	Friland	Jens Lien	09.09.	71 674
Knerten i knipe	Paradox	Arild Østin Ommundsen	23.09.	154 801
Kong Curling	4 ½	Ole Endresen	23.09.	90 615
Babycall	4 ½	Pål Sletaune	07.10.	78 829
Folk ved fjorden*	Øy-film	Øyvind Sandberg	28.10.	9 231
Varg Veum - I mørket er alle ulver	Cinemiso	Alexander Eik	04.11.	100 355
Blåfjell 2	Storm Rosenberg	Arne Lindtner Næss	18.11.	272 719
Arme riddere	Fantefilm	Magnus Martens	02.12.	51 1

* - Kinodokumentar. For merknad om *Det akutte mennesket*, sjå note 4, s. 9

¹⁷ Besøk per 30.12.2011.

4.2 | b Samproduksjonar med norsk minoritetsprodusent

Tittel	Produksjonsselskap	Regi	Premiere	Besøk
Simon og eiketrærne	Asta Film (SE), Filmkameratene (NOR), Göta Film (SE), Schmitz Katze Filmkollektiv (DE)	Lisa Ohlin	25.12.	10 993
Essential Killing	Skopia Film (POL), Cylinder Productions (NOR), Element Pictures (IRL), Mythberg Films (HUN)	Jerzy Skolimowski	25.02.	1 136
Kvinnen som drømte om en mann	Zentropa entertainments (DNK, NOR, SWE, POL)	Per Fly	28.01.	477

4.2 | c Norske kinofilm premierar utan ordinær distribusjon

Tittel	Produksjonsselskap	Regi	Premiere	Besøk
På bølgelengde	Nordås Film	Frode Nordås	08.04.	2 231
Den hengte mannen	Hergel Film	Stephan A. Hergel	28.10.	1 437
13 dager i april*	Film og Foto Design	Helge Hundeide	11.11.	1 028
Reunion – ti år etter krigen*	Medieoperatørene	Jon Haukeland	17.06.	491
Det akutte mennesket*	Nordkappfilm	Knut Erik Jensen	29.04.	4 746

I forkant i Norden og Europa

Dei siste fem-seks åra har marknadsdelen for norsk film auka til eit nivå som kan samanliknast med dei nasjonale marknadsdelane i Danmark, Finland og Sverige.

4.2 | d Marknadsdelar, nasjonal film i dei nordiske landa 2005–2011

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011*
Danmark	32,4	24,8	25,6	32,3	17,3	22,0	28,0
Finland	15,0	23,9	20,0	23,2	14,5	27,0	17,0
Island	3,6	10,7	6,4	8,0	-	11,0 [‡]	9,3 [‡]
Sverige	21,3	18,3	21,5	20,4	32,7	20,8	19,8
Noreg	12,2	16,1	16,4	22,4	20,6	23,3	24,5

* Foreløpige tal (februar 2012) † Rekna etter billettinntektar

Kjelde: NFI / Film & Kino / European Audiovisual Observatory

Sett i forhold til andre land i Europa som det er naturleg å samanlikne seg med, ut frå storleiken på kinomarknaden og omfanget av den nasjonale filmproduksjonen, ligg den norske marknadsdelen svært høgt. Av referanselanda i tabellen nedanfor er det berre Nederland som kjem i nærleiken av å ha ein marknadsdel for nasjonal film på nivå med Noreg og Norden.

4.2 | e Marknadsdelar, nasjonal film i mindre europeiske land 2007-2011

	2007	2008	2009	2010	2011*
Belgia	2,9	4,7	7,0	-	-
Nederland	13,5	17,9	17,4	15,8	22,4
Portugal	2,8	2,5	2,5	1,9	0,7
Sveits	5,1	3,0	3,4	5,4	4,4
Austerrike	1,9	5,6	5,2	4,2	3,5


* Foreløpige tal (februar 2012)

Kjelde: NFI / Film & Kino / European Audiovisual Observatory

Marknadsdel etter billettsal

Norske filmer omsette for 234,6 millionar kroner på kino i 2011, opp 36,4 millionar kroner eller 18,4 % frå 2010. Målt etter billettinntekter ("Box Office") var den norske marknadsdelen 22,6 % i 2011, opp frå 20,8 % i 2010.

4.2 | f Marknadsdelar, norske kinofilmar 2005-2011 etter besøk og billettinntekt



Kjelde: NFI / Film & Kino

At norske filmer har ein lågare marknadsdel målt etter billettinntekt enn etter talet på besøk, viser at billettprisen på norske filmer i snitt er lågare enn på utanlandske. Årsaka er truleg den sterke stillinga barnefilm har på norske kinoar. Rett nok har lågare pris for barn blitt sjeldnare med åra, men praksis heng framleis igjen i form av ulike rabattar på billettar. Eit anna moment som spelar inn når billettprisen blir lagd til grunn for marknadsdelen, er innslaget i kinorepertoaret av utanlandske filmer med høgare billettpris enn vanleg. 3D-filmar er typiske eksempel på filmar som driv snittnivået for prisen på kinobillettar opp.

Billettprisar

Norske kinoar selde billettar for 1 039,4 millionar kroner i 2011. Det er andre gong billettinntektene kryssar éin-milliard-nivået i Noreg. Av dette beløpet stod utanlandske filmer for 804,9 millionar kroner og norske filmer, som nemnt, for 234,6 millionar kroner. Etter gjengs bransjevisdom går ca. 30

% av billettinntektene på norske filmar til produsentane. Norske produsentar henta dermed ca. 70 millionar kroner frå billettsalet ved norske kinoar.

Gjennomsnittleg billettpris på norske kinoar var i 2011 kr 89,20, mot kr 86,60 i 2010, ein oppgang på kr 2,60, eller 3,0 %. Norske filmar hadde i snitt blitt kr 4,90, eller 6,3 %, dyrare frå 2010 til 2011. Når gjennomsnittleg billettpris på norske filmar steig meir enn snittprisen for alle filmar, kan det tyde på at "vaksenfilmane" har hatt eit sterkare innslag i det norske kinorepertoaret i 2011 enn tidlegare.

Gjennomsnittleg billettpris på norske filmar låg likevel på kr 82,20 i 2011, sju kroner lågare enn snittprisen for alle filmar. Norske filmar var altså 7,8 % billigare i snitt enn gjennomsnittet av filmar.

4.2 | g Billettinntekt og marknadssdel, norske filmar 2005-2011

	Billettinntekter, norske filmar	Billettinntekter, alle filmar	Norsk marknadssdel etter billettinntekter
2005	98 309 993	685 239 539	12,6 %
2006	130 094 858	721 910 623	15,2 %
2007	115 462 294	675 727 489	14,6 %
2008	202 456 009	715 202 536	22,1 %
2009	195 330 359	846 814 343	18,7 %
2010	198 195 442	755 838 687	20,8 %
2011	234 600 000	804 900 000	22,6 %
Foreløpige tal for 2011 (februar 2012)			

Kjelde: NFI / Film & Kino

4.3 Kinobesøk og marknadsdel i tal

4.3 | a Besøk per kvartal

	2008	2009	2010	2011	2010-2011
1. kvartal	1 060 107	1 312 687	634 085	704 538	11,1 %
2. kvartal	282 162	171 475	197 349	212 110	7,5 %
3. kvartal	207 696	177 033	342 366	959 706	180,3 %
4. kvartal	1 106 552	952 308	1 389 919	977 267	-29,7 %
<i>Totalt 2011</i>	<i>2 656 517</i>	<i>2 613 503</i>	<i>2 563 719</i>	<i>2 853 621</i>	<i>11,3 %</i>

4.3 | b Besøk og norsk marknadsdel per måned

					Norsk del	
	2010	2011	Endring 2010-2011		2010	2011
Jan	250 864	295 819	44 955	+17,9 %	19,9 %	31,5 %
Feb	171 366	226 761	56 395	+32,3 %	18,4 %	22,5 %
Mar	212 434	181 958	-30 476	-14,3 %	23,4 %	22,8 %
Apr	133 464	149 231	15 767	+11,8 %	20,6 %	21,1 %
Mai	44 425	42 710	-1 715	-3,9 %	6,6 %	4,3 %
Jun	19 490	20 169	679	+3,5 %	3,0 %	2,4 %
Jul	7 916	29 290	21 374	+270 %	0,8 %	2,7 %
Aug	68 594	291 026	222 432	+324,3 %	7,4 %	25,6 %
Sep	265 908	639 390	372 482	+140,5 %	30,7 %	58,1 %
Okt	733 014	453 059	-279 955	-38,2 %	56,9 %	39,4 %
Nov	385 312	334 387	-50 925	-13,2 %	34,1 %	30,9 %
Des	271 616	189 821	-81 795	-30,1 %	35,1 %	22,9 %
Totalt	2 564 403	2 853 621	289 218	11,3 %	23,3 %	24,5 %

Kjelde: Film & Kino

5 Solid publikumsoppslutning: resultatmål 2B

15 prosent norsk del av dvd-marknaden og klikkefilmmarknaden.

NFI anslår at det i 2011 er selt 1,27 millionar eksemplar av norske kinofilmar på dvd. Til saman har desse filmane generert 3,42 millionar tilskodarar. Norske filmars del av dvd-marknaden i Noreg er rekna til 8,5 %. Trass i ein framgang på eitt prosentpoeng frå 2010 er målet om 15 % marknadsdel på dvd enno ikkje nådd.

39 norske filmar er i 2011 innmelde til Medietilsynet for distribusjon som klikkefilm. Av dei er 28 kinofilmar frå dei seinare åra. Det finst ikkje oppgåver over kor mange forbrukarar som ser norske filmar som klikkefilm, eller kor mange påsyn norske filmar genererer på klikkefilmtjenester.

5.1 Tiltak for å nå målet om 15 % marknadsdel for norsk dvd og klikkefilm

NFI kan i liten grad påverke dvd- og klikkefilmmarknaden. Fokuset i NFI når det gjeld klikkefilm og dvd, er instituttets egne klikkefilmtjenester filmrommet.no og filmarkivet.no, og dessutan NFIs egne dvd-utgivingar. Desse tenestene er i hovudsak knytte opp til NFIs ansvar for å sikre og formidle den norske filmarven. Meir informasjon om dette finst i kapittel 10 i årsrapporten.

NFI har framleis vanskeleg for å finne pålitelege kjelder for omsetning eller sjåartal for norske filmar lansert som klikkefilm og på dvd i Noreg, men har henta inn dei tala som er tilgjengelege. Dette blir presentert nedanfor.

Nasjonalt arbeid

NFI er ansvarleg for å formidle ny norsk kort- og dokumentarfilm på dvd og klikkefilm, og å auke kjennskapen hos det norske publikummet til ny norsk kort- og dokumentarfilm gjennom formidling og rådgiving. NFI har i 2011 bidratt med formidling og rådgiving i samband med visingar av ny kort- og dokumentarfilm på fleire festivalar og arrangement. Ny kort- og dokumentarfilm er også presentert på fleire filmklubbar, skolar og høgskolar nasjonalt.

NFI har vore medarrangør og bidragsytar til seminaret "Verdien av en kortfilm", som er eit ambulerande opplysningsseminar om kortfilmens moglegheiter i marknaden som kulturuttrykk og kommersielt produkt. I samarbeid med Kristian Mosvold frå First Motion arrangerte NFI to seminar for Kortfilmfestivalen i Sandnes og Kortfilmfestivalen i Grimstad. Rundt 100 bransjefolk har vore til stades på desse to seminarar.

Gjennom EUODOK, Cinematekets europeiske dokumentarfilmfestival, formidlar NFI både nasjonal og internasjonal dokumentarfilm. I 2011 vart ti nye norske dokumentarfilm viste ved festivalen. Rundt 3000 besøkte EUODOK i 2011.

Alle dvd-utgivingar frå NFI blir formidla gjennom klikkefilmtjenestene filmarkivet.no og filmrommet.no. Dvd-utgivingane blir også spesielt marknadsførte mot skolar og bibliotek i Noreg. NFI har i 2011 jobba aktivt med å leggje til rette Filmarkivet og Filmrommet for dei respektive målgruppene ved å gjere redaksjonelle utval og anbefalingar.

I løpet av 2011 er det gitt ut sju dvd-ar med til saman 37 titlar, av dei 32 kortfilmar og fire dokumentarfilm. 27 av kortfilmene er retta inn mot unge/vaksne, fem kortfilmar er retta inn mot dei minste barna (3–5 år), ein dokumentar er retta inn mot barn (8–12 år), to dokumentarar retta inn mot unge/vaksne (historiske emne), og to dokumentarar retta inn mot unge/vaksne, om samisk identitet og levemåte. Kriterium for utvalet av filmene er kunstnarleg kvalitet, kjønn, geografi og prisvinnarar.

5.2 Norske kinofilm som klikkefilm

Informasjon om omfanget av distribusjon og sal av norske kinofilm som klikkefilm er framleis ikkje tilgjengeleg. Medietilsynet har i 2011 registrert 39 titlar som er innmelde til tilsynet for distribusjon som klikkefilm. Av dei er 28 kinofilm hovudsakleg frå dei seinare åra. Dei andre elleve titlane er barnefilm/-program ("Gråtass", "Stubbefolket") og fjernsynsseriar ("Dag, sesong 1/2", "Arkivet").

Ei fullstendig oversikt over registrerte norske kinofilm som klikkefilm finst i vedlegg 4. Men det finst ikkje oppgåver over kor mange påsyn kvar av desse titlane (eller tidlegare registrerte) genererer.

I 2010 anslo Film & Kino at det er gjort ca. 2 millionar klikkefilmnedlastingar i Noreg. Det er ikkje offentleggjort noko estimat over omfanget av distribusjon av klikkefilm i 2011.

5.3 Norske kinofilmar på dvd

På oppfordring frå NFI har Medietilsynet i 2011 for første gong gjort ei løpande registrering av norske titlar utgitt på dvd.¹⁸ Registreringa er gjort på grunnlag av fortrykk av registreringsmerke og sal av klistremerke. NFI har valt dette som eit uttrykk for den internasjonalt anerkjende statistikkeininga "units shipped", dvs. talet på eksemplar sende ut i detaljistmarknaden frå grossistnivå.¹⁹

I alt 13 av kinofilmene frå 2011 er fanga opp av denne registreringa som utgitt på dvd i 2011. Tre av desse titlane er dokumentarfilmar, som etter tidlegare praksis ikkje inngår i berekninga av dvd-omsetninga. Til saman er dei resterande ti titlane registrerte med til saman vel 231 000 eksemplar. Av meldingar i fagpressa er det dessutan registrert 425 000 "units sold" av to titlar som ikkje inngår i Medietilsynets registrering.

For dei andre 17 norske fiksjonskinofilmene frå 2011 har NFI berekna²⁰ talet på dvd-ar som er sette ut i marknaden. Filminstituttets anslag for desse titlane utgjer i overkant av 610 000 eksemplar. Ei oversikt over bruttovolumet av registrert og berekna tal på dvd-eksemplar av norske kinofilmar i 2011 finst i vedlegg 5.

Til saman reknar NFI på dette grunnlaget med at det er sett i underkant av 1,27 millionar dvd-eksemplar i omløp i marknaden av norske kinofilmar frå 2011. Basert på Film & Kinos standard tilskodarkoeffisient på 2,7 personar pr. omsett tittel gir dette eit tilskodartal på dvd for dei norske kinofilmene frå 2011 på 3,42 millionar.

5.3 | a Berekna marknadssdel, norske fiksjonskinofilmar på dvd 2006–2011

	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Berekna talet på omsette eksemplar dvd/Blu-ray (mill.)	20,0	22,3	19,8	19,2	16,3	14,8
Berekna sjåartal, alle omsette titlar (mill.)	54,0	60,2	53,46	51,84	44,01	40,05
Talet på norske fiksjonskinofilmar (stk.)	15	14	18	18	22	28
Berekna sjåartal, norske kinofilmar på dvd/B-R (mill.)	2,45	2,16	3,51	3,43	3,27	3,42
Norsk marknadssdel dvd (%)	4,5 %	3,6 %	6,6 %	6,6 %	7,4 %	8,5 %

Kjelde: NFI / Film & Kino

Ifølgje Film & Kino (pressemelding 2.2.2012) vart det selt 14 833 000 dvd-ar (inkludert Blu-ray Disc) i Noreg i 2011. Dette gir vel 40 millionar individuelle dvd-påsyn. Målt opp mot det berekna talet på påsyn av norske dvd-ar gir dette ein marknadssdel på 8,5 %, ein framgang på vel eitt prosentpoeng frå 2010. Trass i framgangen ligg marknadssdelen i 2011 godt under måлтаlet på 15 %.

Tabellen ovanfor viser likevel at marknadssdelen til norske kinofilmar på dvd har stige jamt sidan 2007 og er meir enn dobla i perioden. Samtidig har den samla omsetninga av dvd-ar gått ned med omkring ein tredel. Sjåartala for norske filmar synest derimot å ha halde seg stabile sidan 2008.

¹⁸ Registreringa skjer manuelt når nye titlar blir innrapporterte for betaling av videoavgift til Medietilsynet og Film & Kino. Medietilsynet har teke atterhald om at denne registreringsforma kan føre til (mindre) feil. Medietilsynet har i annan samanheng (Release 10.2.2012) gjort merksam på at det skjer ein "storstilt import uten påført [registrerings]merke". Men slik ikkje-registrert import gjeld rimelegvis utanlandske titlar og verkar derfor ikkje inn på oppgåvene over norske filmar. Derimot kan ein betydeleg ikkje-registrert import gi utslag ved berekning av norske kinofilmars marknadssdel i dvd-marknaden.

¹⁹ "Units shipped" er eit uttrykk for kor mange eksemplar distributøren har sendt ut i marknaden. Omsetning av dvd-ar skjer i fleire ledd og priskategoriar, frå førstelansering til forholdsvis høg pris til "restekassar" med varer til sterkt nedsett pris lenger ut i forløpet. Det er rimeleg å anta at dei aller fleste dvd-ar som blir sende ut i marknaden, før eller seinare når konsument. "Units shipped" / brutto distribusjonsvolum kan derfor gi eit godt, om ikkje heilt presist, uttrykk for omsetning.

²⁰ Metoden for å berekne talet på eksemplar er nærmare gjord greie for i NFIs Årsrapport 2010, s. 60–61. Basert på Medietilsynets registreringar er forholdstalet mellom selde kinobilletter og dvd-ar justert frå 2 : 1 i 2010 til 1,85 : 1 for berekninga i 2011.

NFI har ingen haldepunkt for ein nærmare analyse av eller ei forklaring på dette forholdet. Resultata kjem av same berekningsmetode gjennom heile perioden. Tala kan derfor tyde på at norske forbrukarar dei siste fire-fem åra har utvikla eit stabilt forbruk av norsk film på dvd, og at dette forbruket ikkje (i vesentleg grad) blir påverka av den generelle tilbakegangen i dvd-marknaden. Kanskje er det rimeleg å setje dette forholdet i samanheng med det funnet Synovate/MMI gjorde i 2007 i undersøkinga "Kino i en DVD tid". Der heter det at det er ein klar samanheng mellom kinobesøk og kjøp/leige av dvd-ar. Undersøkinga set fram hypotesen om at dette kan komme av at (delar av) publikum er genuint interesserte i film, og at "dvd også er et middel for å holde seg oppdatert". Dersom denne hypotesen held stikk, kan den peike mot ein underliggjande faktor som allereie er kjend frå kinopublikum: Norsk film har opparbeidd seg ein tillit hos publikum, som i stigande grad demonstrerer lojalitet overfor merkevara "norsk film".

6 Solid publikumsoppfølging: resultatmål 2C

Eksporten av norske audiovisuelle produksjoner skal øke.

Bruttoverdien av eksport av norske kinofilmer i 2009 er beregnet til 22,5 millioner kroner. Resultatet er 8 millioner kroner lavere enn året før, men på nivå med resultatet i 2007. Tilbakeslaget i salgsresultat må sjåast i samanheng med den internasjonale finanskrisa.

6.1 Tiltak for å nå målet om å auke eksporten av norske audiovisuelle produksjonar

Internasjonalt arbeid

NFI har i 2011 gitt tilskott til seks samproduksjonar med norsk minoritetsprodusent (mot ti i 2010), totalt 10,7 millionar kroner er tildelt. Det gjennomsnittlege tilskottet er 1,8 millionar (mot 1 million i 2010). Tilskottsnivået per prosjekt har variert mellom 0,9 og 3 millionar kroner.

Tilskotta er tildelte med grunnlag i ei vurdering om eit etablert samarbeid mellom produsentane, god norsk kunstnarleg og fagleg deltaking og konkretisert bruk av norske tekniske leverandørar.

Med unntak av eit prosjekt som søkte nærmare sju millionar kroner, har alle prosjekta fått eit tilskottsbeløp tilnærma det det vart søkt om. NFI har prioritert å gi høgare beløp til færre søkjarar. Samproduksjon aukar alltid kostnadene i produksjonen, så det er viktig at tilskottet er såpass høgt at det blir opplevd som ei reell styrking av budsjettet. Eit offentleg førehandstilskott i storleiksorden 1,5 millionar er eit normalt nivå i europeisk samanheng. Regionale og private investeringar kjem da i tillegg. Produksjonen har også rett til etterhandstilskott så sant filmen sel over 10 000 billetter i normal kinodistribusjon. Samproduksjonar som tilfredsstillar krava om kulturtest kan også få noko midlar i lanseringstilskott. Det offentlege tilskottet kan normalt utgjere maksimalt 50 % av den norske delen av filmbudsjettet.

Internasjonale undersøkingar har vist at samproduksjonar har fleire gonger så høgt internasjonalt publikum som reine nasjonale produksjonar. Spesielt dei særeigne filmene – som blir definerte til å ha ein liten marknad i Noreg – kan stimulerast til å utnytte internasjonal finansiering betre og å søkje ein brei internasjonalt marknad.

At Noreg er blitt med i den europeiske samproduksjonskonvensjonen, er først og fremst viktig for at norske majoritetsproduksjonar skal kunne få tilgang til europeiske nasjonale tilskottsordningar. Ved at vi deltek i konvensjonen, vil norske prosjekt reknast som nasjonale i heimlandet til samprodusenten og ha tilgang til same ordningar som nasjonale produksjonar.

For utanlandske majoritetsproduksjonar som søkjer i Noreg, vil ikkje endringa vere så stor. Prosjekt som ikkje tilfredsstillar den norske kulturtesten, kan søkje midlar etter § 2.3 i forskrifta, der kriteriet er at filmene er godkjende som kulturprodukt i opphavlandet.

NFI har i år delteke på fleire internasjonale samproduksjonsforum (blant anna i Tyskland, Polen, Irland og Nederland). Formålet har vore dels å informere om Noreg som filmland, dels å samle erfaring til ei vidare internasjonal satsing overfor andre lands nasjonale tilskottsordningar, og dels å bidra til at norske produksjonar får kontakt med internasjonale finansieringsgivarar.

NFI har også gjort avtale med Utanriksdepartementet om å forvalte midlar til Sørfond. Sørfondet er eit filmfond som skal styrkje filmproduksjonen i land der produksjonen er liten av politiske eller økonomiske årsaker. Produsentar og regissørar frå land i Asia, Afrika, Latin-Amerika og Midtausten kan søkje. Det er påkravd å ha norsk samprodusent i prosjektet, og søknaden skal sendast av den norske samprodusenten. Sterk kunstnarleg kvalitet og kulturell integritet vil bli prioritert. Eit hovudmål for Sørfondet er å oppmuntre produksjonar som tek for seg tema om ytringsfridom, til å søkje om midlar. Sørfondet skal bidra til å styrkje film som kulturuttrykk, fremje mangfald og kunstnarleg integritet på den internasjonale filmscenen og styrkje ytringsfridommen. Sørfondet er finansiert av Utanriksdepartementet og Kulturdepartementet. NFI og Film fra Sør administrerer midlane.

I 2011 vart det i samarbeid med Stiftelsen Film fra Sør arrangert eit pitchforum under festivalen Film fra Sør for å stimulere til kontakt mellom internasjonale hovudprodusentar og norske samprodusentar. Meir enn 250 søkjarar frå heile verda sende inn prosjekt, og 13 prosjekt vart inviterte til pitching i Oslo. Totalt var ca. 100 personar til stades under pitchinga, og alle prosjekta fekk kontakt med norske samprodusentar. Første søknadsfrist for Sørfond er 15. februar 2012.

Når det gjeld dokumentarfilm, har NFI i 2012 spesielt fokusert på produksjonar med internasjonale ambisjonar og internasjonalt potensial. Det blir spegla i at NFI har auka tilskottsbeløpet og prioritert filmar med høgare budsjett. NFI har også bedt prosjekt med ein internasjonal ambisjon om å søkje MEDIA-tilskott, noko som også blir spegla i at åtte dokumentarfilmprosjekt fekk EU-støtte til utvikling.

NFI har delteke på fleire samproduksjonsforum (blant anna i England, Canada, Tyskland og Nederland). NFI har i 2011 også vist aktivitet overfor transmediale dokumentarfilmprosjekt, og eit par prosjekt har både fått utviklingstilskott gjennom fond og reisetilskott til seminar gjennom NFI:LAB.

NFI sette i 2011 ned ei gruppe som har som mandat å utarbeide ein samla strategi for NFIs internasjonale arbeid. Rapporten og forslag til tiltak og strategi skal vere ferdig i slutten av mars 2012.

Lanseringsstøtte utland

I 2011 vart det oppretta ei stilling som lanseringsrådgivar for lansering i utlandet. Lanseringsrådgivaren skal saksbehandle søknader om lanseringstilskott utland i samarbeid med fagansvarlege for spelefilm og kort- og dokumentarfilm utland og bidra til utforminga av ein samla forvaltningspraksis på området.

I 2011 tildelte NFI totalt 4,7 millionar kroner i tilskott til lansering av audiovisuelle produksjonar på festivalar og salsmarknader i utlandet. 21 kinofilmar fiksjon, tre dokumentarfilmar for kino, 11 kortfilmar og 11 dokumentarfilmar har fått tilskott, som har variert frå 5 000 til 250 000 kroner.

Fire fjernsynsseriar fekk tilskott til lansering av tv-drama i utlandet på til saman rundt 150 000 kroner.

Pakketilskott til internasjonal lansering av dokumentarfilm har vore tildelt frå og med 2. halvår 2011. Tilskottet skal bidra til både auka sal og distribusjon av enkeltfilmar og til ei internasjonalisering av selskapa. Fire produksjonsselskap har i 2011 fått tilskott på til saman 1 million kroner.

Filmfestivalar i utlandet

NFI har i 2011 utarbeidd lister over prioriterte festivalar som kvalifiserer til tilskott. Storleiken på tilskottet blir vurdert ut frå gjeldande satsar i forhold til lanseringsplanar og det internasjonale potencialet til filmane. Ved tilskott til marknadsdeltaking er det ein føresetnad at produsenten matchar med eit beløp som svarer til tilskottet. Sjå kapittel 9 for lister over prioriterte festivalar.

NFI har i 2011 redusert talet på filmar i festivaldistribusjon. NFI har også redusert talet på festivalar det blir arbeidd mot. NFI kan dermed auke fokuset rundt dei filmane som har ein reell sjanse til å delta og vinne prisar på dei viktigaste festivalane. I tillegg kjem større sjansar til internasjonalt sal og auka internasjonal interesse.

I 2011 var NFI til stades på dei største og viktigaste festivalane og salsmarknadene. NFI bidrog med salstilrettelegging, representasjon og profilering av utvalde norske filmar. NFI har delteke med stand i Clermont-Ferrand, Berlin, Cannes og Toronto under Scandinavian Films paraplyen. I tillegg har NFI samarbeidd med New Nordic Films i Haugesund, Nordic Film Market i Gøteborg og Kortfilmfestivalen i Grimstad. Gjennom å delta i desse samanhengane har NFI bidratt til at festivalane har invitert dei mest anerkjende og relevante internasjonale innkjøparane og festivalprogrammarane for norske filmar, og dessutan sørgd for at dei mest aktuelle norske filmane vart viste for internasjonale kjøparar og festivalar.

Eit mål for NFI er å gi norske produsentar betre føresetnader for å arbeide målretta mot den internasjonale marknaden og å gi produsentar av filmar som NFI ikkje tar i festivaldistribusjon sjansen til å gjere arbeidet sjølv. Derfor har NFI i 2011 publisert lister over festivalar som kvalifiserar til tilskott med tilhørande satsar, samt to handbøker for produsentar som skal lansere film på internasjonale festivalar, kalla "Den lille festivalveilederen for spillefilm" og "Den lille festivalveilederen for kortfilm". Handbøkene er tilgjengelege på nfi.no.

NFI gir råd til utanlandske arrangørar av filmveker og filmkulturelle arrangement om norsk samtidsfilm og utvalde filmklassikarar. Mange av desse oppdraga blir gjennomførte i samarbeid med Utanriksdepartementet og norske utanriksstasjonar. I 2011 har det vore retta eit særleg fokus mot Latin-Amerika, der ein pakke nyare norske filmar på 35 mm med spanske undertekstar er blitt stilt til rådvelde for arrangørar i Argentina, Chile, Cuba, Guatemala, Mexico og Uruguay. Dei to viktigaste arrangementa i 2011 var den norske filmveka ved Lincoln Center i New York i mai-april og ein eigen norsk seksjon ved filmfestivalen New Horizons i Wroclaw, Polen i juli.

Ei liste over filmveker og kulturarrangement i utlandet med norske filminnslag finst i vedlegg 2 i årsrapporten. I tillegg til desse arrangementa har filmfestivalar i Transilvania, Romania, Canberra, Australia, Athen, Hellas og Leeuwarden, Nederland, presentert norske filmprogram med bistand frå NFI.

6.2 Eksport av norsk film og tv-drama

Visingsrettane til dei norske kinofilmane frå produksjonsåret 2009²¹ vart selde til utlandet for i alt 22,5 millionar kroner.²² Eksportverdien av den norske filmproduksjonen gjekk dermed ned med 8 millionar kroner, eller 26,2 %. NFI har følgd utviklinga av utanlandssalet sidan 2002 og gitt årlege rapportar om det.²³ NFI har ikkje innsyn i eksporten av norsk tv-drama.

6.2 | a Eksportverdien av norske kinofilmar 2002–2009

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Total eksportverdi	7,4	8,1	13,1	15,9	19,9	21,7	30,5	22,5
Etterhandssal	6,4	6,6	6,0	4,6	9,8	8,3	17,9	17,9
Førehandssal	1,0	1,5	7,1	11,3	10,1	13,4	12,5	4,6
Snitt pr. film	0,46	0,48	0,73	0,84	0,99	0,99	1,69	1,02

Tilbakeslaget kjem etter sju år med jamt stigande utanlandssal av norske filmar. Det er semje i bransjekretsar om at årsaka til tilbakeslaget er å finne i den internasjonale bank- og kredittkrise, som for alvor slo inn hausten 2008. Krisen førte til ein vesentleg redusert vilje hos kjøparar (filmdistributørar, fjernsynskanalar) til å eksponere seg for risiko. "Ukjende" filmar frå små filmland vart dermed særleg utsette. Samtidig har særleg fjernsynsmarknaden vore i permanent omstrukturering gjennom ei årrekke. Framveksten av ei rekke mindre, ofte nisjeprega, fjernsynskanalar har pressa prisane på "audiovisuelt innhald" nedover.

Fallet i filmeksporten i 2009 betyr at den norske filmbransjen har lenger fram for å nå målet i filmmeldinga, som var å doble eksportverdien frå nivået i 2005, dvs. oppnå eit samla brutto utanlandssal av norsk film på 32 millionar kroner, innan 2010. På grunnlag av resultatene fram til og med 2008 endra likevel Kulturdepartementet denne målformuleringa i statsbudsjettet for 2011 til at "eksporten av norske audiovisuelle produksjoner skal økes".


Det er ingen tvil om at marknaden for norsk film i utlandet har vore stram sidan 2008. NFIs analysar antydner likevel at tilbakeslaget i 2009 kan ha vore mellombels, og at det derfor framleis er realistisk å ha eit mål om eit utanlandssal på 30–35 millionar kroner pr. år.

Eksportundersøkinga for kinofilmane frå 2010 vil bli publisert separat over sommaren 2012. Eit samandrag med hovudkonklusjonar vil bli lagt inn i Årsrapport 2012.

²¹ Eksportverdi kan berre bereknast med ei tidsforskyving på minst eitt år etter den norske premieren.

²² Verdifastsetjinga skjer på grunnlag av brutto salsverdi, dvs. før salsagenten trekkjer frå utgifter og provisjon.

²³ Fulltekstversjonen av "Eksportundersøkelsen 2009" kan lastast ned frå <http://www.nfi.no/Norsk+film/Statistikk%2C+analyse+og+rapportering/Rapportar/Eksportunders%C3%B8kinga+for+norsk+film+2009.98098.cms>.



Undersøkinga av 2009-salet av film til utlandet viser elles at Europa framleis er den viktigaste marknaden for norsk film. Sal til land i Europa står for over tre firedelar av det samla volumet, med tyskspråklege område som særleg viktige.

To norske filmar stod for nær 40 % av det samla utanlandssalet i 2009. Store enkeltsuksessar er altså ein viktig komponent i utviklinga av sal av norske filmar i utlandet.

DELMÅL 3
KVALITET OG MANGFALD

7 Kvalitet og mangfald: resultatmål 3A

Eit mangfald i uttrykksform, produksjonskostnad og målgrupper basert på sterke filmmiljø i alle delar av landet.

Sjangermessig speglar kinofilmane frå 2011 det mangfaldet som norsk filmpolitikk trår etter.

Når det gjeld målgrupper, må auken i filmar for eit vakse publikum ("vaksne/unge") sjåast i samanheng med auken i det totale produksjonsvolumet i 2011. Film for barn og unge held seg stabilt over målnivået.

Den gjennomsnittlege produksjonskostnaden pr. film har falle betydeleg blant 2011-filmane, dels pga. fråværet av "storproduksjonar", dels som ei følgje av låge budsjett på det uvanleg store talet på filmar produserte utan førehandsstøtte. Den prosentvise fordelinga av kostnader på enkeltpostar i produksjonsbudsjetta er blitt verande ganske stabil (i perioden 2002–2009).

Produksjonsselskap med forretningsadresse i Oslo og Akershus dominerer framleis både blant søkjarar til og mottakarar av tilskott. Men nær halvparten av produsentane av dokumentarfilm har forretningsadresse utanfor hovudstadsregionen. To tredelar av 2011-filmane er spelte inn utanfor Oslo og Akershus.

7.1 Tiltak for å nå målet om mangfold i uttrykksform, produksjonskostnad og målgrupper

NFI arbeider kontinuerleg med å utvikle og halde oppe eit mangfold i norsk filmproduksjon. Dette gjeld uttrykksform, målgrupper og produksjonskostnader i dei filmene NFI tildeler førehandstilskott.

I 2011 har NFI tildelt tilskott til fiksjonsfilm for kino med budsjett som varierer mellom 8,2 og 39 millionar kroner. Fire prosjekt har eit budsjett på under 15 millionar kroner, mens tre prosjekt har eit budsjett på over 30 millionar kroner. I tillegg var det i 2011 mange filmar som blir produserte utan førehandstilskott. Nokre av dei er tydelege sjangerfilm for ein kommersiell marknad, andre er alternative filmar med ein tydeleg kunstnarleg ambisjon.

Produksjonane med førehandstilskott varierer i publikumsestimat frå 30 000 til over 400 000. Seks av kinofilmene som har fått førehandstilskott, baserer seg på kjende bøker, mens sju av prosjekta er originalmanuskript. Tre av prosjekta er lagde til ei spesiell historisk tid. Det er også tildelt førehandstilskott til tre fullengds animasjonsfilm retta inn mot barn/familiar.

Med unntak av dokumentarfilmene blir ingen av kinofilmene produserte med førehandstilskott av selskap utanfor Oslo-området. Det har samanheng med at det utanfor Oslo-området er færre selskap med erfaring innanfor kinofilmproduksjon, noko som blir spegla i søkjarmassen. Men over ein tredel av filmene har ei handling som primært utspeler seg utanfor Oslo-regionen. Innanfor dokumentarfilm er 47 % (14 av 30) av produksjonstilskotta tildelte prosjekt som blir produserte av selskap utanfor Oslo-området. For kortfilm er talet 29 % (6 av 21).



7.2 Sjanger og målgrupper

Sjangerinndelinga er basert på Medietilsynets sjangerkategorisering.

Målgrupper er basert på Medietilsynets kategorisering av eigna grupper. I Barn/familie/ungdom inngår kategoriene "barn", "barn/familie", "familie", "ungdom" og "ungdom frå 13". I Ungdom/vaksen inngår "ungdom/vaksen" og "vaksen".

Årets premierefilmer speglar det mangfaldet NFI arbeider for å skape gjennom førehandstilskott. Filmene fordeler seg over sjangrane drama (12 filmar), skrekk/thriller/krim (6), komedie (9), dokumentar (4) og anna (1 eventyrfilm). Dei tolv filmene kategoriserte som drama viser også eit stort mangfald innanfor sjangeren, frå alvorsprega humor i *Jeg reiser alene* og *Få meg på for faen*, til hestar og pinnar i *Til siste hinder* og *Knerten i knipe*. Kunstnarleg alvor i *Oslo, 31. august* og *Bambieffekten* og filmatiserte førelegg i *Jørgen + Anne = Sant* og *Sønner av Norge*.

Innrettinga på premierefilmene fordeler seg med 24 filmar for ungdom/vaksen og åtte filmar for barn/familie/ungdom. Differansen mellom dei to målgruppene er noko større enn normalt. Fire av dei åtte barn/familie/ungdom-filmene er produserte utan førehandsstøtte frå NFI, og fire er produserte med førehandsstøtte.



7.3 Produksjonskostnad

NFI har følgt utviklinga i produksjonskostnader for norske filmar over fleire år. Utgangspunktet er den analysen av kostnadene i norsk filmproduksjon som finst i filmmeldinga, og som byggjer på ein analyse lagd fram i "Rambøll-rapporten".

Gjennomsnittskostnaden for ein norsk kinofilm har gått ned frå 2010 til 2011 med heile 6 millionar kroner, eller 28,7 %, frå 20,9 millionar kroner til 14,9 millionar. Kostnadene for å lage ein spelefilm ("live-action") gjekk ned med 26,2 %, frå 22,9 millionar kroner til 16,9 millionar. To forhold synest å liggje bak denne betydelege nedgangen:

- Fråvær av ein eller fleire kostbare storproduksjonar. I 2010 trekte *Kongen av Bastøy* opp snittbudsjettet, i 2008 var det *Kautokeino-opprøret* og *Max Manus* som løfta snittet til over 20 millionar kroner.
- Det sterke innslaget av filmar utan førehandstilskott, i alt 16 titlar, for det meste med beskjedne budsjett i 2011.

Til saman gjer desse faktorane at dei gjennomsnittlege produksjonskostnadene for ein norsk kinofilm i 2011 er samanliknbare med kostnadene for fem-seks år sidan. Det gjeld både om vi ser på alle filmar, uavhengig av kategori, eller om vi skil ut spelefilmene og analyserer dei separat. Utviklinga går fram av tabellen nedanfor.

7.3 | a Gjennomsnittleg produksjonsbudsjett, alle filmar/spelefilm 2005-2011

	2007	2008	2009	2010	2011
Gjennomsnittleg produksjonsbudsjett	13 795 361	21 211 465	16 060 747	20 858 697	14 920 114
Talet på kinofilm	22	23	23	25	33
Gj.snitt produksjonsbudsjett, spelefilm	19 660 183	24 878 222	18 161 721	22 908 786	16 927 128
Talet på spelefilm	14	19	19	22	28

For tidlegare tal sjå Årsrapport 2010.

Bak desse hovudtala skjuler det seg eit vesentleg meir nyansert bilete. Tydelegast er forskjellen mellom filmar produserte med førehandstilskott og filmar produserte utan slikt tilskott. I både presse og fagdebatt har filmar produserte utan førehandstilskott blitt omtalte som filmar laga "utanfor systemet", dvs. utan å ha gått vegen om søknad om tilskott og behandling i forvaltningsapparatet. I 2011 valde produsentane av i alt 16 kinofilm (alle spelefilm), dvs. omtrent halvparten av den samla årsproduksjonen, å gå "utanfor systemet" og lage filmene sine utan førehandsstøtte. Som påvist i kapittel ii har dette forholdet vore sett i direkte samband med forhåpningar om at den nye etterhandsstøtta for filmar produserte frå og med 2010 skulle gi nødvendig inntening for å dekkje (produksjons)kostnadene.

Talas tale er klar når det gjeld forskjellane i budsjett og kostnader mellom dei to typene film: Førehandsstøtta spelefilm var omtrent dobbelt så kostbare som dei som vart produserte utan førehandsstøtte. Marknadsvurderte spelefilm var ca. 2,3 gonger dyrare enn filmar utan førehandstilskott. Filmar laga "innanfor systemet" var totalt sett vel halvannen gong så dyre som filmar laga "utanfor systemet".

7.3 | b Kinofilm 2011 - Gjennomsnittleg produksjonsbudsjett etter tilskottskategori

	Konsulent + marknad	Konsulentvurderte	Marknadsvurderte	Utan førehandstilskott
Fiksjon + dokumentar	18 305 842	15 774 563	26 532 500	11 322 778
Fiksjon	-	23 333 145	-	-

7.3 | c og 7.3 | d viser at tyngdepunktet i produksjonsbudsjetta har forskyvd seg nedover i "bandvidd". Det vart altså produsert fleire filmar på eit lågare kostnadsnivå i 2011 enn i føregåande år. I tillegg viser begge oversiktene at det ikkje vart laga nokon film i øvre kostnadssjikt i 2011.

7.3 | c Produksjonsbudsjett, filmar pr. kostnadsband 2005-2011

Budsjett i mill. kr ("kostnadsband")	Snitt 2005-2009*	2009	2010	2011
50-60	2	0	1	0
45-50	0	0	0	0
40-45	0	0	0	0
35-40	1	0	0	0
30-35	1	1	3	4
25-30	6	2	4	1
20-25	25	5	6	5
18-20	19	2	1	1
16-18	10	2	3	1
14-16	5	2	1	6
12-14	3	1	1	2
10-12	2	1	0	3
8-10	6	2	1	1
6-8	5	1	1	1
4-6	10	3	3	3
2-4	12	1	0	3
0-2	0	0	0	2
<i>I alt</i>	<i>107</i>	<i>23</i>	<i>25</i>	<i>33</i>


* For detaljerte data for perioden, sjå Årsrapport 2010, tabell 5.1.2 b)

Kjelde: Hegna (2009) 2005-2008/NFI 2009-2011

I motsetning til tidlegare år kan det i budsjettnivåa for 2011 sporast ein viss tendens mot at det utkrystalliserer seg to tyngdepunkt: éi gruppe filmar med budsjett i 20-35-millionarklassen (10 titlar) og éi gruppe (11 titlar) med budsjett i området 10-16 millionar kroner. Særleg er det ein påfallande auke sidan 2009 i talet på filmar med kostnader på mellom 30 og 35 millionar kroner. Det kan verke som om dette budsjettnivået er i ferd med å etablere seg som normalnivå for ambisiøse, men ikkje "ekstra kostbare" norske filmproduksjonar. Gruppa av filmar med budsjett rundt det lågare tyngdepunktet består så å seie berre av filmar utan førehandsstøtte. Også dette seier truleg noko om det som i tilskottsordninga av 1950 vart kalla "normalkostnader".²⁴

²⁴ Under 1950-ordninga garanterte staten mot moglege tap på filmar som var produserte innanfor rammene av eit budsjett med "normalkostnader", i 1950 stipulert til 300 000 kroner (Evensmo 1967:289).

7.3 | d Produksjonsbudsjett, talet på filmar pr. kostnadsband 2002-2011



NFI innleidde i 2010 ei oppfølging av kostnadsfordelinga i norsk filmproduksjon. Registreringa skjer på grunnlag av sluttkostnadsestimat og er sett opp etter hovudpostane i dei kalkyle- og rekneskapskjema som blir brukte i tilskottsbehandlinga i NFI. Registreringa er tidsforskyvd, fordi sluttkostnader som regel først er klare eit halvt til eitt år etter premieren. Oversikta omfattar berre spelefilm.²⁵ Sjå tabellen nedanfor.

Oversikta viser at snittkostnadene for ein spelefilm gjekk ned med over 9 millionar kroner frå 2008 til 2009. Årsaka er truleg at 2008-tala omfattar både *Kautokeino-opprøret* og *Max Manus*, som begge var kostbare produksjonar. I praksis fall kostnadsnivået dermed tilbake til eit normaleie, dvs. til ein total snittkostnad på 17-18 millionar kroner. Ser ein på den prosentvise fordelinga av kostnader mellom dei ulike postane, er det derimot svært små variasjonar, både samanlikna med 2008 og med referanseperioden 2002-2007. Berre "lanseringskopiar" har ein vesentleg lågare snittkostnad i 2009, sidan berre tre filmar er bokførte med lanseringskostnader. Truleg har dette samanheng med at det er blitt innført særskilde tilskott til lansering i perioden.

²⁵ Sluttkostnadsestimat manglar for tre filmar; éin film med avgrensa distribusjon er også halden utanfor oversikta.

7.3 | e Kostnadsfordeling, norske spelefilmar/kinofilmar 2002-2009 - Sluttkostnadsestimat

Produksjonsfase	Budsjettpost	2002-07		2008		2009	
		Snittkostnad	%	Snittkostnad	%	Snittkostnad	%
		61 filmar		17 av 23 filmar		15 av 23 filmar	
FORARBEID	Manusutvikling	563 036	3	961 161	4	725 765	4
	Prosjektutvikling	375 357	2	656 953	2	446 417	2
PRODUKSJON	Forarbeid	563 036	3	658 110	2	760 761	4
	Produksjon	2 064 465	11	2 855 026	11	1 752 194	10
	Regi	750 715	4	1 033 082	4	821 434	5
	Dekor	563 036	3	1 435 328	5	793 446	4
	Rekvisittar	563 036	3	1 120 645	4	707 785	4
	Special Effects	-	0	269 957	1	53 187	0
	Kostyme	375 357	2	732 861	3	373 166	2
	Sminke	187 679	1	304 532	1	216 550	1
	Foto	1 126 072	6	1 467 705	5	1 162 980	6
	Lys	563 036	3	801 878	3	748 187	4
	Grip	375 357	2	277 991	1	189 187	1
	Opptaksl lyd	375 357	2	360 228	1	314 128	2
	Skodespelarar	1 313 750	7	1 676 052	6	1 088 497	6
	Animasjon	-	0	-	0	-	0
	Reiser/transport	375 357	2	1 247 690	5	1 069 007	6
ETTERARBEID	Prod.etterarbeid	375 357	2	370 406	1	477 704	3
	Klipp	563 036	3	608 579	2	586 448	3
	Lydetterarbeid	750 715	4	836 359	3	723 862	4
	Musikk	375 357	2	486 200	2	362 755	2
	Digitale effektar	187 679	1	723 535	3	333 279	2
	Laboratorium	1 313 750	7	1 342 365	5	1 164 288	7
ADMINISTRASJON	Administrasjon	1 876 786	10	2 614 216	10	1 980 032	11
LANSERING	Lanseringskopiar	2 815 180	15	3 894 447	14	843 385	5
	Andre versjonar	-	0	-	0	-	0
	Samla	18 392 506	98	26 735 306	98	17 694 444	98

Kjelde: 2005-2007 Hegna (2009) / 2008-2009 NFI

7.4 Sterke filmmiljø

7.4.1 Geografisk spreiring i premierefilmer

25 av årets 32 premierefilmer er produserte av produksjonsselskap med adresse i Oslo og Akershus, fire er produserte av selskap lokaliserte i Nord-Noreg, to på Vestlandet og to på Austlandet. Dette utgjør den største spreiringa i kvar produksjonsselskapet høyrer heime dei siste fire åra.

21 av 32 filmer er innspelte utanfor Oslo og Akershus. Det utgjør 66 % av årets premierefilmer. Landsdelane som oftast er brukt som innspelingsstad dei siste fire åra, er Oslo og Akershus (38 filmer), Austlandet (23) og Vestlandet (17). Også innspelingsstader utanfor Noreg finn vi relativt ofte, for dei siste fire åra gjeld det 10 filmer.

7.4.1 | a Tal på premierefilmer fordelte på landsdelar: heimkommunen til produksjonsselskapet og innspelingsstad

	Heimkommunen til produksjonsselskapet				Innspelingsstad (majoritet)			
	2008	2009	2010	2011	2008	2009	2010	2011
Oslo og Akershus	19	17	19	25	13	7	7	11
Vestlandet	0	4	2	2	4	5	4	4
Austlandet	1	1	3	2	2	7	6	8
Sørlandet	1	0	1	0	1	0	1	0
Midt-Noreg	1	0	0	0	0	1	0	0
Nord-Noreg	0	1	2	4	2	2	1	1
Utlandet	-	-	-	-	0	0	3	7
Anna ²⁶	-	-	-	-	2	0	3	1

7.4.2 Geografisk spreiring i søknadsmassen

61 % av alle produksjonsselskap som søkte tilskott til utvikling og produksjon (kinofilm, dokumentar, kortfilm, fjernsynsdrاما og interaktive produksjonar), har adresse i Oslo, 8 % har adresse i Akershus, 8 % i Hordaland, og mellom 0 og 4 % av søknadene kom frå dei resterande fylka.

Talet på søknader er omtrent proporsjonalt med talet på tilskott til dei respektive fylka. Flest tilskott til produksjonsselskap med adresse i Oslo (146), deretter Akershus (15) og Hordaland (11). Produksjonsselskap med adresse i Troms har i 2011 ein spesielt høg del tilskott (9) og ein tilsvarande høg prosentdel av søknadene (4 %).

Talet på søknader om produksjonstilskott åleine fordeler seg med 55 % frå Oslo, 7 % frå Akershus, 5 % frå Hedmark og Sør-Trøndelag. Dei resterande fylka fordeler seg med mellom 0 og 3 % av søknadene, sjå tabell 7 | h (neste side). Tilskotta fordeler seg tilsvarande for Oslo og Akershus, med høvesvis 154 og 25 millionar kroner i produksjonstilskott. Vidare er Troms tildelt 8,5 millionar kroner, Rogaland 6 millionar kroner og Hordaland 4,5 millionar kroner, fylke som utgjør høvesvis 3 %, 2 % og 10 % av søknadene.

²⁶ Filmar med mange ulike innspelingsstader, studio- og animasjonsfilmer.

7.4.2 | a Tal på søknader og tilskott fordelt på fylke


Søknader utvikling & produksjon			Tilskott til utvikling & produksjon				
Fylke	N	Andel	Kino	Kort	Dok.	TV	Interaktiv
Akershus	44	8 %	7	0	8	0	0
Aust-Agder	1	0 %	0	0	1	0	0
Buskerud	16	3 %	2	0	3	0	5
Finnmark	6	1 %	1	0	2	1	0
Hedmark	16	3 %	0	0	0	0	5
Hordaland	48	8 %	4	3	4	0	2
Møre og Romsdal	4	1 %	0	1	0	0	0
Nordland	9	2 %	1	0	0	0	0
Nord-Trøndelag	0	0 %	0	0	0	0	0
Oppland	3	1 %	0	0	0	0	0
Oslo	345	61 %	49	28	39	25	5
Rogaland	9	2 %	1	1	4	0	0
Sogn og Fjordane	2	0 %	0	0	0	0	0
Sør-Trøndelag	21	4 %	0	1	3	0	1
Telemark	1	0 %	0	0	0	0	0
Troms	20	4 %	2	2	4	1	0
Vest-Agder	7	1 %	0	0	0	0	0
Vestfold	8	1 %	2	1	1	0	2
Østfold	9	2 %	2	0	0	0	0

Sjå neste side for oversikt over tilskott tildelte per landsdel.

7.4.2 | b Tilskott fordelt på fylke

Søknader produksjonstilskott			Tilskott til produksjon (kr)				
Fylke	N	Andel	Kino	Kort	Dok.	TV	Interaktiv
Akershus	20	7 %	21 808 323	0	3 185 000	0	0
Aust-Agder	2	1 %	0	0	1 040 000	0	0
Buskerud	14	5 %	500 000	0	2 115 000	0	3 575 000
Finnmark	3	1 %	0	0	0	3 000 000	0
Hedmark	14	5 %	0	0	0	0	825 000
Hordaland	30	10 %	1 100 000	550 000	1 550 000	0	1 200 000
Møre og Romsdal	0	0 %	0	0	0	0	0
Nordland	5	2 %	1 600 000	0	0	0	0
Nord-Trøndelag	0	0 %	0	0	0	0	0
Oppland	2	1 %	0	0	0	0	0
Oslo	164	55 %	108 413 000	14 470 000	9 148 000	18 800 000	3 100 000
Rogaland	5	2 %	0	345 000	5 575 000	0	0
Sogn og Fjordane	2	1 %	0	0	0	0	0
Sør-Trøndelag	14	5 %	0	350 000	2 240 000	0	300 000
Telemark	1	0 %	0	0	0	0	0
Troms	10	3 %	940 000	2 350 000	1 215 000	4 000 000	0
Vest-Agder	7	2 %	0	0	0	0	0
Vestfold	4	1 %	800 000	0	0	0	1 000 000
Østfold	3	1 %	0	0	0	0	0

Produksjonstilskott totalt
i % og kroner



8 Kvalitet og mangfold: resultatmål 3B

Kvinner skal inneha minst 40 % av nøkkelposisjonane i norsk film.

Undersøkinga "Likestilling på filmområdet", som NFI la fram i 2011, konkluderer med at målet om 40 % kvinner i sentrale funksjonar er innfridd eller er i ferd med å bli innfridd.

På tilskottsnivå var det i 2011 35 % kvinner i sentrale funksjonar (alle typar produksjonstilskott). Same kvinneprosent finst på søknadsnivå.

Konsulentvurderte kinofilmar hadde i 2011 42 % kvinner i sentrale funksjonar blant filmar som vart innvilga tilskott, same prosentdel som på søknadsnivå. For marknadsvurderte filmar var det derimot 17 % kvinner på tilskottsnivå og 20 % på søknadsnivå.

For dokumentarfilm gjekk kvinneprosenten noko tilbake i 2011 (frå 45 % til 32 %), men er venta å stige igjen. For kortfilm har kvinneprosenten lege stabilt over 40 % sidan 2008.

8.1 Tiltak for å nå målet om 40 % kvinner i nøkkelposisjonar

Styret i NFI la i 2011 fram rapporten "Likestilling på filmområdet". Rapporten tek for seg dei tiltaka NFI har sett i verk, og dessutan forslag til nye tiltak på området. Nokre av tiltaka er samanfallande med forslag som vart fremja i bransjerådets rapport "Ta alle talentene i bruk", andre er sette i verk i tråd med NFIs eigen tiltaksplan.

NFI praktiserer moderat kjønnskvoltering når det er mogleg og ved tildeling av alle førehandstilskott. Dei siste to-tre åra har kvinneprosenten i tilskotta vore høgare enn i søkjarmassen. I dei fleste ordningar er det ei positiv utvikling, slik at målet om 40 % kvinner er innfridd eller i ferd med å bli innfridd.

I talentprogramma "Nye veier til dokumentar" er kvinnedelen ca. 50 %. Vekst i prosjekt (VIP) er arbeidsstipend som blir delte ut til talentfulle filmskaparar. Stipenda blir fordelte likt mellom begge kjønn. Tilskott til pakkefinansiering er også fordelte likt mellom kvinnelege og mannlege regissørar.²⁷

NFI har innført søknadsfristar²⁸ eller spesielle datoar for disponering av tilskottsmidlane, slik at søkjarane blir vurderte direkte opp mot kvarandre.

NFIs tilskottsdel i dei enkelte prosjekta har auka, både i prosent og nominelt.²⁹ Dette er i utgangspunktet ikkje meint som eit likestillingstiltak, men det har vore ei oppfatning at bransjen vil bli meir tiltrekkjande for kvinner dersom budsjettsituasjonen tillèt gode arbeidsforhold.

NFI har vidare følgd ein eigen utarbeidd tiltaksplan for ein betra kjønnsbalanse i 2011. Blant anna har NFI hatt eit spesielt fokus på kvinner når det skal veljast deltakarar til meisterklassar og seminar. Fleire arrangement har vore leidde av markante kvinnelege filmskaparar. Målet er å leggje til rette for nettverksbygging mellom aktørar som har ei aktiv haldning til målsetjinga om fleire kvinner i filmbransjen. Det vart i 2011 tildelt fire filmrekrutteringsstipend, av dei tre til kvinner.

NFI har oppretta ei mentorordning for kvinner i samarbeid med bransjeorganisasjonane.³⁰

Å opprette tilskottsordninga "Nye veier til lange filmer" er eit anna tiltak NFI er gjennomført etter anbefaling i rapporten "Likestilling på filmområdet". Ordninga blir rekna som ein viktig faktor i rekrutteringa. Ut frå erfaringa med konsulenttildelingar er det grunn til å tru at dette raskt vil kunne høgne den totale kvinnedeltakinga også. Ordninga startar frå januar 2012.

²⁷ Foreslått i bransjerådets rapport.

²⁸ Foreslått i bransjerådets rapport.

²⁹ Foreslått i bransjerådets rapport.

³⁰ Foreslått i bransjerådets rapport.

8.2 Kvinnedeltaking i premiefilmar

Kvinnedeltakinga blir tald for nøkkelposisjonane regissør, manusforfattar og produsent. Kvar nøkkelposisjon får mellom 0 og 1 poeng. Ingen kvinner i posisjonen gir 0 poeng, éi eller fleire kvinner gir 1 poeng, éi kvinne og éin mann gir 0,5 poeng, og så vidare.

I årets premiefilmar er totalt 24 av 96 nøkkelposisjonar fylte av kvinner. Det utgjør ei kvinnedeltaking på 25 %. Dei siste fire åra viser ein jamn auke i prosentdel kvinner i premiefilmar, men årets resultat utgjør ein nedgang frå 2010 (29 %). Filmar med førehandstilskott frå NFI ligg noko høgare, med ei kvinnedeltaking på 30 %. Filmar utan førehandstilskott har ei kvinnedeltaking på 20 %. Dei siste tre åra har det vore registrert ein høgare prosentdel kvinner i filmar med førehandstilskott frå NFI.

Årsaka til den lågare kvinnedeltakinga i premiefilmar i 2011 er samansett og kan også handle om periodiske svingingar. NFI tek i bruk dei verktøya som er tilgjengelege for å auke kvinnedeltakinga i norsk filmproduksjon. Auka fokus blant alle aktørar i bransjen og omtale i media blir rekna som eit viktig bidrag til at kvinneprosenten i produksjonstilskott for kunstnarleg kinofilm vart 42 % i 2011, mot 32 % i 2010. Ein høg kvinneprosent i tildelingar gir eit godt grunnlag for auka kvinnedeltaking i premiefilmar.

8.2 | a Kvinnedeltaking i norske premiefilmar 2011

	Premiefilmar 2011							
	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Kinofilm	5	16 %	7,5	23 %	11,49	36 %	24	25 %
- av dei MED førehandstilskott	4	25 %	5	31 %	5,5	34 %	14,5	30 %
- av dei UTAN førehandstilskott	1	6 %	2,5	16 %	6	37 %	9,5	20 %

8.2 | b Kvinnedeltaking i norske premiefilmar 2007-2011

	Premiefilmar historisk				
	2007	2008	2009	2010	2011
Regi	37 %	9 %	20 %	24 %	15 %
Manus	9 %	13 %	17 %	32 %	23 %
Produsent	25 %	24 %	17 %	20 %	35 %
Totalt	10 %	23 %	24 %	29 %	25 %

8.4 Kvinneprosent i søknader og tilskott

Oversiktene i dette kapittelet inneheld følgjande: Kinofilm inkluderer marknadsvurdert, konsulentvurdert (kunstnarleg vurdert), pakkefinansiert kinofilm fiksjon, og dessutan kinodokumentar. Minoritetssamproduksjonar er ikkje inkluderte. Dokumentar inkluderer enkeltstående, seriar og nye vegar til dokumentarfilm. Kortfilm inkluderer ordinær kortfilm og nye vegar til korte filmar.

I 2011 er 42 % av nøkkelposisjonane for produksjonstilskott til kinofilm etter konsulentvurdering kvinner. Dette er den høgaste kvinneprosenten som er registrert, og samanlikna med 2010 (32 %) har det vore ein vekst på 31 % i løpet av året 2011.

I 2011 har det også vore ein høg prosentdel kvinner som søkte om produksjonstilskott til konsulentvurdert kinofilm, 42 % av nøkkelposisjonane i alle mottekne søknader var kvinner. Samanlikna med 2010 (15 %) utgjer dette ein vekst på 180 % i løpet av året 2011. Ein høgare prosentdel kvinner i søknadene gjer det mogleg å gjennomføre ei meir effektiv moderat kjønnskvolterering.

For marknadsvurdert kinofilm er kvinneprosenten i produksjonstilskott 17 %. Dette utgjer ein liten auke frå 2010 (15 %). NFI ser at det er færre kvinner i nøkkelposisjonar i filmprosjekt som søker marknadsvurdert tilskott enn i prosjekt som søker etter kunstnarleg vurdering. I 2011 var det ein kvinnedel på 20 % i søknader etter marknadsvurdering, mot 42 % kvinner i søknader etter kunstnarleg vurdering. Ein låg kvinneprosent blant søkerar er truleg ein del av årsaka til den låge prosentdelen kvinner også i tildelingar.

Årets kvinneprosent i produksjonstilskott til kinodokumentar er 0 %. Dette skuldast at det berre vart to som søkte og at ingen av dei fekk tilskott. NFI meiner dette kjem av normale variasjonar og omdisponering av midlar. I 2011 vart større tilskott tildelte færre prosjekt, noko som gjer desse variasjonane meir synlege. Men det ligg an til ein høgare kvinneprosent for kinodokumentar i 2012.

For kinofilm samla er kvinneprosenten i produksjonstilskott 31 %, mot 27 % i 2010. Med unntak av nedgangen i fjor har det frå 2007 vore ein jamn auke i prosentdelen kvinner (sjå tabell 8 | d). Målet om 40 % kvinner er ikkje nådd, men NFI forventar at dei igangsette tiltaka og bevisstgjerung blant aktørane i bransjen framleis vil sikre at det blir fleire kvinner i nøkkelposisjonar.

8.3 | a Prosentdel kvinner søknader og tilskott, produksjonstilskott

	Produksjonstilskott			
	Søknadsmassen		Tilskottsmassen	
	N	%	N	%
Kinofilm	31	27 %	14	31 %
- av dei marknadsvurdert fiksjonsfilm	12,5	20 %	1,5	17 %
- av dei konsulentvurdert fiksjonsfilm (inkl. pakkefinansiering)	16,5	42 %	12,5	42 %
- av dei kinodokumentar	2	17 %	0	0 %
Dokumentar	114,5	39 %	30	32 %
Kortfilm	69	34 %	26,5	42 %
Totalt	214,5	35 %	70,5	35 %

Kvinneprosenten for produksjonstilskott til dokumentarfilm (for fjernsyn) er i 2011 32 %, ein nedgang frå fjorårets 45 %. Men det ligg an til at kvinneprosenten vil auke og lande på eit høgare nivå i 2012.

Når det gjeld kortfilm, ligg kvinneprosenten for produksjonstilskott på same nivå som i 2010, 42 %. Kvinneprosenten for dokumentar- og kortfilm ligg normalt over målet om 40 %, og trass i årets nedgang for dokumentarfilm er det grunn til å tru at nivået igjen vil stabilisere seg på i overkant av 40 %.

Kvinneprosenten for kinofilm, dokumentarfilm (for fjernsyn) og kortfilm samla er 35 %, både blant søknadene om og blant tildelte produksjonstilskott (sjå tabell 8 | c).

Talet på kvinner fordeler seg relativt jamt på dei tre nøkkelposisjonane i alle tre formata (kinofilm, dokumentarfilm og kortfilm). Samla er talet på kvinner, eller poeng, for regi 24, for manusforfattarar 23 og for produsentar 23,5. For kinofilm åleine er tilsvarande tal 5, 5 og 4 poeng.

8.3 | b Prosentdel kvinner produksjonstilskott historisk

	Produksjonstilskott historisk				
	2007	2008	2009	2010	2011
Kinofilm	19 %	24 %	32 %	27 %	31 %
Dokumentar	40 %	48 %	43 %	45 %	32 %
Kortfilm	34 %	39 %	48 %	42 %	42 %

8.3 | c Prosentdel kvinner produksjonstilskott 2011

	Produksjonstilskott							
	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Kinofilm	5	33 %	5	33 %	4	27 %	14	31 %
Dokumentar	11	35 %	11	35 %	8	26 %	30	32 %
Kortfilm	8	38 %	7	33 %	11,5	55 %	26,5	42 %
<i>Totalt</i>	24	36 %	23	34 %	23,5	35 %	70,5	35 %

8.3 | d Kvinner i søknader og tilskott - andre

	Produksjonstilskott			
	Søknader		Tilskott	
	N	%	N	%
Fjernsynsseriar fiksjon	17,5	42 %	9,5	45 %
Interaktive produksjonar (utviklingstilskott)	28	21 %	9	23 %

9 Kvalitet og mangfald: resultatmål 3C

Norske kort- og langfilmer, dokumentarfilmer og fjernsynsdrama skal konkurrere om viktige internasjonale prisar.

2011 representerer eit rekordår for prisar og festivaldeltaking for norske filmar. Norske kinofilmar fekk 66 prisar, dokumentarfilmer 26 prisar og kortfilmer 39 prisar ved internasjonale filmfestivalar i 2011. 32 kinofilmar, 23 dokumentarfilmer og 41 kortfilmer vart valde ut til festivalar med juryert deltaking.

NFI har utarbeidd lister over prioriterte festivalar og yter tilskott til lansering av filmar som blir tekne ut til desse festivalane. NFI yter også praktisk og organisatorisk assistanse i slike tilfelle. I tillegg har NFI i 2011 utgitt to rettleiingar for produsentar som sjølve presenterer filmene sine på festivalar i utlandet.

NFI har i løpet av 2011 sett i gang ei utgreiing med sikte på å utarbeide ein samla strategi for den internasjonale verksemda til instituttet.

9.1 Tiltak for å nå målet om at norske produksjonar skal konkurrere om internasjonale prisar

NFI har i 2011 redusert talet på filmar i festivaldistribusjon gjennom ei endring av inntakskriteria, der filmens internasjonale potensial er det viktigaste kriteriet. Talet på festivalar NFI arbeider med, er også redusert. Dette tiltaket gjer det mogleg å arbeide meir effektivt for dei filmane som har ein reell sjanse til å delta og å vinne prisar på dei viktigaste festivalane, og å oppnå internasjonalt sal.

NFI har i 2011 også publisert to handbøker for produsentar som skal lansere film på internasjonale festivalar. Målet for dette tiltaket er at norske produsentar i større grad skal kunne jobbe målretta mot den internasjonale marknaden. Samtidig gir dette produsentar av dei filmane NFI ikkje prioriterer å arbeide med, ein betre sjanse til å gjere jobben sjølv.

NFI har i 2011 starta arbeidet med å utarbeide ein samla strategi for NFIs internasjonale arbeid. NFIs internasjonale strategi er klar i slutten av mars 2012.

9.2 Festivaldeltaking og prisar i tal

Følgjande tabellar presenterer norsk festivaldeltaking og prisar for kinofilm, kortfilm og dokumentarfilm i 2011.

Det blir skilt mellom titlar som har delteke i konkurranse, og titlar som har delteke i festivalprogram som ikkje er konkurranse. I tabellane nedanfor presenterer vi tal for festivalar med titlar i konkurranse eller program, talet på norske titlar i konkurranse (kvar tittel blir tald berre éin gong) og konkurransedeltaking totalt (kvar tittel blir tald for kvar gong han har delteke), talet på prisar vunne og talet på land norske titlar har delteke i.

9.2 | a Kinofilm fiksjon - festivaldeltaking og prisar

Talet på	2009	2010	2011
Festivalar med titlar i konkurranse eller program	145	167	217
Norske titlar i konkurranse	n/a	n/a	32
Konkurransedeltaking totalt	n/a	n/a	114
Prisar vunne	46	36	66
Land (med norsk deltaking)	48	50	57

9.2 | b Kortfilm - festivaldeltaking og prisar

Tal	2009	2010	2011
Festivalar med titlar i konkurranse eller program	166	170	167
Norske titlar i konkurranse	n/a	n/a	41
Konkurransedeltaking totalt	n/a	n/a	107
Prisar vunne	28	80	39
Land (med norsk deltaking)	45	38	42

9.2 | c Dokumentarfilm - festivaldeltaking og prisar

Tal	2009	2010	2011
Festivalar med titlar i konkurranse eller program	88	70	95
Norske titlar i konkurranse	n/a	n/a	23
Konkurransedeltaking totalt	n/a	n/a	70
Prisar vunne	13	14	26
Land (med norsk deltaking)	46	31	37

9.3 Prioriterte internasjonale festivalar

NFI arbeider etter eit sett prioriterte internasjonale festivalar som også kvalifiserer for tilskott. Dei følgjande tabellane viser talet på filmar i konkurranse og prisar vunne ved dei største festivalane i åra 2009–2011. I tillegg til festivalane som er presenterte her, har NFI utarbeidd ei utvida liste over andre prioriterte festivalar som også kvalifiserer for tilskott for kinofilm fiksjon, kortfilm og dokumentarfilm. Oversikt over desse festivalane finst i vedlegg 1.

Norsk kinofilm fiksjon oppnår gode resultat ved dei største prioriterte festivalane, sju filmar i konkurranse 2011, seks i 2010 og ni i 2009. Tilsvarende prisar utgjer tre i 2011, to i 2010 og tre i 2009. Norske filmar utmerkte seg spesielt ved Berlinalen, der fire filmar deltok i konkurranse i 2011 og to prisar vart vunne.

9.3 | a NFIs liste over prioriterte internasjonale festivalar for kinofilm fiksjon

Festival	Filmar i konkurranse			Prisar		
	2009	2010	2011	2009	2010	2011
Sundance	1	0	1	0	0	1
Berlin	1	3	4	2	1	2
Cannes	0	0	1	0	0	0
Annecy	1	0	0	0	0	0
Karlovy Vary	2	0	0	0	0	0
Venezia	0	0	0	0	0	0
Toronto	3	2	0	0	0	0
San Sebastian	1	1	0	1	1	0
<i>Totalt</i>	9	6	7	3	2	3

9.3 | b NFIs liste over prioriterte internasjonale festivalar for kortfilm, 2009-2011

Festival	Filmar i konkurranse			Prisar		
	2009	2010	2011	2009	2010	2011
Sundance	0	3	0	0	0	0
Rotterdam	0	1	0	0	0	0
Clermont-Ferrand	2	2	1	0	3	0
Berlin	1	1	2	2	0	0
Aspen	1	3	3	0	2	1
Cannes	0	0	1	0	0	0
Annecy	4	2	1	1	2	0
Palm Springs	1	6	1	0	2	0
Venezia	1	0	0	0	0	0
Chicago (berre barnefilm)	10	8	7	1	1	2
<i>Totalt</i>	20	26	16	4	10	3

9.3 | c NFIs liste over prioriterte internasjonale festivalar for dokumentarfilm

Festival	Filmar i konkurranse			Prisar		
	2009	2010	2011	2009	2010	2011
Sundance	0	1	0	0	0	0
Rotterdam	0	1	0	0	0	0
Berlin	0	0	0	0	0	0
Toronto (Hot Docs)	3	1	1	0	0	0
Tribeca	1	0	0	0	0	0
Venezia	0	0	0	0	0	0
Toronto (TIFF)	0	1	0	0	0	0
Sheffield	1	1	0	0	0	0
Amsterdam	1	2	3	0	0	0
<i>Totalt</i>	<i>6</i>	<i>7</i>	<i>4</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Utvida liste over prioriterte festivalar

I 2011 deltok fire filmar i konkurranse ved tre av dei andre prioriterte festivalane for kinofilm fiksjon. Av dei fire i konkurranse vart to prisar vunne ved Roma Film Fest og éin ved Tribeca Film Festival.

For kortfilm opererer NFI med ei utvida liste over 16 andre prioriterte festivalar. I 2011 deltok fire filmar i konkurranse ved tre av desse festivalane. Til saman vart tre prisar vunne, ved Hamburg Short Film Festival, Abu Dhabi Film Festival og Ottawa Animation Festival.

For dokumentarfilm inneheld lista over andre prioriterte festivalar 18 festivalar. I 2011 deltok ni filmar i konkurranse ved desse festivalane, og to prisar vart vunne, éin ved CPH:DOX og éin ved Thessaloniki Film Festival. Den utvida lista over prioriterte festivalar finst i vedlegg 1.

DELMÅL 4
FILMKULTUR FOR ALLE

10 Filmkultur for alle: resultatmål 4A

Sikre den norske filmarven og gjere han tilgjengeleg på alle plattformer.

NFI arbeider systematisk med å gjere den norske filmarven tilgjengeleg for flest mogleg brukarar på alle relevante plattformer.

Marknaden for dvd-ar er fallande. Likevel selde NFI 9 500 dvd-eksemplar i 2011 og har inngått avtale om sal via nettbokhandlarar.

I samarbeid med Nasjonalbiblioteket har NFI i 2011 gitt ut tre norske arkivfilmar på dvd.

Meir enn 1 000 norske filmtitlar er tilgjengelege på NFIs klikkefilmtjeneste filmrommet.no.

NFI organiserer ei rekkje utstillingar med filmhistoriske tema på Filmens Hus i Oslo. Gjennom eit omfattande materiale på nett er utstillinga "Norsk spillefilm 100 år" også tilgjengeleg for publikum i heile landet.

10.1 Tiltak for å nå målet om å sikre og gjere den norske filmarven tilgjengeleg

NFI har som oppgåve å gjere den norske filmarven tilgjengeleg for eit breiast mogleg publikum. Hovudtiltaka for å nå dette målet er NFIs klikkefilmtjenester, dvd-utgivingar, Cinemateket, Filmmuseet og utstillingar på nfi.no og Filmens Hus.

NFI har ca 1 000 norske spelefilmar, barnefilmar, kort- og dokumentarfilmar tilgjengeleg i klikkefilmtjenestene sine. Internett har blitt ei sentral plattform for NFIs formidlingsarbeid.

NFI har i 2011 fokusert særskilt på å skape relevante og kunnskapsbaserte opplevingar på Filmens Hus, og på å formidle kunnskapsbaserte tema om film på Internett. Det vart gjennomført fleire tiltak for å gjere Filmens Hus til eit fokuspunkt for formidling av filmarven og aktuelle tema knytte til norsk film. Det største tiltaket er utstillinga "Norsk spillefilm 100 år".

I 2011 gav NFI ut tre dvd-ar med sentrale filmar frå norsk filmhistorie. Til alle utgivingane har det vore skriva omfattande dokumentasjonsmateriale som del av produktet. Særskilde visingar, tiltak overfor pressa og utstillingar har vore ein del av lanseringane. Utgivinga *Roald Amundsen-Lincoln Ellsworths flyveekspedisjon 1925* var eit samarbeidsprosjekt mellom Nasjonalbiblioteket og NFI. Utgivingane blir selde i Filmens Hus og gjennom NFIs nettbutikk. Enkelte utgivingar blir selde gjennom dei større videoforhandlarane som Platekompaniet og VideoNova.

10.2 Utgivingar

Det vart i 2011 selt om lag 9 500 dvd-ar produserte av NFI. Marknaden for dvd gjennom tradisjonelle kanalar har gått kraftig ned dei siste åra. For å kompensere for noko av nedgangen inngjekk NFI i 2011 ein avtale med Den Norske Bokdatabasen om sal av ein del av NFIs titlar gjennom norske nettbokhandlarar.

NFI har med støtte frå Utanriksdepartementet utgitt tre arkivfilmar i samarbeid med Nasjonalbiblioteket: *Roald Amundsen– Lincoln Ellsworths flyveekspedisjon 1925*, *Bare et liv* og *Eddie & Suzanne*.

Roald Amundsen–Lincoln Ellsworths flyveekspedisjon 1925 vart lansert under opninga av Nansen–Amundsen-året 2011 i Tromsø. Begge utgivingane med Amundsens polarfilmar har selt godt og har fått stor merksemd både nasjonalt og internasjonalt. *Bare et liv*, spelefilmen om Frithjof Nansen (Sergej Mikaeljan, NOSSR 1967), har vore etterspurd frå utlandet, særleg Russland og Ukraina.

I samband med fotoutstillinga med Arild Kristos bilete vart det produsert ein dvd med Kristios spelefilm *Eddie & Suzanne* (1975) og med kortfilmene hans som ekstramateriell, blant dei *Kristoball*.

Salet av *Eddie & Suzanne* har vore lågare enn estimert, men NFI ser på utgivinga som viktig ut frå målet om å sikre og gjere norsk filmarv tilgjengeleg.

10.2 | a Sal av egne og innkjøpte utgivingar

	2010	2011	10-11 %
Eigne utgivingar	16 100	9 506	-69 %
Innkjøpte utgivingar	1 575	1 888	+19 %
- av dei bøker	-	561	-
Totalt 2011	17 675	11 394	-55 %

10.2 | b Eigne utgivingar 2011

Kvartal	Tittel	Lansering	Talet på selde per 31.12.11
1	Vindenes Hus	18. januar	236
1	Roald Amundsen–Lincoln Ellsworths flyveekspedisjon 1925	20. januar	1 368
2	Brødre i krig	5. april	201
2	Eddie & Suzanne	3. mai	160
2	Norsk kort 010	18. juni	300
3	Bare et liv	1. august	233
3	Konger av Oslo	8. september	193
4	Edith Carlmar – betre enn sitt rykte	15. november	18
4	Kortfilm for bokorm	14. desember	8
4	1994- ASYLUM	7. desember	7

10.3 Klikkefilm

Klikkefilm er eit viktig tiltak for å gjere filmarven tilgjengeleg for interesserte over heile landet. NFI har ca. 1 000 norske spelefilmar, barnefilmar, kortfilmar og dokumentarfilmar tilgjengeleg i klikkefilmtenestene filmarkivet.no og filmrommet.no. Med nye alliansepartnarar på distribusjonssida og auka tilgang frå NFIs nettsider er det venta fleire brukarar av dette tilbodet. Det ligg også i planane å tekste fleire av filmane på engelsk for å kunne presentere tilbodet for utanlandske brukarar.

Filmarkivet.no inneheld NFIs nasjonale digitale filmarkiv saman med Norgesfilms filmkatalog. Filmene er tilgjengelege for alle mot betaling. I arkivet finst først og fremst filmar frå den norske filmhistoria, men også utanlandske filmar, prisvinnarar, reklamefilmar og lokalhistoriske opptak. Mange av filmene er ikkje tilgjengelege nokon annan stad.

NFI har også ei eiga klikkefilmteneste som er retta mot skolar, bibliotek og offentlege institusjonar, filmrommet.no. Tenesta bruker same database som filmarkivet.no og gir tilgang til over 1400 filmar i månaden.

10.3 | a Dei ti mest sette filmene i Filmrommet 2011

Tittel	Talet på påsyn per 31.12.11
Tuba Atlantic	101
Døden på Oslo S	85
Fia og klovnene	62
Pornostjerne?	62
Upperdog	53
Kaptein Sabeltann og grusom	52
1732 Høtten	43
Hjerteklipp	41
Store gutter gråter ikke	41
Fjols til fjells	39

11 Filmkultur for alle: resultatmål 4B

Eitt breitt filmtilbod i fjernsyn, bibliotek og digitale kinoar i heile landet.

NFI har i 2011 tildelt 2,68 millionar kroner til 27 filmkulturelle tiltak (post 78-midlar).

NFIs hovudarena for filmformidling er Filmens Hus i Oslo. Her arrangerer NFI festivalen EUROODOK som eige tiltak, er medarrangør av festivalane Film fra Sør, Oslo Internasjonale Filmfestival og Skeive Filmer, og samarbeider om visingar med Kortfilmfestivalen, Oslo Comix Expo, Inferno-festivalen og Oslo Screen Festival.

NFI organiserte i 2011 i alt 12 utstillingar i Filmens Hus med tema frå norsk og internasjonal filmkultur.

Filmmuseet er ope alle dagar og har ei jamn tilstrøyming av besøkjande. Museets temautstillingar er også tilgjengelege gjennom bilete, artiklar og studieopplegg på nett.

Cinematketet i Oslo hadde i 2011 ein betydeleg besøksauke. Med 54 500 besøk er Cinematketet i Oslo å rekne blant Noregs 40. største kino. Cinematketet utvida tilbodet til barn og unge vesentleg i 2011, med faste visningar kvar helg. 4 800 besøk er nær ei tredobling frå 2010.

Filmens Hus er også arena for ei rekkje bransjetiltak, både kurs, møte og filmvisingar.

NFI samordnar nettverksarbeidet Det digitale cinemateket med cinemateka i Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand, Tromsø og Lillehammer som deltakarar. Nær 7 800 tilskodarar følgde visingane på Det digitale cinemateket i 2011, som var det første året i ordinær drift etter ein prøveperiode sidan hausten 2008.

Norske fjernsynskanalar viste 152 norske kinofilmar i 2011, med eit samla tilskodartal på (minst) 10,7 millionar. Allmennkringkastarane NRK og TV2 er dei utan samanlikning største visingskanalane for norske filmar, mens andre norske fjernsynskanalar i svært liten grad viser norske filmar.

11.1 Tiltak for å nå målet om eit breitt filmtilbod i fjernsyn, bibliotek og digitale kinoar

For å møte målet om eit breitt filmtilbod arrangerer NFI festivalar på Filmens Hus, visingar på Cinemateket, samarbeidsprosjektet Det digitale cinemateket, støtte til filmkulturelle tiltak og satsinga på eit utvida tilbod til barn og unge.

NFIs Cinematek er medarrangør av festivalane Film fra Sør, Oslo Internasjonale Filmfestival og Skeive Filmer. NFI samarbeider også med Kortfilmfestivalen, Oslo Comics Expo, Inferno-festivalen og Oslo Screen Festival. I tillegg arrangerer NFI EURODOK – den europeiske dokumentarfilmfestivalen. I 2011 viste EURODOK ni norske filmar og 30 nye europeiske dokumentarar.

Cinemateket hadde i 2011 eit besøk på ca. 55 000 fordelt på 1500 visingar. Gjennom konseptet "Månedens film" har Cinemateket sett opp visingar av klassiske filmar i nye analoge eller digitale kopiar og nye filmar som ikkje får vanleg kommersiell distribusjon. Cinemateket har i 2011 satsa på eit utvida tilbod til barn og unge. Barnas Cinematek og Cinemateket UNG har Cinemateket hatt med faste visingar laurdag og søndag vore godt besøkte.

Nasjonalt digitalt cinematek er eit nettverksamarbeid mellom NFI ved Cinemateket i Oslo og dei regionale cinemateka i Bergen, Kristiansand, Lillehammer, Stavanger, Tromsø og Trondheim om visingar av klassikarar i digital høgkvalitet, eller ny film som blir vurdert som særleg verdifull. Visingane er samkøyrde og blir viste samtidig over heile landet kvar torsdag under konseptet "Torsdagsfilmen".

NFI administrerer tilskott til filmkulturelle tiltak (post 78). I 2011 vart det tildelt 2,68 millionar kroner til i alt 27 ulike filmkulturelle tiltak. Tiltaka skal blant anna bidra til gode filmopplevingar, auka filmforståing og skal spegle eit kulturelt mangfald. Sjå 11.2 Filmkulturelle tiltak for ei liste over arrangement NFI har gitt støtte til.

11.2 Filmkulturelle tiltak

NFI forvaltar totalt 2,68 millionar kroner til publikumsretta filmkulturelle tiltak som underbyggjer dei nasjonale film- og kulturpolitiske måla (post 78).

NFI har i 2011 gitt tilskott til 27 filmkulturelle tiltak, med i alt 2,68 millionar kroner over post 78. I 2010 vart det same beløpet tildelt 33 filmkulturelle tiltak. Tildelingane har skjedd gjennom tre rundar med frist 1. februar, 1. juni og 1. oktober. Det var totalt søkt om 6 226 000 kroner. Tilskott til tiltak for barn og unge utgjer 940 000 kroner. Tildelingane spenner frå talentverkstader til bokutgivingar, frå filmprisar til lokale visingsprosjekt, tidsskrift og nettsider.

Tildelingane har vore styrte etter følgjande retningslinjer og særlege prioriteringar:

- Tiltak som er prega av høg kvalitet, kunstnarleg dristigheit og nyskaping, og der film er eit tydeleg element.
- Tiltak som bidrar til at film får ein sterk posisjon blant barn og unge, primært utanom skoletida.
- Tiltak som speglar eit kulturelt mangfald.
- Tiltak som bidrar til gode filmopplevingar, auka filmforståing eller kunnskap om filmhistorie hos deltakarane.

11.2 | a Filmkulturelle tiltak 2011

Mottakar	Formål	Tilskott
Hanne Frey Husø	Formidling filmkunst	30 000
E6 Medieverkstedet i Østfold	Animasjonsverkstad barn og unge	100 000
Norsk Animasjonsforum	Bokutgiving	50 000
Montages DA	Nettstad	230 000
Grønnskjerm	Filmvisingar	50 000
Oslo Poesifestival	Filmvising barn og unge	40 000
Rushprint	Tidsskrift	480 000
Oslo Dokumentarkino	Filmvisingar med debatt	125 000
Bodø Internasjonale Orgelfestival	Filmvising	10 000
Film med mening	Filmvisingar med debatt	30 000
Mediefabrikken	Pilotprosjekt, talentutvikling barn	400 000
Kortfilmfestivalen	Gullstolen filmpris	50 000
Arne Skouen-prisen	Filmskapar	50 000
Minimalen Kortfilmfestival	Filmseminar	10 000
Filmkontakt Nord	Nordisk Panorama	400 000
Arthaus	Gratis utekino St. Hanshaugen	20 000
Arthaus	Nordisk råds filmpris 2011 og	75 000
Kon-Tiki	Kon-Tiki 60 år sidan Oscar.	70 000
Sommerøya Electronicafestival	Utevising av norsk kortfilm	10 000
Asker bibliotek	Filmveke - visingar med	10 000
Torkell Sætervadet	Bokutgiving: Digital Archive	50 000
Felbybc	Alternativ filmhistorie på dvd	50 000

<i>E6 Østfold medieverksted</i>	<i>Animert Laurdag</i>	20 000
Østnorsk Filmsenter	Talentseminar Amandusfestivalen	206 000
Nansenskolen	Vinterfilmseminaret	20 000
Bioprop	Videokurs i manusutvikling	49 000
<i>Filmport v/ Midtnorsk filmsenter</i>	<i>Manuskonkurranse for ungdom</i>	45 000
Totalt		2 680 000

To av prosjekta merka i kursiv fekk tildelt pengar, men bad ikkje om utbetaling i 2011. Det ble gjeitt tiskott på kr. 2.680.000, mens dei reelle utbetalingane vart kr 2.429.000.

11.3 Cinemateka

NFI har i 2011 avvikla 1501 opne publikumsframsyningar, med eit totalt besøk på 54 492. Av dette er 39 096 besøk på visingar i regi av NFI åleine eller saman med faste samarbeidspartnarar, og 15 396 er besøk på publikumsframsyningar i regi av eksterne arrangørar. Dette inneber ein solid oppgang frå 2010, da besøkstalet var 38 764. Dette er hovudsakleg eit resultat av to satsingar i 2011:

Utvida tilbod til barn og unge, gjennom Barnas Cinematek og Cinemateket UNG har vore svært vellukka og har resultert i ein auke i besøket frå 1 750 i 2010 til 4 830 i 2011.

Betre tilrettelegging for eksterne arrangørar: Auken i besøket på framsyningar i regi av eksterne arrangørar er eit resultat av at vi har frigjort tid i kinosalane for denne typen framsyningar og dessutan har handtert utleigeverksemda meir profesjonelt. Dette har bidratt til at inntektene frå kinodrifta har auka med over 60 % samanlikna med 2010.

NFI har i 2011 arrangert svært mange framsyningar for distributørar, presse, produsentar, filmskaparar, kino- og videobrandsje med meir. NFI avviklar òg ei rekkje seminar, konferansar og tekniske presentasjonar for bransjen, og dessutan publikumsvisingar arrangerte av andre og lukka visingar for ulike institusjonar og foreiningar. I september vart det opna for nettsal av billetter til alle publikumsframsyningar, inkludert til filmfestivalar, gjennom eiga nettside og Filmweb. Satsinga har vore teknisk krevjande å få på plass, men har så langt vore svært vellukka.

Cinemateket har i 2011 styrkt satsinga på konseptet Månedens film, der NFI har vist anten nyare filmar som ikkje får kommersiell distribusjon, eller klassiske filmar i nye analoge eller digitale kopiar. Spesielt populær var filmen *Enter the Void*, som vart sett av 1 042 i Oslo og 1 424 på landsbasis. Eit anna nytt konsept var Filmsamtalen, eit arrangement med aktuelle samtalar om film og filmpolitikk. Dette har vore eit populært tiltak blant både filmbransje og publikum.

Cinemateket hadde fleire utanlandske gjester i 2011. I januar og februar feira NFI Knut Erik Jensens 70-årsdag med ein stor retrospektiv filmserie, ei fotoutstilling og premiere på den siste dokumentarfilmen hans, *Det akutte menneske*. Den fleire gonger Oscar-nominerte amerikanske regissøren Todd Haynes og produsent Christine Vachon var inviterte av NFI:LAB for å halde meisterklasse og seminar. Cinemateket arrangerte i det høvet ei eksklusiv framsyning av tv-serien "Mildred Pierce" og ein samtale om Haynes' og Vachons karriere. Britiske Duane Hopkins besøkte Cinemateket i mars for å presentere filmen sin *Better Things*, i eit arrangement som vart kringkasta til dei seks andre norske cinemateka i konseptet Torsdagsfilmen. I april var H.M. kong Harald og H.M. dronning Sonja til stades på premieren av dokumentarfilmen *Selger 329* av Karianne Moe i dokumentarfilmkonseptet RÅFILM.

I mai inviterte NFI til møte med lyddesignaren Randy Thom, som presenterte filmen *Apocalypse Now!* på Cinemateket og heldt kurs for norske lydfolk i filmlyd i regi av NFIs kursavdeling. Japanske Koji Yamamura besøkte Cinemateket i september i samband med ein presentasjon av filmane hans i samarbeid med Japans ambassade.

Cinemateket er samarbeidspartnar og medarrangør av festivalane Film fra Sør, Oslo Internasjonale Filmfestival og Skeive Filmer og samarbeider med Kortfilmfestivalen, Oslo Comics Expo, Inferno-festivalen og Oslo Screen Festival. I tillegg arrangerer NFI sjølv EUODOK – den europeiske dokumentarfilmfestivalen.

Den 10. utgåva av EUODOK – den europeiske dokumentarfilmfestivalen på Cinemateket – sette ny publikumsrekord med eit besøk på 2 946 på fem dagar. Festivalen baud på ni norske dokumentarfilmpremiarar og eit program med nærare 30 andre nye europeiske dokumentarfilmar. EUODOK 2011 blei arrangert i samarbeid med Den europeiske unions delegasjon til Noreg, EUNIC, og

ulike europeiske ambassadar og kulturinstitutt. EUODOK-prisen 2011 gjekk til den svenske filmen *Ångrarna*.

Cinematket gjennomførte i 2011 ei rekkje samarbeid med eksterne institusjonar. Blant dei var Universitetet i Oslo, Det italienske kulturinstituttet, Norsk Psykoanalytisk Forening, Goethe Institut Norwegen, Centre Culturel Francaise, Francophonie-samarbeidet, EUNIC, Polens ambassade, Taiwans ambassade, Japans ambassade, Norges Blindeforbunds Ungdom, Miljøfestivalen, NOTAM, Tyrkisk ungdomsforening, Nordland Kunst- og Filmfagskole, Norsk Filmklubbforbund og fleire.

Blant dei mest populære samarbeidsprosjekta i 2011 finn vi desse:

Fellini-seminar 7-8. april 2011: Fageseminar om Federico Fellini med norske og utanlandske Fellini-ekspertar, følgt av ein full retrospektiv filmserie på Cinematket. Arrangert i samarbeid med Istituto Italiano di Cultura og Institutt for Medievitskap, Universitetet i Oslo. Arabiske Filmdager 2011, laurdag 30.04.-søndag 1.05., med filmframsyningar, paneldebattar og konsert. Arrangert i samarbeid med Film fra Sør og Babel Filmklubb.


11.3.1 Cinemateket i tal

11.3.1 | a Publikumsvisningar i regi av NFI og opne visningar arrangerte av andre

	2010		2011		10-11
	Publikumsvisningar	Besøk	Publikumsvisningar	Besøk	% besøk
Totalt 2011	1 166	37 996	1 501	54 492	+43 %

11.3.1 | b Tal på lukka arrangement og visningar på dagtid

	Tal	Besøk
Pressevisningar	245	3 675
Lukka eksterne visningar	109	1 308
Tekniske køyringar	84	252
Eksterne seminar	49	4 900
Filmtreff	30	4 500
Kvelds- og helgefamsyningar	171	25 650
NFI-arrangement dagtid	95	8 550
<i>Totalt</i>	<i>783</i>	<i>40 285</i>



11.4 Det digitale cinemateket

Det digitale cinemateket er eit nettverksamarbeid mellom NFI ved Cinemateket i Oslo og dei seks regionale cinemateka i Bergen, Kristiansand, Lillehammer, Stavanger, Tromsø og Trondheim om digitale visingar av klassikarar og særleg verdifull ny film. Verksemda starta hausten 2008 som del av eit forsøksprosjekt. Det har vore ordinær drift i 2011 utanom juni til august med ein film i veka, finansiert av Film & Kino si støtte til dei regionale cinemateka. NFI har utført størstedelen av arbeidet med drifta. Alle filmene blir først viste samtidig på dei sju cinemateka, torsdagar klokka 18.00. Dei 33 filmene på programmet vart viste på i alt 465 framvisingar, 30 av dei i filmklubbar og andre visingsstader utanom cinemateka.

Frå 2011 er nemninga Torsdagsfilmen teke i bruk om dei faste visingane på cinemateka kvar veke. Det er ein føresetnad at alle filmar som skal visast i Det digitale cinemateket, finst i høgkvalitets digitale kopiar i samsvar med DCI-standarden, som mellom anna krev 2k eller 4k biletoppløysing. Det er no eit rimeleg godt utval i klassisk film i digitalt kinoformat frå utlandet, og 26 klassikarar vart importerte i 2011. Det vart også vist seks nyare filmar. Dessutan vart det i samarbeid med Nasjonalbiblioteket laga digitale kinokopiar av den norske filmen, *Eddie & Suzanne*, for vising på cinemateka. HD-overføringar (streaming) av korte innleiingar til filmene frå ein av spelestadane til dei andre er gjennomførte med godt resultat frå Oslo framfor visingar av tre av filmene, to av dei ved regissørbesøk av britiske Duane Hopkins (*Better Things 2008*) og svenske Pål Hollender (*Finding Ali 2011*).

Torsdagsfilmen er marknadsført ved fire eigne programhefte, nettsidene torsdagsfilmen.no, samkøyrde rubrikkannonser i regionavisene og lokalt av spelestadene. Satsing på utvida informasjon og marknadsføring har i 2011 ført til ein monaleg oppgang i besøket på filmene.

11.4 | a Framvisingar i Det digitale cinemateket

Type	2009	2010	2011
Digitale filmar	31	29	33
Streaming av innleiingar	5	4	3
Visingar utanom cinemateka	16	14	30
Visingar i alt	325	349	465
Tilskodarar	4 036	3 004	7774

11.5 Filmmuseet og utstillingar

Å presentere alle utstillingar i Filmens Hus på NFIs nettsider har vore eit viktig moment i formidlingsarbeidet. Presentasjonane på nettsida omfattar både filmklipp og stillbilete henta frå utstillingane, og dessutan samanbindande og forklarande tekstar. Gjennom desse "virtuelle" utstillingane på nfi.no har også publikum utanfor Oslo-området fått tilgang til utstillingane som har vore haldne på Filmens Hus.

Filmmuseet er bygd opp rundt filmens historie frå tidleg byrjing og fram til i dag I kinomatografen i museet blir det vist både arkivfilm og nye norske kortfilmar. Filmmuseet vart opna da NFI flytta inn i Filmens Hus i 1996 og har ei jamn tilstrøyming av besøkjande.

NFI har fleire utstillingsarenaer der det blir vist temporære utstillingar med tema frå filmhistoria og norsk filmproduksjon i dag. Tolv temporære utstillingar har òg blitt organiserte av museet, dei fleste av dei via filmkunstnarar og viktige enkeltfilmar. Eit tidlegare lager i nær tilknytning til resepsjonsarealet i første etasje i Filmens Hus vart i løpet av hausten 2011 gjort om til utstillingsrommet Filmgalleriet og opna med utstillinga "Norsk spillefilm 100 år". NFI har i 2011 arrangert tre større utstillingar:

"Norsk spillefilm 100 år" belyser ulike sider av norsk film gjennom fire overbyggjande tema – frå femtitalets husmorkomediar til bygdefestar anno 2011, frå hyllest av krigsheltar til vonde forteljingar om tyskarungar, frå kokett stumfilmflørting til halsbrekkande partnerbyte. Utstillinga byr på film og stillbilete og blir bunden saman av rekvisittar frå norske filmar. Ho vart opna av kulturminister Anniken Huitfeldt 1. desember 2011 og skal stå til 1. mai 2012.

Utstillinga av Arild Kristos fotoarbeid vart opna hausten 2011. I tillegg til å vere filmskapar tilhørde Kristo ei gruppe anerkjende fotografar som gjekk under namnet Manité, og som hadde stor påverknadskraft på 60-talet. NFI stilte ut eit utval av Kristos beste fotografi i samband med utgivinga av filmane hans på dvd (sjå nedanfor). Utstillinga inkluderte fotografi frå Europa og Amerika, tekne i perioden 1961-1965. Utstillinga var open i Galleriet frå 8. mai til 15. november 2011.

Tatsumi – utstilling av mangakunst. Filmen *Tatsumi* er ein hyllest til den japanske mangakunstnaren Yoshihiro Tatsumis liv og verk. NFI arrangerte i samarbeid med Film fra Sør ei utstilling av nokre av arbeida hans. Utstillinga vart halden i foajéen i andre etasje i Filmens Hus frå 7. til 16. oktober

11.6 Norske spelefilmar viste på fjernsyn i Noreg

Fjernsyn er ein viktig formidlingskanal for norsk kinofilm. I 2011 såg (minst) 10,7 millionar menneske norske kinofilmar på ukoda norske fjernsynskanalar. Det er 3,7 gonger så mange som såg norske filmar på kino i fjor.

Det er dei norske allmennkringkastarane NRK og TV2 som står for det vesentlege av formidlinga av norsk kinofilm via tv-skjermen. Andre kringkastarar viser berre minimal interesse for å programmere norske filmar.

Speleplanane frå fjernsynsstasjonane viser at tilbodet omfattar film frå eit forholdsvis langt tidsrom, med jamleg vising av titlar frå heile etterkrigstida. Kringkastarane sitt bidrag til formidling av filmarven kan dermed knapt undervurderast, men det kan på den andre sida ikkje sporast noka programpolitisk linje i tilbodet av eldre filmar. NRK står i denne samanhengen fram som meir eklektisk enn TV2, som i stor grad konsentrerer seg om klassiske folkekomediar.

11.6 | a Norske kinofilmar på norske fjernsynskanalar 2009–2011. Sjøartal: univers 2/3–11, univers 12+³¹

	2009		2010		2011	
	Titlar	Sjåarar	Titlar	Sjåarar	Titlar	Sjåarar
NRK hovudkanalen	35	5 347 000	38	4 800 000	45	5 343 000
NRK2	11	561 000	21	961 000	30	1 121 000
NRK3/Super	8	402 000	12	666 000	16	1 256 000
TV2 hovudkanalen	20	4 656 000	13	903 000	20	2 094 000
TV2 Zebra	6	320 000	16	794 000	16	840 000
TV2 Filmkanalen	1	-	4	541 000	21	-
TV2 Bliss*	n/a	n/a	n/a	n/a	2	32 000
TVNorge	-	-	-	-	2	-
TV1000**	-	-	-	-	-	-
Samla norske fjernsynskanalar	81	11 286 000	104	8 665 000	152	10 686 000

* I drift frå 17.10.2011 **Frå 1.3.2012 Viasat Film

Kjelde: NFI/NRK/TV2/FilmLex

Ei oversikt over marknadsdelen til kanalane i 2010 (seinaste tilgjengelege tal) viser at NRK samla 40,9 % av sjåarane over 12 år, TV2 dekte 26,5 %, TVNorge 7,3 % og TV1000/Viasat 3,7 % (inkluderer alle programpakkar). Kategorien "andre" (medrekna TV3 og TVNorges sekundærkanalar Fem og Max, som alle sender frå Storbritannia) stod for 21,7 % (Medienorge/Synovate MMI/TNS Gallup).

Av NRKs årlege allmennkringkastarrekningsrapport og TV2s årsmeldingar går det fram at det samla forbruket av spelefilm (norske og utanlandske) i dei to kanalane var 916 titlar i 2009 og 1 042 titlar i 2010.³² Tilsvarende data for dei andre kanalane manglar.

I programprofilen til kanalane (sjå <http://medienorge.uib.no/?cat=statistikk&medium=tv&queryID=136>) er vising av kinofilm ikkje registrert særskilt. NFI har derfor henta inn opplysningar om dette frå NRK og TV2 og analyserer dei nedanfor. TVNorge og TV1000/Viasat oppgir at slike data ikkje lèt seg skaffe for deira kanalar.

³¹ Fjernsynsmålingar delar sjåarane inn i "univers", som omfattar alle i ei viss aldersgruppe som har tilgang til kanalen.

³² TV2 har berre oppgitt talet på titlar for hovudkanalen.

Norske spelefilmar på NRK

Alle NRKs tre kanalar – NRK1, NRK2 og NRK3/NRK Super – sender norsk kinofilm som del av programtilbodet. Til saman nådde NRK 7,7 millionar sjåarar med dei 91 norske filmvisingane sine i 2011. Sjåartalet inneber ein auke på 20,1 % frå 2010, mens NRKs forbruk av norsk kinofilm gjekk opp med 28,2 %. NRK har gradvis auka forbruket sitt av norsk kinofilm over dei siste tre åra. Auken er nokså jamt fordelt over dei tre kanalane. Sjåartalet viser ei tilsvarande positiv utvikling over tid.

Norske kinofilmar utgjorde i 2009 9,1 % av talet på filmtitlar viste på NRKs tre kanalar. I 2010 var prosentdelen norske kinofilmar 9,7 %. Tal for 2011 manglar foreløpig.

11.6 | b Norske kinofilmar på NRK 2009–2011. Sjåartal: 2–11, univers 12+

	Titlar*	2009 Sjåarar	Titlar*	2010 Sjåarar	Titlar*	2011 Sjåarar
NRK1	35	5 347 000	38	4 800 000	45	5 343 000
NRK2	11	561 000	21	961 000	30	1 121 000
NRK3/Super	8	402 000	12	666 000	16	1 256 000
Samla NRK	54	6 310 000	71	6 427 000	91	7 720 000

*Enkelte titlar kan ha vore viste som reprise. Visningane tel i så fall som fleire titlar.

Kjelde: NFI/NRK

NRKs filmrepertoar speglar kanalens oppdrag som allmennkringkastar. Filmvalet viser ein blanding av "kjent og kjært" og sentrale filmverk frå den norske filmarven, supplert med eit utval filmar frå dei seinare åra. I filmlistene figurerer ikkje berre klassiske komediar og kjende titlar. NRK står òg fram som eit "cinematek for folket", med seriar av (nær sagt alle) filmene til filmskaparar som Edith Carlmar, Arne Skouen og Pål Bang-Hansen på spelelistene i 2011, i tillegg til filmar av bl.a. Tancred Ibsen, Anja Breien, Erik Gustavson og Torun Lian.

Knerten (2009) samla i alt 666 000 sjåarar på to visingar på NRK1 og to på NRK3/Super i løpet av året og vart dermed årets mest sette norske kinofilm på NRK.

Kanalprofilar

På hovudkanalen NRK1 vart det i 2011 vist 45 filmtitlar, nesten like mange som på dei to andre kanalane til saman. Filmene spenner i tid frå 1942 til 2009. Vel 5,3 millionar sjåarar følgde filmene på NRK1 i 2011. Ei fullstendig oversikt over norske kinofilmar viste på NRK1 finst i vedlegg 3.

Ikkje overraskande samla *Max Manus* (2008) nær 600 000 sjåarar da filmen vart vist 22. januar. Det er omtrent halvparten så mange menneske som såg filmen på kino i 2008–09. Også *Reisen til julestjernen* (1976) samla mange sjåarar – vel 560 000 – da han vart vist på julaften. Filmene har overteke den rolla *Tante Pose* tidlegare hadde som "obligatorisk" juleframsyning på fjernsyn. "Gjensynsfaktoren" synest å vere høg blant filmar med høgt sjåartal på NRK1: *Skulle det dukke opp flere lik, er det bare å ringe* (1970), *Knerten* (2009), *Mors Elling* (2003), *Elling* (2001) og *37 ½* (2005) kunne alle notere meir enn 300 000 sjåarar.

Meir uventa er det kanskje at Bent Hamers *O'Horten* (2007) vart sett av nær ein kvart million sjåarar på forholdsvis sein kveldstid laurdag 4. juni – og av ytterlegare 15 000 på formiddagstid dagen etter. På kino vart filmen sett av snautt 33 000 personar.

NRK2s filmprofil står fram som meir eklektisk. Det er på denne kanalen ein finn eit knippe av filmene til Edith Carlmar, Arne Skouen og Pål Bang-Hansen, så vel som filmverk av Tancred Ibsen, Anja Breien og Torun Lian. NRK2 programmerte i 2011 også dei to filmene som er blitt emblematiske for den såkalla "helikopterperioden" i nyare norsk film – *Orions belte* (1985) og *Etter Rubicon* (1987). Vel 1,1

millionar menneske såg 30 norske filmar på NRK2 i 2011. Ei fullstendig oversikt over norske kinofilmar viste på NRK2 finst i vedlegg 3.

NRK3/NRK Super vender seg særleg til barn og unge, og filmrepertoaret speglar dette, gjennom visingar av *Knerten* (2009), *Reisen til julestjernen* (1976) og *Håkon Håkonsen* (1990). Men tyngdepunktet i filmrepertoaret på kanalen ligg likevel på eit noko eldre publikum, med blant anna *Den siste revejakta* (2008) og *Izzat* (2005) som eksempel på filmar med målgruppe "unge vaksne". Mest sett på kanalen i 2001 var *Pittbullterje* (2005) og *Fatso* (2008), med vel 100 000 sjåarar kvar. Godt og vel 1,2 millionar sjåarar såg 16 norske filmar på NRK3/NRK Super i 2011. Ei fullstendig oversikt over norske kinofilmar viste på NRK3/NRK Super finst i vedlegg 3.

Norske spelefilmar på TV2

Innanfor TV2s kanaltilbod sender fire kanalar³³ kinofilm – TV2 (hovudkanalen), TV2 Zebra og TV2 Filmkanalen, og dessutan TV2 Bliss, som kom på lufta frå oktober 2010 og er sikta inn mot marknadssegmentet "unge kvinner". TV2 har oppgitt sjåartal for hovudkanalen, Zebra og Bliss, men opplyser at "seertall [er] ikke tilgjengelige" for filmkanalen.³⁴ Legg vi likevel dei rapporterte tala til grunn, viser samanfatninga at norske kinofilmar oppnådde å samle så vidt i underkant av 3 millionar tilskodarar i 2011 på dei tre TV2-kanalane. Dette er klart betre enn i 2010, men ligg langt tilbake for det samla resultatet i 2009, da nær 5 millionar sjåarar såg norsk film på TV2.

Men TV2 har auka forbruket sitt av norsk film betydeleg siste år, frå 33 filmar i 2010 til 59 i 2011. Auken kjem først og fremst av at det har vore vist fleire norske filmar på TV2 filmkanalen.

Norske kinofilmar utgjorde i 2009 4,1 % av talet på filmtitlar viste på TV2s hovudkanal. I 2010 utgjorde norske kinofilmar 6,5 % av filmtilbodet. Tal for 2011 manglar foreløpig.

11.6 | c Norske kinofilmar på TV2 2009–2011. Sjåartal: univers 3–11, univers 12+

År	2009		2010		2011	
	Filmtitlar*	Sjåarar	Filmtitlar*	Sjåarar	Filmtitlar*	Sjåarar
TV2 (hovudkanalen)	20	4 656 000	13	903 000	20	2 094 000
TV2 Zebra	6	302 000	16	794 000	16	840 000
TV2 Filmkanalen	1	-	4	541 000	21	-
TV2 Bliss	-	-	-	-	2	32 000
Samla TV2	27	4 958 000	33	2 294 000	59	2 966 000

Enkelte titlar kan ha vore viste som reprise på same kanal. Visingane tel i så fall som éin tittel.

Kjelde: NFI/TV2

³³ TV2 Nyhetskanalen, TV2 Sport og TV2 Barclay's Premier League, og dessutan TV2 Sumo, er ikkje relevante for rapportering om tilgjengeleggjering av norsk film.

³⁴ Sidan data for filmkanalen manglar, er det vanskeleg å samanlikne med resultatata frå 2010. I 2009 mangla også oppgaver over sjåartal på filmkanalen, men den gongen vart det berre vist éin norsk film, og det gjer det enda meir komplisert å samanlike med 2009.

Kanalprofilar

Nyare kinofilmar og klassiske folkekomediar dominerer programmeringa av norske filmar på TV2s hovudkanal. Dette mønsteret fell saman med programmeringa i 2010, sjølv om innslaget av meir seriøse vaksenfilmar er noko sterkare enn i fjoråret. Tre av filmene er utprega barnefilmar, og éin er ein ungdomsfilm. Ei fullstendig oversikt over norske kinofilmar viste på TV2s hovudkanal finst i vedlegg 3.

I alt viste TV2 hovudkanalen norske filmar 24 gonger i løpet av 2011 (inkludert reprisar). Ti av visingane skjedde i jule- og nyttårshelga, mens to visingar skjedde i påskeveka. Halvparten av TV2 hovudkanalens visingar av norske filmar var altså lagde til dei store høgtids- og ferieperiodane. Felles for desse visingane er at dei for det aller meste skjedde på morgon- eller tidleg ettermiddagstid, noko som indikerer at TV2 særleg har hatt barn som målgruppe.

Ikkje uventa samla *Flåklypa Grand Prix* flest sjåarar, med over ein halv million sjåarar på første juledag. Ytterlegare fem filmar vart sett av over 100 000 personar. Mest overraskande er truleg publikumsoppslutninga (112 000 sjåarar) om Mattias Armand Jordals relasjonsdrama *Saman*, ein film som berre vart sett av 13 482 personar på kino.

I alt 16 oppsetjingar av norske kinofilmar skjedde på TV2 Zebra i 2011. Ingen av dei var reprisar frå same kanal, men alle Olsenbande-filmene, og dessutan *Død snø*, *Fritt vilt II*, *Lange flate ballær 2*, *Uro* og *Flåklypa Grand Prix* var reprisar frå andre TV2-kanalar. Med unntak av *5 løgner* (og kanskje *Flåklypa Grand Prix*) kan dei norske filmene viste på TV2 i 2011 seiast å falle i to breie grupper – komediar og "spenningsfilm". Dette er same mønster som vart påvist for programprofilen på TV2 Zebra i 2010. Ei fullstendig oversikt over norske kinofilmar viste på TV2 Zebra finst i vedlegg 3.

Så å seie alle norske filmar på TV2 Zebra gjekk i *prime time* (kl. 1900–2200), men sjåaroppslutninga for dei repriseviste filmene er likevel vesentleg lågare enn for eksempel på hovudkanalen. Om dette kjem av at TV2 Zebra er mindre utbreidd enn hovudkanalen, eller om det har samanheng med at interessa går ned frå første gongs vising til reprisen, er vanskeleg å seie.

I 2010 kunne TV2 Filmkanalen notere 541 000 sjåarar på fire norske filmtitlar, fordelt på 16 ulike visingar. I 2011 har oppsetjinga av norske filmar på kanalen auka betydeleg: Talet på filmtitlar har auka til 21 og talet på visingar til 58.³⁵ Ei fullstendig oversikt over norske kinofilmar viste på TV2 Filmkanalen finst i vedlegg 3.

TV2 filmkanalen står fram, som i tidlegare år, som reprisekanal for filmar viste på TV2 hovudkanalen. Berre tre filmar er viste berre på TV2 filmkanalen i 2011 – *Halvveis til Haugesund*, *Heftig og begeistret: På sangens vinger* og *Ulykken*. Filmtilbodet i kanalen blir dominert totalt av *Olsenbande*-filmar (12 titlar), som stod for 42 av dei i alt 58 visingane av norske filmar på TV2 i 2011. I 2010 var same filmserie dominerande på TV2 Zebra. Høgast tal på visingar hadde *Død snø* og *Jernanger* (fire visingar kvar).

TV2 Bliss er siste tilskott til TV2s programportefølje og har unge kvinner som primær målgruppe. Kanalen begynte å sende i oktober 2010. Den har berre programmert to norske filmar i 2011, samlivskomediane *Marias menn* og *Mars og Venus*.

³⁵ Dersom vi reknar med at samla sjåartal for norske filmar på TV2 filmkanalen har var stabilt frå 2010 til 2011, dvs. at forholdstalet mellom talet på oppsetjingar, generell auke i sjåaroppslutning om norske filmar på TV2 og talet på sjåarar av norske filmar på TV2 filmkanalen er det same i 2011 som i 2010, kan sjåartalet for norske filmar på TV2 filmkanalen estimerast til ca. 2,5 millionar i 2011. Men desse føresetnadene er det ikkje mogleg å etterprøve, og estimatet er derfor ikkje teke inn i tabell 6.9.2 a).

Norske kinofilmar på andre kanalar

Dei to norske kanalane som til vanleg ikkje blir definerte som allmennkringkastarar, TVNorge og TV1000 (no Viasat Film), fortset etter alt å dømmе å vise lite interesse for norske kinofilmar. I filmdatabasen FilmLex er det berre registrert to visingar av norske kinofilmar på TVNorge i 2011 – *Reprise* (2006, vist 7.1.11) og *Switch* (2007, vist 30.12.11). NFI manglar ressursar til å undersøkje kor mange sjåarar dei to visingane representerer.

TV1000 har over det siste tiåret utvikla seg frå ein frittstående tv-kanal til eit element i MTGs Viasat-pakketilbod. Utviklinga har medført at kanalen no i hovudsak streamar kinofilm, både under eige merke og frå parallelle kanalar, til kundane på abonnementsbasis. Namneskiftet til Viasat Film er i så måte symptomatisk.

NFI har ikkje tilgang til data om norske kinofilmar viste innanfor TV1000/Viasat Film-tilbodet. Stikkprøvar i programlistene antydar at norske filmar kan utgjere 3-5 % av tilbodet av titlar. Det er ikkje mogleg å få oppgåver over, eller anslå med rimeleg presisjon, kor mange sjåarar som i praksis ser norske kinofilmar gjennom TV1000/Viasat Film. Tilveksten av klikkefilmtilbodet Viasat Play har ytterlegare forsterka preget av TV1000/Viasat Film som ei spesialisert betalteneste. NFI viser derfor til det arbeidet som Kulturdepartementet for tida utfører med å leggje om avgiftssystemet for film (Aftenposten 20.1.2012). Ei formålstenleg registrering av talet på nedlastingar innanfor rammene av eit avgiftssystem for klikkefilm vil kunne gi eit betre bilete av forbruket av norske kinofilmar blant TV1000/Viasat Films kundar og på andre, liknande plattformer.

12 Filmkultur for alle: resultatmål 4C

Ein sterk posisjon blant barn og unge som filmpublikum og filmskaparar, både i skole og fritid.

NFI har i 2011 teke fleire nye initiativ for å styrkje arbeidet vis-à-vis barn og unge.

NFI og Film & Kino har i 2011 arbeidd med ein gjennomgripande revisjon av Handlingsplanen for filmsatsinga på barn og unge.

NFI støtta i 2011 talentseminaret ved Amandusfestivalen, eit landsdekkjande tiltak for unge filmskaparar.

Filmport.no tilbyr rettleiing til unge mellom 13 og 23 år som lagar film sjølve. Portalen blir driven av NFI i samarbeid med dei regionale filmsentra.

NFIs nettbaserte teneste filmrommet.no gir bibliotek og skolar tilgang til den norske filmarven.

Cinematokets barneframsyningar har fått ny profil. Tiltaket heiter no "Barnas Cinematek" og viser film for gruppa 3-5 år og 5-8 år kvar laurdag og søndag, med nær 4 800 besøk i 2011.

Innanfor rammene av Den kulturelle skolesekken er det arrangert omvisingar i Filmmuseet (3. klassetrinn) og animasjonsverkstader (6. trinn) med vel 2 800 elevar som deltakarar. I tillegg har NFI stått for 63 filmvisingar for 1 100 barnehage- og førskolebarn, i tillegg til 12 filmvisingar med foredrag for 700 elevar i vidaregåande skole.

12.1 Tiltak for å nå målet om ein sterk posisjon blant barn og unge

NFI jobbar aktivt med dei oppgåvene som er pålagde instituttet gjennom handlingsplanen for filmsatsing på barn og unge. Arbeidet med handlingsplanen blir følgt opp vidare av NFI og Film & Kino. I 2012 blir det lagt fram ei revidert utgåve til høyring hos dei regionale filmsentra og andre regionale aktørar som jobbar med barn og unge.

Utvikling av NFIs nettsider retta inn mot barn og unge har lenge vore eit prioritert arbeidsområde. Dei som vil ha informasjon om Filmmuseet, Barnas Cinematek, både lærarar og filmformidlarar, vil no ha enda større glede av www.nfi.no.

NFIs tilbod på nasjonalt nivå spenner frå det digitalt mangfaldige til det praktisk nyttige. Felles for tilboda er at dei har ein klar profil mot å gi barn og unge opplæring, rettleiing og erfaring i omgang med levande bilete.

I tilknytning til Amandusfestivalen støtta NFI talentseminaret "Fra ung og lovende til etablert filmskaper?". Seminaret var delt inn i tre delar som tok for seg "Det unge filmlandskapet", "Talenter" og "Norsk films framtid". Fleire aktørar frå bransjen fortalde om unges moglegheiter og vegar inn i filmbransjen, om ulike utdanningsinstitusjonar og om produksjonsmoglegheiter for unge talent i dag.

Animasjonsboksen er ein verktøykasse for å demonstrere grunnleggjande animasjonsteknikkar. Boksen er blitt eit viktig bidrag til at barn skal kunne få auka filmforståing og kunne produsere film sjølve. NFI sel animasjonsboksen til animatørar, skolar og kulturinstitusjonar over heile landet. I 2011 selde NFI over 40 animasjonsboksar.

Filmport.no er ei norsk vidareføring av det nedlagde nordiske prosjektet dvoted. Filmport.no skal vere ein landsdekkjande arena der unge filmskaparar mellom 13 og 23 år kan laste opp filmene sine, få oppfølging og komme i kontakt med filmbransjen. Filmport.no vart utvikla i samarbeid med dei regionale filmsentra og støtta av NFI som eit filmkulturelt tiltak for barn og unge. Filmport.no skal vere landsdekkjande og tilgjengeleg for alle unge filmskaparar som måtte ønskje å ta det i bruk.

Tilbodet i Filmens Hus

Tilbodet til barn i Filmens Hus har fått nytt namn og heiter Barnas Cinematek (BC). Dette er eitt av tiltaka knytte til hovudmåla i handlingsplanen for Barn og Unge 2009–2011: å sikre tilgang til eigenaktivitet og gode filmopplevingar med breidd og mangfald i uttrykket. Namnebyttet frå Lillebil Filmklubb til BC er gjort for å kommunisere tydelegare kva vi gjer, og kvar vi held til.

Helgevisingane i BC, barnehagevisingar i Barnas Filmrom, omvisingar i Filmmuseet og kurs knytte til Den kulturelle skolesekken (DKS) er dei viktigaste tilboda som markerer Filmens Hus som eit senter for formidling av film retta inn mot barn og unge. I tillegg har NFI ei rekkje foredrag retta inn mot vidaregåande skole. Filmrommet.no gir skolar og bibliotek tilgang på den norske filmarven. Filmport.no er i tillegg NFIs fremste verktøy i målet om å tilby filmfagleg rettleiing og ta vare på nye talent i norsk film.

12.1 | a Besøk Barnas Cinematek og Cinematek UNG

	Besøk 3-5 år (Barnas Filmrom)	Besøk 5-8 år	Besøk 9-13 år (UNG)
2011 totalt	1 436	3 145	249

BC starta 15. januar med visingar for aldersgruppa 5-8 år. Samtidig opna Barnas Filmrom visingar for aldersgruppa 3-5 år. Mens Lillebil filmklubb hadde meir sporadiske visingstidspunkt, arrangerer BC ei fast dobbelvising av ein film for begge aldersgruppene til faste tider kvar laurdag og søndag.

I 2010 selde Lillebil filmklubb ca. 1 750 billetter, mot ca. 820 billetter i 2009. I 2011 selde BC 3 145 billetter for barn mellom 5 og 8 år og 1 436 for dei minste barna mellom 3 og 5 år. Dei to aldersgruppene har hatt 78 visingar kvar, mens Lillebil filmklubb hadde 58 visingar. I 2011 har BC presentert fire førpremierar, i tillegg til seks barnediskoar knytte til helgas filmvisingar.

Tilbod til skoleverket

NFI retter ei rekkje tilbod mot førskole og skoleverk. Vis-à-vis grunnskolen er tilbod innanfor rammene av Den kulturelle skolesekken (DKS) aktuelle, mens tilbod overfor førskole og vidaregåande skole har meir frittstående karakter.

For barnehagar og aktivitetsskolar er det gjennomført 63 filmvisingar som har samla ca. 1 100 barn. Barnas filmrom har blitt ein veileigna stad for mindre gruppebesøk. Barnehagane får her egne filmvisingar, og det blir tilbode barnevennlege utstillingar og aktiviteter.

NFI har for skoleåret 2011/12 fått tilslag på to filmtilbod gjennom Den kulturelle skolesekken i Oslo. I løpet av dette skoleåret blir det gjennomført besøk av ca. 700 elevar fordelt på følgjande kurs: 16 Filmdetektiven (detektivarbeid og omvising i Filmmuseet) for 3. trinn og 16 Klikk flytt-klikk (animasjonsverkstad, vising av norske animasjonsfilmar og omvising i Filmmuseet) for 6. trinn. I skoleåret 2010/11 fekk NFI tilslag på 4 DKS-tilbod der det deltok ca. 1 300 elevar.

For vidaregåande skole er det arrangert tolv visingar og filmfaglege foredrag som har samla totalt 794 elevar. Av høgdepunkt kan vi nemne foredrag om film og spel av Stig Andresen, Limboland, Nansen – bare et liv med innleiing av Sarah Brink.

I samarbeid med Astrup Fearnley Museet og deira ungdomsgruppe Ukaf har NFI laga eit prosjekt kalla VideoBoks. I VideoBoks får ungdom høve til å gjere sine egne refleksjonar rundt kunstfilm, gjennom ein serie seminar, kurs og workshops på Astrup Fearnley og i Filmens Hus.

12.1 | b Besøk barn og unge i Filmmuseet og Den kulturelle skolesekken

	2010	2011
Barn og unge i filmmuseet	2 240	1 834
Den kulturelle skolesekken	Ca. 1 300	1 017

13 Rekneskap for 2011 med forklaring på avvik

13.1 Driftsrekneskap 2011

